

Samtalar og opne sår

Om den samtalebaserte podkastinga sitt bidrag til intimiseringa av den amerikanske offentlegheita



Alexander Breidvik

Masteroppgåve i medievitenskap

Desember 2017



UNIVERSITETET I BERGEN
Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Takk

Eg må nytte høvet her til å takke min rettleiar Lars Nyre. Du var alltid positiv, interessert og tilgjengeleg. Kvar gong eg kom ut frå rettleiing hadde eg meir trua enn når vi starta, og det ga alltid gode resultat i form av sider skrivne og sider lest.

Eg vil også takke mine foreldre for god støtte, og alle rundt meg som måtte halde ut med maset om Marc Maron og podkatar.

Innhald

Abstrakt	4
1.0 Innleiing	5
2.0 Bakgrunn	8
2.1 Marc Maron	8
2.2 Liknande podkastar	9
2.3 Liknande studiar	10
2.4 Talkshowet i USA	11
2.5 Talkshowverter på amerikansk TV	13
3.0 Teori	16
3.1 Offentleg intimitet	16
3.2 Nye medium og radioen	21
3.3 Podkasting	24
3.4 Podkast som arena for intimitet	28
3.5 Klassisk intervjueteknikk med fokus på Sawatskys metode	29
3.6 Samtalen	35
3.7 Marc Marons metode	44
4.0 Metode	47
4.1 Case-studie	47
4.2 Tekstanalyse	48
4.3 Tekstutval	48
4.4 Metodiske svakheiter	51
5.0 Intervju som metode for offentlig intimitet	52
5.1 Har vi byrja?	52
5.2 Om eg forstår deg rett	56
5.3 Samtalegrep	64
5.4 Konfliktløysar og provokatør	66
5.5 Ei tydeleg stemme i samtalen	75
5.6 Sauegjetaren	82
5.7 Maron vs. Sawatsky	85
5.8 Terapeuten	93
5.9 Menn som snakkar med menn	98
6.0 Oppsummering	101
Kjelder	102
<i>WTF with Marc Maron</i>-episodar brukt i oppgåva	110
Vedlegg	113

Abstrakt

Denne masteroppgåva kjem til å vise korleis Marc Maron ved hjelp av intervju på podkasten WTF with Marc Maron bidrar til ein intimisering av den amerikanske offentlegheita.

Bakgrunnskapitlet fortel oss kven Marc Maron er, tek føre seg podkaster ein kan samanlikne WTF with Marc Maron med, ser på liknande studiar og gir eit kort overblikk over talkshowet i USA. Hovuddelen ser på dei viktigaste aspekta ved denne oppgåva: Offentleg intimitet, podkasting, journalistisk intervjuteknikk og samtalen. Analysen skal ved hjelp av tolv episodar frå podkasten WTF with Marc Maron vise korleis Marc Maron, ved hjelp av eit sett teknikkar frå tradisjonell, journalistisk intervjuteknikk og samtalen, og ved å utnytte fordelane ved podkastmediet, bidrar til ein intimisering av offentlegheita.

1.0 Innleiing

Då eg starta arbeidet med denne oppgåva ønska eg å sjå nærare på det Kelli Marshall i ein artikkel frå 2013 kalla for *comic conversations*. Veldig enkelt forklart er dette er ein form for intervju eller samtale som tek stad på podkaster. I rolla som intervjuar finn ein ofte kjende eller mindre kjende komikarar, og typisk for sjangeren er lange flater med uavbrotne intervju eller samtaler. Sakte, men sikkert, har desse podkastane blitt veldig populære og fått større betyding i amerikansk populærkultur. Når Marshalls artikkel vart skriven hadde podkasten WTF with Marc Maron 2,75 millionar nedlastingar gjennomsnittleg per måned og The Adam Carolla Podcast hadde nyleg satt verdsrekord for mest nedlasta podkast (Marshall, 2013). Når eg starta arbeidet fanst det svært få studiar både på podkaster og denne sjangeren spesielt. Personleg har eg lytta til denne forma for podkaster sidan 2012 og det fascinerte meg kor opne og intime intervjuobjekta tillot seg å vere. Eg stilte meg dermed spørsmålet: Kva er det som gjer at akkurat denne forma for intervju er så intime og personlege?

Eg har valt å fokusere på ein heilt konkret form for *intervjuteknikk* som eg har studert via ein case studie av 12 av episodane frå podkasten WTF with Marc Maron. Eg har fokusert kun på podkasten til Marc Maron. Han står i bresjen for denne nye forma for intervju, og er også ein mann som er svært medviten på sin eigen måte å intervjuje på. Podkasten hans er ein av dei mest populære i sjangeren (Jones, 2015). I denne oppgåva blir vi presentert for ein type intervjuteknikk som er svært forskjellig frå teknikkane utvikla av journalist og forfattar John Sawatsky og tradisjonelle ideal for kva eit godt intervju skal vere.

Teknikken vi skal sjå nærare på er prega av konfrontasjonar, brutal ærlegdom, men også små og store styringsmekanismer. Ein vil sjå Maron gjenta og omformulere gjestane sine ord og ta i bruk klassiske grep frå kvardagssamtalen for å skape intimitet og trygghet. Vi skal sjå korleis Maron i inngangen til intervjuvatnar ut skiljet mellom *on-air* og *off-air*, korleis han brukar podkasten for å løyse personlege konflikter med intervjuobjekta, og korleis han brukar si makt som intervjuar for å styre samtalane i riktig retning. Maron brukar eit sett teknikkar, som saman med settinga for intervjuvatnar og eigenskapar med podkasten som medium, har bidrege til ein ytterlegare intimisering av offentlegheita. Alt dette vil eg sjå nærare på i analysekapitlet.

I bakgrunnskapitlet skal vi bli introdusert for kven Marc Maron er, og kva som gjer at han er i den posisjonen han er i i dag. Vi skal også ta føre oss eit knippe liknande podkaster, sjå på liknande studiar, samt ta føre oss ein kort historisk gjennomgang av talkshowet i USA.

Marc Maron står for ein lite utforska form for intervju. I eit medium som podkasten har Maron fridomen til å legge opp samtalen slik han ønskjer, ofte i sin eigen garasje, utan å måtte ta omsyn til strenge tidsavgrensingar, i eit usjenerande miljø der ein berre finn han og intervjuobjektet. Her er ingen kamera som zoomar inn om tårer pressar seg fram, ingen lyssetting og kameramenn. Dette har lagt til rette for svært personlege intervju, med ein open og utleverande Maron som i høgste grad er synleg i intervjuet. Ikkje berre som han som stiller spørsmål, men også som han som deler historier om seg sjølv. Når Larry King fortel om ordet «eg» som eit fyord for han, er det motsett for Marc Maron (King, 2013).

Når vi kjem til teorikapitlet skal vi sjå nærare på ulike teoriar rundt offentleg intimitet. Her skal vi også ta føre oss kva ein podkast er og kva rolle podkasten har som arena for intimitet. Vi skal sjå nærare på ulikskapar i samkjønna samtalar med mellom menn og kvinner, nettopp for å sjå korleis Maron stillar seg til klassisk samkjønna samtalar. I analyseutvalet finn vi tolv intervju der alle intervjuobjekta er menn. Sjølv om det ikkje vil vere hovudfokus i denne oppgåva, er det likevel eit aspekt eg skal sjå nærare på.

I analysen kjem eg som nemnt til å gå i djupna i denne forma for intervju, samanlikne Maron sin intervjuteknikk med det journalistiske intervju og samtaleteori, sjå etter likskapar og ulikskapar, samt sjå på kva som gjer det mogleg å få til akkurat dette. Eg vil legge spesielt fokus på korleis podkasten som medium legg til rette for dette. I tillegg skal eg sjå nærare på kjønnspektivet i det heile, kva som skil den klassisk mannlege og kvinnelege samtalen, og korleis Maron veksler mellom desse to typane.

Kombinasjonen billig produksjon og lett distribusjon har gjort forma for podkasting utbreitt, og etterkvart ganske så populær. Det blir sagt at komikarane er vår tids punkrockarar, og på ein plattform som podkasten finns det ingen grenser for kva tema ein kan snakke om eller kva ord ein kan seie (Marshall, 2013). Om denne forma for intervju-podkaster som vi skal ta føre oss skriv Steve Heisler (2012) i A.V. Club:

«Listeners overhear conversations among friends taking place in a cozy setting, instead of in a large room within the normal constraints of stand-up comedy. The audience on those podcasts is a distant, nebulous entity, so the comedians come across as more genuine, even when they're simply goofing around.» (Heisler, 2012)

Eg kjem i analysen til å vise at Marc Maron brukar heilt konkrete teknikkar for å gje oss som lyttarar inntrykk av at vi lyttar til ein privat samtale.

Det har vore openbart for meg gjennom denne oppgåva at med utgangspunkt i podkasten *WTF with Marc Maron*, som har base i Los Angeles, så måtte det vidare fokuset ligge på amerikanske podkastar, og dermed amerikansk kultur. Så godt det har latt seg gjere har eg brukt amerikanske eksempel og fokusert på amerikansk offentlegheit. Dette vil vise igjen i teksten når vi skal sjå på talkshow-historia og talkshow-verter, radiomediet og podkasting.

Problemstillinga er formulert som følger:

Kva kjenneteiknar intervjueteknikken til Marc Maron, og korleis bidreg han til ein intimisering av amerikansk offentlegheit via podkastmediet?

2.0 Bakgrunn

I dette kapitlet skal vi bli betre kjent med komikar og intervjuar Marc Maron. Vi skal sjå nærare på podkastar som liknar på *WTF with Marc Maron*, samt sjå på nokre liknande studiar. På slutten av dette kapitlet ser vi på talkshowet i USA og også eit knippe talkshowvertar i USA som har vore toneangivande for talkshowsjangeren. *WTF with Marc Maron* representerer ein ny sjanger som må seiast å springe ut frå talkshowet på radio og TV, og med dette i botn kan vi sette den nye sjangeren i ein større kontekst.

2.1 Marc Maron

I 2009 såg ikkje framtida særleg lys ut for komikaren Marc Maron. Han var midt i ei skilsmisse og hadde nyleg fått sparken frå *Air America* (for andre gang). Pengar var det lite av og etter 25 år som komikar hadde det store gjennombrøtet til gode å kome. Ein vel respektert arbeidskomikar med fleire opptredenar på Conan, men dette trøsta ikkje ein mann som hadde gått inn og ut av terapi heile livet sitt. Ein tidlegare alkoholikar og stoffmisbrukar som følte av livet låg bak han starta ein podkast, mest for sin eigen del, for å snakke om sine problem og prøve å knyte band med tidlegare vennar og kjende. Endå ein form for terapi (Hankinson, 2012).

Dette var starten på podkasten *WTF with Marc Maron*. No, i 2017, har Maron allereie oppnådd til saman godt over 300 millionar nedlastingar (Brownstein, 2017), har gitt ut over 800 episodar *WTF with Marc Maron*, 2015a) og står bak ein av dei aller mest innbringande podkastane der ute (Gonsholt et al., 2014). Komikarar, skodespelarar, musikarar og mediefolk har vore i garasjen til Maron, der han spelar inn podkasten, og fortalt om livet sitt. I eit personleg heller enn profesjonelt miljø pratar Maron med sine vennar, gamle kjende og kollegaer i mediebransjen og med samtalebaserte intervju er det mange som er villige til å opne seg om mentale utfordringar, rusproblem og det som kanskje måtte tyngje akkurat der og då (*WTF with Marc Maron*, 2015a). Garasjen kan somme tider opplevast som ein skrifteboks. Utgangspunktet for samtalen er ofte liv og levnad, men Maron er villig til å ta samtalen dit der den måtte ønske å gå. Marc Maron har sjølv uttalt at det beste som kan skje er om gjestane gløymer at mikrofonen er der (Parkin, 2014). I løpet av dei over 800 episodane har mykje kome fram. Vi har blitt kjent med dei mørke sidene ved Robin Williams sitt liv, som fortalte opent om rusmisbruk og sjølv mordstankar då han var gjest (Nelson, 2013). Komikaren Todd Glass kom ut av skapet i ein alder av 47 år. Eit kjensletungt intervju med ein emosjonell mann

som hadde mykje på hjartet rundt homohets og verkelegheita for homofile i dag. Han fortalte dette om valet å stå fram med si seksuelle legning: «I cannot listen to stories about kids killing themselves any longer without thinking, 'When are you going to have a little blood on your shirt for not being honest about who you are?» (Luippold, 2012).

Då den tidlegare The Onion-skribenten Todd Hanson var gjest kunne han fortelje om sjølvmondsforsøk og tung depresjon. Eit av dei mørkaste og ærlegaste intervjuja på *WTF with Marc Maron* til dags dato (Nelson, 2013). Myta om den triste klovnem har berre blitt forsterka på Maron sin podkast, der eit utal av komikarar har fortalt om depresjonar, angst og ein stadig trong etter å bli stadfesta. Josh Eels (2012) prøver å forklare noko av grunnen til at så mange har valt å vere så opne med Maron. «(...) It's that after all his years of living that life—the touring, the drugging, the ex-wives, the failure—he's reached a point of brutal self-candor that makes people open up to him in a way they never would otherwise.» (Eels, 2012)

Suksessen med podkasten har blant anna resultert i han har gitt ut si tredje bok, *Waiting for the punch* (2017), og fått tv-serien *Maron* på IFC (Dunaway, 2013). Han har også landa ei sentral rolle i Netflix-serien *Glow* (Strause, 2017).

2.2 Liknande podkastar

I kjøtvatnet av WTF har det oppstått ei rekke ulike podkastar med fokus på intervjuet og den gode samtalen. Eg har valt å fokusere spesielt på nokre av dei eg kjenner best til personleg, og som liknar mest i forma på *WTF with Marc Maron*.

Frå USA og i det same komikarmiljøet starta Chris Hardwick podkasten *The Nerdist Podcast*, som seinare la grunnlaget for *Nerdist Industries*, som inkluderer ei rekke podkastar, ei nyheitsside om nerdekultur, ein YouTube-kanal med premiuminnhald, med meir. Podkasten har sidan starten basert seg rundt samtalar med komikarar og nemneverdige skikkelsar i nerdemiljøet, alt frå kjende Star Trek-skodespelarar til vitskapsmannen Neil Degrasse Tyson. Forma kan minne mykje om eit radioshow, noko som kan forklarast av Chris Hardwick sin bakgrunn frå blant anna radioprogrammet K-Rock. Det er ikkje dei djupe og tunge temaa som blir tatt opp her, men som intervjuar minner Hardwick om Maron ved at han er ei tydeleg stemme i samtalen og ikkje er redd for å snakke om seg sjølv.

Ein annan podkast ein finn i Nerdist-nettverket er *You Made It Weird with Pete Holmes*. Stikkordet for denne podkasten er religion, narkotika, spiritualitet, kjensler, og veldig mykje anna. Pete Holmes har sjølv sagt at han var inspirert av *WTF with Marc Maron* når han starta podkasten (Ayers, 2013). Som stand up-komikar er det naturlegvis mykje *riffing* og tøys mellom Pete Holmes og gjestane, men vanlegvis klarar han å få sine gjestar til å fortelje opent om store tema som livet etter døden og erfaringar med narkotika, mellom anna. Som Marc Maron har Pete Holmes lagt seg på ei linje der samtalen står i fokus. Dette er ikkje noko revolverintervju, men ein lang og avslappa samtale utan noko overhengande tidspress. Dei lengste episodane har bikka tre timar, og samtalen er vanlegvis ikkje over før den faktisk er over.

I Sverige finn ein den prislønna podkasten *Värvet* skapt av Kristoffer Triumpf, som også uttalt baserer seg på *WTF with Marc Maron*. Triumpf intervjuar svenske kjendisar i episodar som varer kring ein time, og på det meste har *Värvet* hatt 1,7 millionar lyttarar i månaden (Gonsholt et al., 2014). Triumpf har nok ikkje den same konfronterande stilen som Maron, og intervjuja opplevast som rolegare. Likevel er det mange likskapar til Maron sin podcast.

Av amerikanske komikarar som har sin eigen podkast no kan ein nemne Joe Rogan, Joey Diaz, Scott Aukerman, John Hodgman, Bert Kreischer, Adam Carolla, Jimmy Pardo, Hannibal Buress og Jim Jeffries, blant fleire andre (Podbay.fm, u.å.). Felles for desse podkastane er at dei blant anna består av komikarar som pratar med andre kjendisar.

2.3 Liknande studiar

Eg har ikkje lukkast i å finne så mange gode studiar i intervjuteknikk spesielt, og spesielt ikkje denne forma for intervju. Når det gjeld temaet mitt, der eg fokuserer på Marc Maron sin podkast, finns det ei oppgåve frå University of Wisconsin-Milwaukee av Stephen Kohlmann (2014) med namn «*So, Are We Good?*» *the Emerging Sensitive New Man Movement in the Boys' Club of Stand-up Comedy* som med fokus på komikarane Louis C.K. og Marc Maron ser nærare på det forfattaren kallar «*the new man comedian*». «*The new man comedian*» er i større grad ein semi-biografisk historieforteljar som blandar sitt private liv inn i framføringa, om det skulle vere standup eller tv-seriar. Det er ein open og ærleg tilnærming til komedie, og ganske fjernt frå det ein kjenner frå komikarar som Dane Cook og Jerry Seinfeld (Kohlmann, 2014, s. 3-4). Kohlmann skriv blant anna:

«(...) the confessional storytelling style breaks proverbial boundaries between the audience and the performer, in addition to paving the way for a far more expressive and sensitive comic. This movement has become highly influential on popular comics of the current era, and while the style itself is nothing completely new, the confessional aspect has recently become heightened through representations of comedians' personae in texts off-stage, along with the rise of new media formats, particularly the podcast.» (Kohlmann, 2014, s. 3-4)

I teksten er Kohlmann innom komikarsamtalen, podkasten til Marc Maron, episoden av WTF der Louis C.K. er gjest, samt mykje anna.

Frå Universitet i Bergen har Linda Christine Strande (2013) skrive *Kongen og dronningen av norske talkshow – En sammenlignende analyse av Skavlan og Lindmo*. Både når det gjeld talkshowet som genre, det journalistiske intervjuet og konversasjonsanalyse er denne oppgåva interessant. Hovudfokuset i oppgåva til Strande er skilnaden mellom dei to talkshow-vertane, korleis dei henvender seg til ulike kjønn og talkshowet som genre.

Ingvild Abildgaard Jansen leverte i 2017 si masteroppgåve om forretningsmodellen til kommersielle, frittstående komikarpodkaster: *#Phungfolk: Lytterlojalitet som inntektskilde*. Spesielt det som her er skrive om podkasting er interessant og overlappar med mykje av det ein finn i mitt kapittel om podkasting. Eg har brukt mange av dei same artikkane og studiane på podkasting som Jansen i mitt arbeid med kapitlet om podkasting.

Vincent M. Meserko skreiv i 2015 ein artikkel med namn *The pursuit of authenticity on Marc Maron's WTF podcast*. Fokuset her er på autentisitet, men artikkelen tek opp mange aspekt med Maron sin podkast og podkasting generelt som har vore veldig interessant for denne oppgåva. Det finns fleire artiklar om podkasting som har vore til god hjelp i arbeidet med denne oppgåva. Desse skal eg presentere i kapitlet om podkasting.

2.4 Talkshowet i USA

I dette kapitlet skal vi sjå på kva som kjenneteiknar talkshowet, samt sjå på talkshowet i historisk kontekst. Vi skal ta føre oss nokre av dei viktigaste talkshowvertane historisk i USA

og sjå på korleis situasjonen ser ut i dag. Eg har valt å fokusere på talkshowet av fleire grunnar. For det første kan ein sjå på det som eit spesielt amerikansk fenomen (Rose, 1983, s. 329). I populærkulturen er det *amerikanske* talkshows med kjendis-vertar som David Letterman, Johnny Carson, Jay Leno, og i dag representert ved Jimmy Fallon, Jimmy Kimmel og Conan O'Brien som dominerer (Nededog, 2016). For det andre kan ein karakterisere det som eit spesielt *mannleg* fenomen, ettersom at vertane historisk sett, som vi skal sjå på seinare, har vore menn i stort overtal. Når nettmagasinet Vulture i 2015 skulle kåre dei 32 beste talkshow-vertane gjennom tidene, fann dei kun plass til fem program leia av kvinner (Tannenbaum og Marks, 2015). Den same tendensen ser ein når Business Insider skulle rangere dei beste talk showa på TV i dag. Av dei tolv vertane på lista finn ein kun éi kvinne (Nededog 2016). Sjølv om både Oprah Winfrey, Ellen DeGeneres og Joan Rivers bør nemnast når ein summerer opp talkshowhistoria, er det ikkje til å komme vekk frå at hovudvekta av talkshow-historia er skrive om menn. Det er også den sjangeren som ligg nærast til podkasten *WTF with Marc Maron*.

La oss sjå litt nærare på kva som definerer eit talkshow. Brian Rose (1983, s. 329) kallar det for *televised broadcasts of conversation*, og skriv at talkshowet er fylt opp med *prat*. Det er vanskeleg å plassere talkshowet i ein heilt spesiell *genre*, ettersom at formatet stadig fornyar seg. Ein kan likevel seie at grunnlaget for talkshowet er samtalen, at talkshowet har eit nyheitspreg over seg og ofte innehar humoristiske element (Rose, 1983, s. 329). Rose (1983, s. 330) skildrar to typar talk show. Talkshowet som er prega av lett underhaldning, komedie, sketsjar, musikk og showbusiness-gjestar, som er det ein kjenner frå amerikansk TV er éin type. Den andre typen er kjenneteikna ved seriøse diskusjonar i eit enkelt studio, med kun éin intervjuar og eitt intervjuobjekt. Den siste forma for talkshow stammar frå radioen, frå då radioen var prega av prateprogram.

Ein kan spore såkalla prateradio i USA attende til 20-talet. Ifølge historikar Kenneth S. Stern finn vi det første prateprogrammet i USA i 1921, eit program om gardsdrift frå Springfield, Massachusetts. Eit anna tidleg eksempel er Alexander Woolcott sine program på radio i New York frå 1929 og utover. Woolcott var ein mann som ga mykje av seg sjølv og hadde eit samtalepreg over måten han prata på. Woolcott fortalte lyttarane at på programmet hans kom han til å prate om «personar eg har sett, skodespel eg har vore på, bøker eg har lest og vitsar eg har høyrte.» (Laufer, 1995, s. 38-39). Radiohistorikar Wayne Munson har studert sendeskjema på amerikansk radio i 1928 og 1929 og fant då 29 program der som kan

definerast som prateradio. I 1947-48 var talet oppe i 55. I andel utgjorde talkshowet 15-25 prosent under radioens «golden age» (Munson, 1993, s. 26). Det er med andre ord ein snart 100 år gammal sjanger vi har med å gjere.

I dag er vi vande med at radiosendingar fyllast av samtalar av ulikt slag, men i starten besto dei i veldig stor grad av monologar, ekspertar som snakka *til* publikum (Munson, 1993, s. 27). Det tenkte publikummet i radio på 1930-talet var gjerne ei gruppe menneske; familien, ein studiesirkel eller liknande. Radioen såg på seg sjølv som eit offentlegheitens medium, og haldt ein respektabel avstand frå det nære og private (Mårtensson, 1989, s. 90). I dag ser vi at desse monologformane er bytta ut med dialogar. Nesten all prat på radio er i dag anten intervju, samtale eller diskusjon (Johansen, 2002, s. 187). Vi skal i seinare kapitelet sjå nærare på eigenskaper ved radio og podkast, som har lagt til rette for den slags intervju som ein ser på podkastar som WTF with Marc Maron.

2.5 Talkshowverter på amerikansk TV

Det er mest nærliggjande å samanlikne Marc Maron med talkshowverter på TV, ettersom at WTF with Marc Maron blir karakterisert som eit talkshow (Nededog, 2016). Fokuset vil vere på amerikanske talkshow. Her vil eg ta føre meg eit knippe aktørar som har bana veg og lagt til rette for den type intervju Marc Maron driv med i dag.

Talkshowet på TV kan sporast attende til 50-talet, nærare bestemt 29. mai 1950. Dette var datoen «Broadway Open House» hadde premiere på NBC i USA. Konseptet var utarbeidd av Sylvester «Pat» Weaver, ein tidlegare reklamemann som kom til TV-mediet med ein klar misjon om at TV-programma måtte fri seg frå kontrollen frå sponsorar. Broadway Open House var eit 60 minuttar langt uskripta program, fullt med sketsjar, publikumsinteraksjon og ulike komikarar i versstolen. Programmet levde ikkje lenger enn til august 1951, men markerte starten på ein sjanger som dei komande åra vaks og utvikla seg mot det vi i dag kjenner som talkshowet på TV (Rose, 1985, s. 330-331).

Då NBC introduserte The Tonight Show i 1957, med Jack Paar som programleiar, entra talkshowet ein gullæra. Konseptet vart meir straumlinjeforma, og Paar introduserte ein meir personleg og direkte stil til sjangeren. Med Paar ser ein forløparen til noko av det vi i dag ser hos Marc Maron: Ein monolog som ofte kunne ta føre seg privatlivet, kona og dottera, og ein ærlegdom som på den tida var banebrytande. Han grein på kamera, skjelte ut sine kritikarar,

tok opp seriøse tema og var ein talentfull intervjuar (Rose, 1985, s. 332).. Under eit intervju med Judy Garland i 1962 kjem det kanskje mest av alt fram at intervjuet var til for publikummet. Paar vendte seg stadig til publikum, refererte til publikum og fleire av spørsmåla var av typen «fortel om den gongen du...» (Stephens, 2015). Publikum var med andre ord ein veldig tilstadeverande tredjepart, og den primære lyttar av det som blei sagt. Publikum si rolle i intervjuet på eit meir generelt nivå kjem eg attende til under kapitlet om samtalen.

Då Johnny Carson tok over The Tonight Show i 1962 markerte det starten på nesten 30 år med Carson som vert. På dette tidspunktet viste talkshowet seg å vere eit av dei mest innbringande og allsidige formata på TV. Carson sendte talkshowet i ein meir kommersiell retning, det vart lettare, lysare og livlegare. Borte var det private og nære, til fordel for «*oneliners*», vittigheiter og mildare tema (Rose, 1985, s. 333-334). I kjølvatnet av Carson fekk ein mellom anna The Les Crane Show (1964), The Mike Douglas Show (1965), The Merv Griffin Show (1969) og The Dick Cavett Show (1969). Sistnemnte opplevde ingen spesiell kommersiell suksess på ABC med sin tradisjonelle tilnærming til talkshowet, og i 1975 vart programmet kansellert, men når han fekk sjansen i PBS, med ein halvtimes langt prateprogram, sette han samtalen i sentrum. Dette formatet, ein halvtime utan reklame med berre éin gjest, lét Cavett gjennomføre ein organisk og uavbrote samtale utan det stadig overhengande tidspresset som ein måtte stille seg til på kommersiell TV (Rose, 1985, s. 335-337).

Talkshowet i USA fann på mange måtar sin form med Johnny Carson, og om ein spolar fram til i dag ser ein at talkshowet har fått solid fotfeste i amerikansk populærkultur. Eit godt eksempel på dette er Late Night with David Letterman som haldt på frå 1982 til 2015 (Rose, 1985, s. 340). Ein refererte gjerne til Letterman som «*the king of late night*» (Carter, 2015). Talkshowet på TV hadde stabil vekst på 80-talet og var i 1992 det mest innbringande formatet på TV. Som resultat av denne suksessen såg ein talkshow-hybridar på radio som blant anna «*talk-and-oldies*» og «*talk/rock*», kanskje mest kjent via Howard Stern (Munson, 1993, s. 4).

I dag dominerast talkshowet på amerikansk TV av karismatiske, mannlege programleiarar som Jimmy Fallon, Stephen Colbert og Jimmy Kimmel, blant mange andre (Welch, 2017). Rolla til programleiaren i talkshowet er som den bærande part, som ordstyrar og autoritet, men også som menneske og privatperson. Ein ser gjerne på talkshowverten som ein

karismatisk autoritet, som den som skal sette tonen for programmet og formidle mellom sjåar/lyttar og medium (Strande, 2013, s. 10-11).

Vi har i dette kapitlet sett nærare på talkshowet og nokre av historias viktigaste talkshowvertar på amerikansk TV. Når vi no har ei betre forståing av kva som ligg i talkshow-omgrepet, og kven som har prega det amerikanske talkshowet, skal vi i dei neste kapitla sjå nærare på hovudtemaa i denne teksten: offentleg intimitet og intervjuteknikk.

3.0 Teori

I teorikapitlet kjem eg til å dykke djupare inn i kva som ligg i omgrepet *offentleg intimitet* og vi skal sjå nærare på tradisjonell intervjuteknikk og samtaleomgrepet. Vi skal i løpet av teorikapitlet vise korleis ein intimisering av offentlegheita har lagt til rette for ein heilt ny type openheit og vi skal sjå på korleis nye medium har lagt til rette for dette. På slutten av kapitlet går vi gjennom klassisk intervjuteknikk med fokus på John Sawatsky sine metodar, før vi ser på ulike formar for samtale og samtalegrep. Heilt til slutt skal eg kort gjere reie for den kvinnelege og mannlege samtale, og sjå på den samkjønna samtalen.

3.1 Offentleg intimitet

I lys av samtida er det interessant at så mange vel å vere så opne. Det er ein kjent sak at mange kjendisar lev sitt liv som eit ope sår, og i ein kultur som oppfordrar menneskje til å dele og fortelje er det lettare for Marc Maron å nå gjennom til sine gjestar. Intimiteten han oppnår i løpet av 90 minuttars samtale er absolutt hans forteneste, men det ville ikkje vore like enkelt å få til for 70 år sidan, og må forståast i lys av korleis det offentlege livet blir levd i dag. Dette er eit viktig aspekt å få med når ein skal analysere Maron sin intervjustil, på lik linje med plattformen det skjer på. Ein kan spore starten på ein slik openheit heilt tilbake til 70-talet, då kvinnerørsla såg det naudsynt å oppfordre til å dele det private. Det var ei politisk sak. Det intime skulle fram i offentlegheita, undertrykkinga og overgrepa som fant stad innanfor heimens fire veggjar skulle ut i det opne. Forskjellen frå då til no er at om ein då snakka på vegne av ei gruppe, gjer ein det no på vegne av seg sjølv (Jerslev, 2004, s. 21).

I *Borgerlig offentlighet* (2002) har Jürgen Habermas tatt føre seg forholdet mellom offentlig og privat sfære i den vestlege verda. Offentlegheit kan her forståast som der vi lev vårt sosiale liv og ein stad for meiningsdanning. Han skildrar mellom anna massemedium som «adressater for personlig nød og vanskeligheter, som autoriteter i livshjelp», og argumenterer for at offentlegheita blant anna har blitt ein «sfære for offentliggjøring av private livshistorier» (Habermas, 2002, s. 159-160). Dette har erstatta offentlegheita som ein stad for rasjonell og kritisk debatt for eit felles gode (Munson, 1993, s. 15).

I *Vårt rollespill til daglig* (1992) fortel Erving Goffman om det daglege rollespelet vi alle er ein del av. I forordet kan ein lese:

(...) når vi samhandler trenger [vi] å etablere en forståelse av hva slags *anledning* det er, og hvilken sektor av vår person vi, og de andre deltagerne, skal spille ut. Fra dette følger vår oppfatning av hva vi trenger å vite om de andre, og hva vi skal gjøre *relevant* om dem og oss selv (Goffman, 1992, s. 8).

Goffman kokar det heile ned til *front stage* og *back stage*, kort oppsummert med *front stage* som vår offentlege rolle, og *back stage* som vår private rolle (Goffman, 1992, s. 96). Desse omgrepa skal vi gå nærare inn på og nyansere litt i dette kapitlet.

Det ein ser i dag er at skiljet mellom det private og offentlege liv på mange måtar er utvatna. Fokuset på det indre liv og seg sjølv er for mange blitt endemålet. Dette kan ein lese i Richard Sennetts *The Fall of Public Man* (1986). I innleiinga star det: «Each person's self has become his principal burden; to know oneself has become an end, instead of a means through which one knows the world» (Sennett, 1986, s. 4). Dette som handlar om viljen til å opne seg, samt samfunnsutviklinga som har ført til aksept og forventningar om ein slik openheit, er viktig å ha med når ein skal sjå på Marc Maron sin intervjuteknikk og hans resultat. Ein prøver i dag stadig å frigjere seg frå undertrykkinga frå Viktoria-tida, underforstått her ligg det at den ikkje hadde nokon verdi eller verdigheit. Ein gjer det ved å forsterke det som kjenneteiknar personlegdomen vår. Ein er meir opne i samspel med kvarandre, og legg ikkje noko imellom i våre relasjonar, om det skulle være på jobb eller i privatliv. I 2017 er det forventa at ein skal «vere seg sjølv 100%», som om ein har eit klart definert *sjølv* ein kan vere. Det ligg ein forventning om at eit *Gemeinschaft*, nære og kjenslemessige band, skal oppstå som resultat av at ein blottlegg seg for kvarandre (Sennett, 2007, s. 10-11). Som ein kan lese her er ikkje Sennett spesielt positiv til denne openheita.

Både Richard Sennett og Jürgen Habermas stiller seg altså kritiske til intimiseringa av offentlegheita. Kvinnerørsla tek noko av æra for nettopp denne intimiseringa, som vi såg i starten av dette kapitlet, og ein slik form for intim og privat tilnærming til andre menneske, og private tema for samtaler, er ifølge Jennifer Coates (2004, s. 128) ein spesielt *kvinneleg* eigenskap. Ein kan med andre ord argumentere for at Sennett og Habermas er kritiske til feminiseringa av offentlegheita. Viss ein knyt dette opp mot Marc Maron, og den forma for intervju og samtale som han representerer, samt tendensen i komikarmiljøet mot ein ny, meir feminisert tilnærming til stand-up, kan ein seie at medan Sennett og Habermas representerer

eit ønske om ein meir *maskulin* offentlegheit, står Maron og *the emerging sensitive man*, som Kohlmann (2014, s. 1) kallar det, for ein meir *feminin* offentlegheit.

Eg vil sjå litt nærare på korleis ein tek i bruk ulike masker i det daglege. Det er openbart at ein ikkje kan leve eit sivilisert liv i samspel med andre utan å vere villig til å bære masker i ulike situasjonar. Ein må vere i stand til å legge band på sinne, irritasjon, seksuell lyst etc. for å kunne fungere i eit samfunn av menneske. Ein prøver og feilar med ulike masker for å kunne leve saman med andre, i staden for tvangsmessig å prøve å få eit nært forhold til dei (Sennett, 2007, s. 14-51). Desse reglane ein vel å leve sitt sosiale liv etter er vel å merke ikkje objektive. Dei stammar ikkje frå naturen, og vil ikkje vere overfør bare til andre kulturar. Likevel vel ein å leve etter dei som om dei er sanne. Dei er innprenta i oss frå vi er barn. Ulike situasjonar krev ulik oppførsel, ulike masker (Meyrowitz, 1986, s. 24).

I denne samanhengen kan ein jo spørje kor mykje av seg sjølv ein skal dele med andre? Om ein lev sitt liv i offentlegheita, vil det for mange vere viktig å oppretthalde ein fasade, men i ei tid som hyllar det «ekte» gir Marc Maron kjendisar ein plattform der dei kan vise sitt sanne sjølve, og score endå fleire poeng hos fansen. I forlenginga av dette blir då dette «sanne sjølv» også ei maske, ein *performance*. Vi snakkar om ein form for *middle region performance* som fungerer på andre scener, på talkshows og i intervju, alle offentlege fora der ein ikkje ber frontstage-masker si. Medan Erving Goffman kun snakka om *front region* og *back region* (eller *front stage* og *back stage*), fant Joshua Meyrowitz det naudsynt å definere ein tredje region, ein *middle region*, ein samansmelting av dei to føreståande. Han endra også dei opprinnlege omgrepa, til å bli *forefront region* og *deep back region*. Ein *middle region* vil inneha element frå både *front region* og *back region*, men vil mangle dei ekstreme sidene ved dei (Meyrowitz, 1986, s. 47). Det har blitt skapt slike scener for *middle region behavior* no som dei vasstette skotta mellom det private og det offentlege har blitt slått ut. Ein av dei viktigaste grunnane til at dette har skjedd er framveksten av nye medium. Dette skal vi sjå nærare på seinare.

Å kunne blande offentlig og privat oppførsel krev for mange ein form for medietrening, ettersom at det krevst trening å skulle vere i stand til å behalde ein viss distanse til det heilt nære og private (Larsen, 1997, s. 74). Denne *middle region*-oppførselen er den ein gjerne ser på tradisjonelle talk shows, medan Maron som intervjuar er interessert å bryte gjennom denne fasaden og kome heilt inn på kjernen til intervjuobjekta.

På talkshowet får gjestar høve til å vise fram sitt «ekte» sjølve (Rose, 1985, s. 341). I forlenginga av tradisjonelle talkshows ønsker Maron å komme endå nærare innpå gjestane sine. Kor nære den «ekte» Todd Hanson (tidl. redaktør for det satiriske tidsskriftet *The Onion*) kjem ein når han opnar seg opp for offentlegheita om sjølvmoordsforsøk og depresjon for første gong?

Ein må ikkje tolke uærlegdom inn i «performance»-omgrepet. Som Joshua Meyrowitz (1986, s. 30) skriv i *No Sense of Place*: «Even an honest judge must play the role of honest judge». Maskene vi tek på oss er ikkje kun masker, men personlegdomar vi etterkvart tolkar som våre egne. Om ein latar som lenge nok, vil det til slutt følast naturleg (Meyrowitz, 1986, s. 30).

Deep back region-oppførsel vil ein sjeldan sjå (den interne, grove humoren komikarar i mellom, eit toalettbesøk, indre personlege kjensler og løyndomar etc.), men det er nettopp ein så naken versjon av gjestane det verkar som Maron ønsker å nærme seg (Meyrowitz, 1986, s. 156). I eit intervju med Pete Holmes på podkasten *You Made It Weird with Pete Holmes* snakkar Zach Galifianakis og Holmes om rasisme. «Rasism to me is so utterly dumb, thus funny to me», seier Galifianakis (Levine, 2012). Etersom at dette er ein av dei siste attverande tabuane, er det eit tema komikarar ofte går til når dei skal fortelje vitsar seg imellom. Men i intervjuet kan dei ikkje eingong fortelje att ein slik vits, rett og slett fordi det ikkje ville vore sosialt akseptert. Her ser ein eit eksempel på skilnaden mellom *deep back region* og ein *middle region*. Tilveret og bevisstleggjeringa av mikrofonar i rommet legg band på komikarane. Kor langt ein er villig til å gå, kor mykje av seg sjølve ein er villige til å vise er heilt essensielt å ha i botn for å kunne sjå kva resultat ein intervjuar som Maron kan vere i stand til å få til. Ein djup *back stage performance* er såpass sjeldan at når ein blir eksponert for det, så oppfattast det som svært intimt og «ekte».

I botn av alt dette ligg eit ibuande ønskje om å bli sett og anerkjent av våre likemenn. William James (1989, s. 190) set ord på det i *The Principles of Psychology*: «We may practically say that he has as many different social selves as there are distinct *groups* of persons about whos opinion he cares.»

Jürgen Habermas (2002, s. 145) skriv om ein innskrunpa intimsfære, som tidlegare omfamna både arbeid (til dømes slik ein tradisjonelt arbeidde under føydalismen) og familieliv, til i dag

å inkludere kun kjernefamilien, og kanskje endå mindre enn det også. Dette kan ha ført til eit behov for å uttrykke seg offentleg på eit heilt anna sett enn tidlegare. Når privatsfæren er redusert til kun det heilt intime, kan ein ende opp med at delar av det ein tidlegare oppfatta som privatsfæren på eit vis siv ut i det som oppfattast som det offentlege liv. Dette lar seg fint samanlikne med det Meyrowitz og Sennett skriv om samansmeltinga av det offentlege og privatlivet. Habermas er kritisk til denne samansmeltinga og skriv: « (...) til slutt kommer man imidlertid på spor av det svar, at byens offentlighet ikke minst forfaller fordi det offentlige rom er blitt pervertert til en dårlig ordnet flate med et tyrannisk samkvem. » (Habermas 2002, s. 148).

Ein ser ofte at folk flyttar fokus frå det ein gjer, til eins motiv. Den berømte Checkers-talen til Richard Nixon er eit godt eksempel på dette. Nixon blei konfrontert med skjulte pengegåver som vart brukt til politiske formål, og svarte ved å blant anna fortelje at han var ein mann som elska hundar, som hans eigen hund Checkers, at han vart eit godt menneske og at ein dermed skulle gløyme pengane (Sennett, 2007, s. 41-42). I ein podkast som den Marc Maron har, finns det eit høve til å snakke om motiv. Kva var meininga bak? Kva følte du då? Obama snakkar om at han er opprørt og vemmast over Kongressen etter Sandy Hook-massakren (WTF with Marc Maron, 2015b). Robin Williams snakkar om kor isolert han følte seg under ei filminnspeling i Alaska, at han byrja å drikke igjen (WTF with Marc Maron, 2010a). Gallagher fortel kva som ligg bak dei fornærmande vitsane han fortel (WTF with Marc Maron, 2011b). Vi lev i ei tid der motiv ofte veg tyngre enn handlingar. Ein må likevel merke seg at det er viktig å skilje mellom kunst og politikk. I kunsten vil personlegdom og motiv kunne bidra til meirverdi, i staden for at den går på akkord med kunsten. Slik er det ikkje i politikken. At ein musikar som Bruce Springsteen er open om det problematiske forholdet til far sin har ein heilt annan verdi enn om Donald Trump hadde gjort det same.

Det å «halde maska», å framstå som oppriktig, kan vere alfa og omega for ein offentleg skikkelse. Som Paddy Scannell (1996, s. 59) skriv i *Radio, Television and Modern Life*: «Sincerity therefore is prized, above all, as the hallmark of a true person, of one who is reliable in interpersonal relationships. It authenticates intimacy.» Hemmelegheita bak dette autentiske er mangel på stil og form i tradisjonell forstand. Om ein har alt på stell, talen flyt utan problem og formuleringane sit, så kan ein oppfattast som «glatt». Ein skal helst «stotre og famle etter ordene», seier Anders Johansen (1989, s. 76), om det skal framstå som om orda kjem frå hjartet. Paddy Scannell (1996, s. 166) kallar dette eit «performativt paradoks», og

viser til Niklas Luhmann som stiller det ultimate spørsmålet: Kan ein kommunisere eins eigen oppriktigheit, utan å framstå om falsk nettopp ved at ein kommuniserer det? Ein som kanskje klarte akkurat dette var Ronald Reagan, som kunne kunsten å spele at han ikkje spelte. Med bakgrunn frå Hollywood er kanskje ikkje dette så rart. Det vart mellom anna sagt at han hadde tidenes første «konverserende» tiltredingstale, der det framstod som om orda berre falt han inn, som om det berre var noko han ville fortelje sine vener. Vi snakkar om ein alminneleggjering av språket, som vel å merke ikkje starta med Reagan, politikarar hadde tatt i bruk det grepet før, men Reagan drog det lenger. Medan ein tidlegare med andre kun hadde sett det i talkshows og i intervju, gjekk Reagan no fullstendig inn i rolla si. Om han talte til nasjonen (ReaganFoundation, 2009) eller blei intervjuet i det ovale kontor (Reagan Library, 2016) brukte han det same språket, sjølv om det sjølvstund er situasjonsbestemte skilnader, er det den same Reagan vi blir presentert for (Johansen, 2002, s. 159-160).

3.2 Nye medium og radioen

Anders Johansen (2002, s. 17) argumenterer for at skiljet mellom privat og offentleg på somme måtar har kome som følge av framveksten av nye medium. Med fjernsynet forsvann avstanden som gjorde det mulig å opptre upersonleg i offentleg samanheng. Ein «møter» politikarar på same måte som vener og kollegaer, med nærbilete av andleta. Det er ikkje lenger mulig å skjule noko. I 2017 kunne ikkje Franklin D. Roosevelt skjult det faktum at han hadde polio, men det klarte han for dei fleste gjennom heile sin periode som president i USA. Nye medium, der alle med ein smarttelefon kan publisere video, lyd og bilde for heile verden på opne plattformer, gjer det nærmast umogleg å skjule det private. Ein kan ikkje unngå at det private blir offentleg. Til og med den amerikanske presidenten twitrar sine personlege meiningar i 2017.

Marshall McLuhan snakkar om at «mediet er budskapet». Alt blir farga og forma av mediet sine eigenskaper. Måten ein presenterer innhald og idear på, måten ein distribuerer det på, tilgjengelegheit og så vidare. Det endrar kulturen og folka i den når eit nytt medium får fotfeste (Johansen, 2002, s. 43). Johansen nyanserer dette litt, men underspelar heller ikkje korleis mediet formar innhaldet. Men på same måte som at media formar kulturen, er dei også symptomatiske for den same kulturen (Johansen, 2002, s. 201). Mikrofonen står som eit fint bilete på eit verkty som la sterke føringar på innhaldet. Før ein fekk mikrofon måtte ein talar

tale med kraftig stemme og tydeleg diksjon for å gjere seg forstått for tilhøyrarar. Å vere ein god talar var ofte synonymt med å ha ei stor og berande stemme (Johansen, 2002, s. 172).

Ein såg det same i musikken. Operasongarane til dømes skulle fylle lokalet med stemma si, det var slik dei projiserte lyden. Denne måten å synge på bar preg av tilhøva på den tida. Det som kan opplevast som upersonleg og kunstig var i stor grad ei løysing på utfordringar med avstand mellom lyttar og artist (Johansen, 2002, s. 176). Det er ingen som ville høyrte eit ord av det Leonard Cohen hadde å seie før mikrofonen vart funne opp. Mikrofonen tillét folk å synge og prate til massane med lågare volum.

Når radiokringkasting på 1920-talet vart meir og meir utbreidd såg ein effektane av at ein no kunne kommunisere til massane med «innestemme». Det var til dømes enklare for lydmenn å forsterke ei låg stemme enn å dempe ei høg stemme, så i tidleg radio snakka ein gjerne med ei mjuk, intim stemme (Scannell, 1996, s. 62). I populærmusikken vaks det med Bing Crosby og Vera Lynn fram ein ny måte å synge på. Såkalla crooning eller torch singing. Ein intim, innvendt form for synging som kom frå nede i strupen, ikkje trefte tonen direkte, men nesten dovent og sensuelt leverte musikken. I enkeltstemmene og framføringa fant ein mykje av identiteten til musikken. Medan ein tidlegare tolka eit stykke musikk, såg ein no at mykje av identiteten kom frå stemmene til dei som framførte musikken (Johansen 2002, s. 177-178). Her må det leggst til at ein såg desse tendensane til omslag i songstil allereie frå 1890 og utover, så sjølv om mikrofonen kunne legge til rette for det, oppstod *trongen* til å uttrykke seg på ein ny måte endå tidlegare (Johansen, 2002, s. 196).

Det vart sagt at ein skulle prate til mikrofonen som om ein prata rett inn i øyret på den som skulle lytte. Medan filmen kunne ta i bruk nærbilete av og til, opererte radioen med auditive *close ups* heile tida (Johansen, 2002, s. 174). Amerikanske politikarar såg nytten av å dempe seg, både med stemmebruk og visuelt, og spesielt med framveksten av TV, der nærbileta kunne plukke opp dei minste deltaljar, handla det om å gestikulere *minst* mulig, å framstå avslappa og «snakke med eitt menneske av gangen» (Johansen, 2002, s. 167-168).

Når ein kommuniserte via radio var det til mange enkeltpersonar, i staden for ein stor masse. Ein spelte ikkje på lag med eit publikum som ga respons, som lo når ein fortalte vitsar og applauderte etter eit crescendo. Dette måtte ein vere klar over både som politikar og artist. Språket måtte tilpassast og stemma justerast. Det vaks fram ein intim måte å vende seg til

lyttaren på, ein intimisering ein hadde sett ei utvikling mot før mikrofonen og radioen, men som med den nye teknologien skaut fart (Johansen, 2002, s. 179-180). Paddy Scannell (1996, s. 69 og 74) snakkar om at skiljet mellom livet og kunsten ikkje kunne oppretthaldast etter framveksten av radio, og etterkvart også TV. I århundre hadde syngestemma vore prega av ein nærast rituell og formalisert avstandstagen frå det nære og private, dei ordinære pratestemmene. Skiftet ein såg med framveksten av mikrofonen og radioen snudde opp-ned på dette.

Ein kan bruke Franklin D. Roosevelt som eksempel her. Johansen kallar han «politikken Bing Crosby», og måten han vendte seg til offentlegheita var på ein familiær måte. Han tona ned kjenslene i staden for å ta i bruk den gamle, teatraliske og valdsame tilnærminga til talar. Hans mangel på stil var rett og slett ein *annan* stil. Han innleia valkampen i 1932 med ein tale frå heimen sin i Hyde Park, der han snakka til tilhøyrarane som om dei var nære naboar (Johansen, 2002, s. 180-181). Ein hadde sett starten av denne utviklinga allereie frå byrjinga av det 20. århundre. Talekunsten var blitt enklare, meir beskjeden og direkte, og denne «mangelen på stil» kan ein spore attende til Abraham Lincolns kanskje mest kjende tale «The Gettysburg Address», og då er vi så langt attende som til 1863 (Johansen, 2002, s. 53-54). Tendensane kan ein spore langt tilbake, men ikkje på ein så altomfattande måte som ein no såg.

Radioen kan ta mykje av æra for framveksten av denne intimiteten. Ein korta ned avstanden mellom sendar og mottakar, og skapte ein form for nærleik på avstand. For avsendar var mottakaren ukjend og spreidd over eit stort område. Samstundes kravde denne intime forma for kommunikasjon at ein prata til mottakarane som om ein sat saman med dei ved kjøkkenbordet. På 1920-talet var dette nye mediet nesten skremmande, ein fekk ukjende stemmer inn i huset, det heile kjentest intimt og ein kunne til og med kjenne på ubehaget ved å tjuvlytte på andre sine samtalar. Karin Nordberg snakkar om eit «bryskt møte mellom det offentlege og det intime», og Eva Mårtensson skriv at «med radioen kom altså verden og det offentlege livet rett inn i menneska sitt kvardagsrom» (Mårtensson, 1989, s. 89). I løpet av 30-åra såg ein ein meir og meir normert talemåte, tilpassa den nye kringkastinga, den personlege og fortrulege tonen, og eit språk som tillét slang og ein meir konverserende stil. Ein tilpassa seg staden der innhaldet vart konsumert, ein talte som om ein var i stova heime hos folk (Johansen, 2002, s. 185-186).

Som alle andre medium har også radioen gått gjennom ein trivialiseringsspross, frå teknisk mirakel til obligatorisk møbel. I dag ser ein ofte på radio som eit sekundærmedium, som bakgrunn og akkompagnement til andre aktivitetar, og medan radioen tidlegare kunne vere ein samlingsstad ser ein no, via *walkman*, *discman* og *iPod* til podkast, at lytting har blitt eit *personleg* tidsfordriv. Ein podkastlyttar vil gjerne lytte via øyretelefonar som sender lyden rett inn i øyret og stenger ute anna lyd (Crampton, 2017). Kombinert med framifrå mikrofonar som plukkar opp dei minste detaljar, ender ein opp med særst god lyd kvalitet, direkte inn i øyret til lyttaren (Johansen, 2002, s. 183-184). Det skal vanskeleg gjerast å lytte på ein meir intim måte.

Framveksten og utbreiinga av radioen var blant faktorane som førte til at det strenge skiljet mellom *front region* og *back region* vart utvaska, og ein såg framveksten av det ein har kalla ein *middle region*. Denne personlege praten mellom to personar som er mynta på ein tredjepart er typisk plassert i ein slik *middle region*. Ein snakkar ikkje nødvendigvis direkte til lyttar, men samstundes er det ingen tvil om at ein pratar slik at lyttar skal få utbytte av det (Johansen, 2002, s. 189). I dei samtalebaserde podkastane ser ein korleis dette har utvikla seg. Både *WTF With Marc Maron*, *You Made It Weird with Pete Holmes* og *The Nerdist Podcast* startar episodane sine *in medias res*. I somme tilfelle kan ein høyre romstering i rommet, det snakkast om korleis ein skal bruke headsetet, ein finn fram til plassane sine etc. Noko av det vanlegaste ein høyrer gjestane seie i starten av intervjuet er noko à la «*have we started yet?*». Det dette fortel oss er to ting. For det første veit ikkje gjesten at dei har starta, og for det andre betyr det at praten fram til då har vore heilt «naturleg». På denne måten forsøker ein å fjerne skiljet mellom *back region* og *front region*. Målet kan verke til å vere å komme så nærre inn på ein *deep back region* som mogleg.

I dette kapitlet har vi sett på ulike former for offentleg intimitet, og spesielt Goffman, Habermas, Sennett og Meyrowitz sine teoriar rundt det. Intimiseringa av offentlegheita er heilt essensielt for å forklare den openheita ein ser på podkasten til Marc Maron, og no skal vi sjå nærare på mediet podkasting og korleis det bidreg til ein intimisering av offentlegheita.

3.3 Podkasting

Eg vil i dette kapitlet ta føre meg podkasten som plattform for offentleg intimitet. Først vil eg sjå på kva ein podkast er og kva som skil den frå tradisjonell radio. Eg vil også knytte

podkasting opp mot ein kulturell og historisk kontekst og sjå på kvifor den fungerer så godt som plattform for den type intervju som Marc Maron utøver.

Podkasting er eit relativt understudert tema i medievitenskapen. I Noreg finn ein forsvinnande få studiar på emnet. Mykje av forskinga vart gjennomført i podkastens barndom, mellom 2005 og 2007, og tidleg forskning internasjonalt fokuserte ofte på podkasten som verktøy i utdanning (Bottomly, 2015, s. 165). *The Radio Journal*, eit akademisk tidsskrift med fokus på radio og lydmedium, publiserte berre fire artiklar mellom 2004 og 2014 med hovudfokus på podkasting (Bonini, 2015, s. 22). Det meste ein finn av nyare forskning er artiklar i akademiske tidsskrift og journalar. Til denne teksten var det særleg fem artiklar eg fekk bruk for. Vincent M. Merserko (2015) sin studie av autentisitet og Marc Maron har eg allereie presentert, men eg vil kjapt gå gjennom fire andre artiklar av interesse.

I ON THE SHOULDERS OF GIANTS? How audio podcasters adopt, transform and re-invent radio storytelling skriv Nele Heise (2016) om korleis podkasten har bygga vidare på radio som medium, og ho har mange interessant poeng om podkasting generelt og kva likskapar og ulikskapar ein finn mellom podkasting og radio. Tiziano Bonini (2015) sin tekst *The 'Second Age' of Podcasting: reframing Podcasting as a New Digital Mass Medium* tar spesielt føre seg ein ny fase av podkasting som han kallar *The Second Age of Podcasting*. Kva dette er skal eg kome nærare inn på seinare i det kapitlet. Andrew J. Bottomley (2015) har skrivt ein kort og konsis gjennomgang av podkastmediet gjennom dei siste tiåret, og ser på korleis mediet har utvikla seg. Til slutt vil eg også nemne Richard Berry (2016) sin *Podcasting: Considering the evolution of the medium and its association with the word 'radio'*. Han har gjort ein grundig gjennomgang av likskapar og ulikskapar mellom radio og podkasting, og sett på kva som gjer podkasting spesielt. I tillegg har Ingvild Abildgaard Jansen si oppgåve frå 2017: *#Phungfolk: Lytterlojalitet som inntekskilde* vore til god hjelp når vi no skal dukke djupare ned i podkastverda.

I utgangspunktet kan ein seie at podkasten var ein forlenging av det stadig tilpassningsdyktige mediet radioen (Berry, 2016). Det er eit greitt utgangspunkt å ha, sjølv om vi skal få sjå at det er vesentlege ulikskapar mellom podkast og radio. Podkasten såg dagens lys i 2005, men ein kan spore teknologien bak heilt attende til år 2000. Dette var året då software-utviklar Dave Weiner publiserte RSS 0.92, ein ny versjon av RSS-systemet, som i utgangspunktet var ei ordning som lot nettlesarar hente ulike formar for tekst (nyheiter t.d.) fortløpande og

automatisk, men som no kunne gjere det same for lydfiler (Bottomley, 2015, s. 164). Termen «podcasting» er det ein britisk journalist som har fått æra for. Ben Hammersley brukte uttrykket for første gang i ein artikkel i The Guardian i 2004. Ordet er ein samanslåing av *broadcast* og *pod* (etter iPod)(Bonini, 2015, s. 21). Tiziano Bonini (2015) gir oss ein god skildring av kva podkasting er:

Podcasting is a technology used to distribute, receive and listen, on-demand, to sound content produced by traditional editors such as radio, publishing houses, journalists and educational institutions (schools, professional training centres) as well as content created by independent radio producers, artists and radio amateurs (Bonini, 2015, s. 21).

Eg vil her sjå litt på kva som skil podkaster frå tradisjonell radio. For det første har vi distribusjonsmetoden, den allereie nemnte RSS-feeden. Vanleg praksis er at ein abonnerar på ein podkast som synkar seg inn til dømes din smarttelefon, så står du fritt til å lytte på den når du sjølv ønsker (Bonini, 2015, s. 21). Podkaster kan sjåast på ein kombinasjon av *push-* og *pull-medium*. Push-medium har ein automatisk leveranse av innhald, slik som t.d. tradisjonell radio, medan pull-medium krevjar at ein som brukar tek aktive val utifrå kva innhald ein ønskjer (Heise, 2016, s. 3).

Det at ein lyttar på ein podkast *on-demand* er essensielt, og noko som skil den frå den lineære naturen til radioen. Podkaster er ikkje knytt opp til eit sendeskjema, ein har gått frå å *tune in* til å abonnere på podkaster ein er interessert i. Dette fører til at lyttarvanar endrar seg. Ein vil til dømes nærmast alltid starte ein podkast frå byrjinga, og står fritt til å spole forbi noko ein synast er uinteressant, å pause ein episode eller starte på noko heilt nytt. Ein ser at folk konsumerer podkaster der dei er, på bussen, på veg til jobb, heime, eller der det måtte passe. Devicane ein brukar for å høyre på podkaster, smarttelefonar og MP3-spelarar, gjer dermed at ein kan sjå på podkaster som både *time-shifted* og *place-shifted* innhald (Heise, 2016, s. 3). Medan ein gjerne i nyare tid har sett på radio som eit sekundærmedium, til tider som bakgrunnsstøy, er podkaster meir som eit primærmedium å rekne (Berry, 2016, s. 16). For den som produserer podkaster finns det ikkje strenge tidsrammer å forhalde seg til og ein treng ikkje ta omsyn til språk (banning etc.) om ein ikkje ønskjer (Berry, 2016, s. 24).

Lyttarlojaliteten blant podkastlyttarar er høgare enn hos radiolyttarar. Ikkje berre vil ein regelmessig podkastlyttar følge med på fleire program (gjennomsnittet for podkastar er seks), men ein brukar også meir tid på dei (Berry, 2016, s.22). Dette har utvilsamt samanheng med podkasten sin natur som eit *pull-medium*. Ein podkastlyttar vil vere meir investert i dei programma hen lyttar på.

Ettersom at podkastar er rimelege å produsere, i alle fall om ein ikkje legg for stor vekt på god lyd kvalitet, er det enkelt for alle som ønskjer å starte ein podkast. Men sjølv om denne amatørmessige tilnærminga til mediet har vore viktig for utviklinga av både ulike sjangrar og stilar, meiner Tiziano Bonini (2015, s. 22) at vi no eksisterer i ein fase av podkastinga som han kallar «*the second age of podcasting*». Dette er kjenneteikna ved at podkasten no er eit heilt tydeleg *alternativ* til radio, i staden for ein forlenging av radioen, og ein ser ein profesjonisering av produksjonar og ein vekst i brukarar. Veksten ein ser grunnast utbreiinga av smarttelefonar, talet gode podkastar der ute og ein vekst ein ser i lydbaserte sosiale nettverk. Ifølge tall frå 2015 frå medieanalytikarane ved Edison Research lyttar meir enn 15% av amerikanarar til podkastar regelmessig, medan interessa for podkastar er stadig aukande. Dette svarar til 40 millionar personar, eit tal ein må rekne med er endå større i dag (Bonini, 2015, s. 26). Blant dei kommersielle podkastane er det to grupper som utpeikar seg. Podkastar leia av profesjonelle produsentar og kjendisar, og podkastar som har sitt utspring frå store mediehus (Bonini, 2015, s. 24). *WTF with Marc Maron* er eit eksempel på at ein kjent komikar har utnytta seg av potensialet som ligg i å kunne representere seg sjølv slik ein ønsker, produsere eige innhald og distribuere det mot reklameinntekter.

Denne podkastrevolusjonen, om ein kan kalle det det, må seiast å springe ut frå det ein kallar web 2.0. Kort forklart var web 1.0 kjenneteikna ved ein massekommunikasjon av typen ein kjenner frå tradisjonell kringkasting, ein éin-til-mange form for kommunikasjon, medan web 2.0 har sett framveksten av mikro- og amatørproduksjonar, opne strukturar og *open-access*-innhald (Meserko, 2015, s. 799).

Podkasten er eit optimalt medium for lange, uavbrotne intervju, og vi skal no sjå nærare på kva som gjer podkasten til ein eigna plattformar for intimitet.

3.4 Podkast som arena for intimitet

Det finns mange eigenskaper med podkasten som legg til rette for den forma for intervju ein ser i ulike komikarpodkastar. La oss først sjå på det frå eit lyttarperspektiv. Lyttarlojalitet i podkastar høgare enn andre samanliknbare medium, og podkastlyttarar har eit mykje meir aktivt forhold til det dei høyrer på (Bottomly, 2015, s. 165). Podkastar konsumerast i hovudsak med høyretelefonar, ofte lyddempande eller *in-ear*, og tal frå RAJAR (2015) i Storbritannia kan fortelje oss at minst 90% av podkastlyttarar lyttar på innhaldet aleine. Denne måten å lytte på er djupt personleg og intim. Vi har her med ein form for *mediated isolation*, der lyttarar stenger seg inne i sin eigen verden og stenger ute det omkringliggende. Ein koplur seg samstundes på ei anna verd, ei verd som består av andre podkastlyttarar som knytast ihop ved hjelp av felles interesser og på sosiale medium. H. Chignell (2009) kallar denne måten å lytte på for «*profoundly unradio-like*» (Berry, 2016, s. 19-20).

På den andre sida har ein det produksjonsmessige og alt som ligg i og rundt det. Samanlikna med det ein opplev som tradisjonell radiopratt, byr podkastar på ei rekkje ulike stemmer, som i motsetnad til radiopratt ikkje forsvinn ut i eteren. Det er typisk for podkastpraten å vere meir intim, autentisk og engasjerande, og podkastaren sin persona spelar ei stor rolle. I introduksjonen til intervjuet på *WTF with Marc Maron* høyrer ein Maron fortelje om sitt eige liv, tankar han har om ulike saker, frå det heilt arbitrære til politiske saker, og ting han bekymrar seg for. Dette er heilt typisk for denne type podkastar. Det ligg ingen avgrensingar når det kjem til ufint språk, og ein står fritt til å fortelje politisk ukorrekte vitsar. Mange av podkastane ein finn inneheldt prat som ein sjeldan vil finne i *mainstream media* i USA (Heise, 2016, s. 4). Den generelle mangelen på restriksjonar, og fridomen som oppstår som følge av dette er viktig å hugse på når vi seinare skal sjå nærare på intervjuet til Marc Maron.

For Maron har podkasten gitt han ein stad der han kan vise fram ein meir autentisk versjon av seg sjølv. Det blir sagt at podkasting gjer opp for svakheiter ved andre medium. Tradisjonell TV og radio er ifølge Maron ikkje i stand til å få grep på nyansane og intimiteten ein oppnår via podkasting (Meserko, 2015, s. 797).

Maron har innreia garasjen sin som eit lite radiostudio, og ein kan på eit vis seie at han kringkastar frå ein heim til ein annan, eller det Richard Berry kallar ein *double-ended domestication* (Berry, 2016, s. 21). Journalist Dan Saltzstein har uttalt at dette oppsettet gjer gjestane rolege, og mangelen på kamera og publikum skil også denne forma for intervju frå

det ein ser i tradisjonelle talkshows på TV (Meserko, 2015, s. 797). Eit godt eksempel på dette får ein frå intervjuet med Robin Williams. Han fortel ei historie frå ein gang han var på *Late Night with David Letterman*, der han byrja å grine under reklamepausen og måtte skjerpe seg for å vere klar til dei var på lufta att. Når han fortel dette får ein ei kjensle av at han ikkje føler det på same måten når han blir intervjuet av Maron. Det heilt sparsommelege oppsettet (dette intervjuet vart gjennomført heime hos Williams med berre eit par mikrofonar) legg til rette for ein heilt anna type openheit enn det er vanleg å sjå andre stader. Det finns sjølvsagt fortsatt restriksjonar, og tilveret av mikrofonar legg også føringar for kva som kan seiast og ikkje (Meserko, 2015, s. 804). Anne Jerslev (2004, s. 86) skildrar paradokset ved at ein familie som blir filma i ein dokumentar, kun vil portrettere ein «familie som blir filma». Tilveret av kamera øydelegger det som kameraet er der for å vitne. Dette gjeld også tilveret av mikrofonar i garasjen til Maron. Ein kan argumentere for at ein som lyttar aldri vil kunne vere vitne til ein 100% fortruleg samtale, av den enkle grunn at det ikkje vil vere ein fortruleg samtale så lenge det er mikrofonar til stades. Men ser ein nyansert på det skal det godt gjerast å kome nærare enn det Maron har lagt opp til.

Podkasten er ein stad for offentleg intimitet og ærlegdom. Eg har i dette kapitlet gjort greie for korleis podkasten legg til rette for nettopp den type intervju vi skal sjå nærare på i analysen. I det komande kapitlet skal vi blant anna sjå på det klassiske, journalistiske intervju, samtaleteori, og ulike korleis menn og kvinner har ulike tilnærmingar til samtalar. Dette skal saman med inneverande kapittel legge grunnlaget for analysen av Maron sin intervjuteknikk.

3.5 Klassisk intervjuteknikk med fokus på Sawatskys metode

Intervjuteknikk er ingen eksakt vitenskap, og sjølv om det er stort sett er semje rundt grunnprinsippa ved det journalistiske intervjuet, finns det likevel nok å diskutere. Ein av føregangsmennene innan det journalistiske intervjuet er John Sawatsky. John Sawatsky er ein canadisk forfattar og journalist som har spesialisert seg på intervjuteknikk, og ein av dei læremeistrane ein som journalistikkstudent kjem oftast over når temaet er intervjuet (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 301). I denne teksten kjem eg til å basere meg på Sawatsky sine prinsipp for det journalistiske intervju når vi diskuterer intervjuteknikk.

John Heritage (1985, s. 112) fortel oss dette om nyheitsintervjuet: «The news interview is a functionally specialized form of social interaction produced for an overhearing audience and

restricted by institutionalized conventions.» Dette er ein omtale som passar bra for denne teksten, og med den i bakhovudet kan vi sjå nærare på Sawatsky sine metodar.

Enkelt forklart ser Sawatsky på kva spørsmål som gir dei beste, mest interessante svara. Her handlar det ikkje nødvendigvis om å finne dei beste overskriftene, men å legge til rette for at intervjuobjektet gir deg dei beste svara (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 309). John Sawatsky trer analytisk og skjematisk til verket, evaluerer og justerer seg. Ord vegast med gullvekt, og reglane er ikkje til å misforstå. Når det kjem til det journalistiske intervjuet er Sawatsky sine prinsipp gode å ha med seg. Som ein samanlikning til Marc Maron sin måte å intervjuje på er det spesielt interessant. Dei to står ofte i opposisjon mot kvarandre, utan at ein av den grunn ser på Maron som ein dårleg intervjuar. Kva som til einkvar tid er beste veg til målet er ikkje alltid krystallklart, av den enkle grunn at målet ikkje nødvendigvis er det same for Sawatsky og Maron.

Det er viktig å vere medviten om skilanden mellom dei samtalebaserte intervjua som Maron står for, og det journalistiske intervjuet som Sawatsky representerer. Spørsmåla til Sawatsky ein funksjon også i det samtalebaserte intervjuet, og difor vel eg å bruke hans filosofi som grunnlag for analysen av Maron, saman med det vi skal sjå på i kapitlet om samtalen.

John Sawatskys metode omhandlar det klassiske journalistiske intervjuet, og ein kan destillere ein del av hans prinsipp til ti uvanar (eller ti intervjutekniske dødssynder), og tre reiskaper.

Ti uvanar

1. Å gløyme å stille spørsmål
2. Å stille fleire spørsmål på ein gang
3. Spørsmål overlessa med informasjon
4. Å stille leiande spørsmål
5. Kommentar etter spørsmålet
6. Å vere forutinntatt
7. Ladde, fordømmende ord
8. Spørsmål med slagside og store overdrivingar
9. Lange og kompliserte spørsmål
10. Lukka spørsmål

(Østbye og Øvrebø, 2008, s. 309-313)

Tre reiskaper

1. Opne spørsmål
2. Nøytrale spørsmål
3. Enkle spørsmål

(Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 313-315)

Eg vil også nemne denne formaninga frå Sawatsky: «They should say it!» Det er intervjuobjektet som skal seie det, ikkje intervjuar (Lamark, 2001, s. 63).

I tillegg ønskjer eg å fokusere på noko heilt essensielt, som kan forklare litt av avstanden mellom ein intervjuar som Marc Maron og John Sawatsky. Snakke/svare ligg i kjernen av det Sawatsky ønsker å formidle. Ein kan alltid få eit intervjuobjekt til å snakke, men det er mykje vanskelegare å få hen til å svare (Lamark, 2001, s. 53). I Maron sitt tilfelle er det ikkje alltid at eit svar per se er det han er ute etter. Det å skulle presse intervjuobjektet til å svare på konkrete spørsmål vil kunne øydelegge dynamikken dei to imellom, i den settinga som skal etterlikne ein samtale mellom vener. Og med det lange intervjuet i tankane er det kanskje ikkje viktig å få svar på akkurat *dette* konkrete spørsmålet akkurat her og no. Kanskje det finns andre vegar til svar? Å kunne nyansere dei vedtekne sanningane i det intervjutekniske faget trur eg vil vere fruktbart. Eg vil påstå at ein god, dynamisk samtale kan vere grobotn for gode, djupe og ikkje minst vanskelege svar (Lamark, 2001, s. 50).

Nokre av prinsippa til Sawatsky treng ein del utdjuping. «Å gløyme å spørje» handlar om å komme med ein påstand i staden for eit spørsmål. Dette er veldig vanleg, og noko vi kjem til å sjå mykje av i analysen av Marc Maron sin intervjustil (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 309).

Ein ser same problemstillinga med lukka spørsmål, som formulerer ut eit svar som intervjuobjektet kun treng å stadfeste eller avfeie (Strand, 2009, s. 33).

«Å stille fleire spørsmål på ein gang» forklarar seg sjølv, og resultatet av slike spørsmål er gjerne at ein kun får svar på det siste spørsmålet, eller det spørsmålet som intervjuobjektet helst vil svare på (Lamark, 2001, s. 60).

Lange og overlessa spørsmål er uheldige av den grunn at dei gir intervjuobjektet mange ulike knaggar å feste svaret sitt på. Som journalist ønskjer ein gjerne å briljere med sin kunnskap om eit tema, og bakar alt dette inn i spørsmålet. Sawatsky samanliknar dette med ein motorveg med altfor mange avkøyrslar, ein gir intervjuobjektet høve til å ta ein avstikkar i staden for å fortsette i riktig retning (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 310).

Med leiande spørsmål snevvar ein inn høvet for intervjuobjektet å gå i ein annan retning enn den intervjuaren har staka ut. Dette er ikkje naudsynsvis uheldig for ei ønska vinkling, men det er ikkje beste måten å få dei riktige svara på (Lamark, 2001, s. 64). Eit lukka spørsmål kan også ta frå intervjuobjektet høvet til å setje eigne ord på det det blir spurt om (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 311).

Når ein vel å kommentere etter eit spørsmål kan ein for det første ende opp med at intervjuobjektet kun kommenterer kommentaren. I tillegg «skitnar» ein til spørsmålet ein har stilt. Noko av målet med Sawatsky sin metode er å gjere det så enkelt som mulig (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 311).

Ved å vere forutinntatt kan ein oppleve at intervjuobjektet stenger seg inne og vegrar seg frå å snakke om eit tema (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 311).

Triggerord, eller ladde ord av typen rasist, nazist, elske, hate etc. vil sjeldan føre med seg gode svar. Sawatsky samanliknar det med bomber som sprenger heile spørsmålet (Lamark, 2001, s. 73).

Å legge inn overdrivingar (dette kan også på eit vis definerast som unøyaktigheiter) i eit spørsmål, fører også til avsporingar. Om ein brukar ord som alltid, kvar gang, aldri, garantert osv., risikerer ein at intervjuobjektet først og fremst blir interessert i å nyansere det som har blitt sagt (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 312).

Det er heller ikkje lurt å stille for *kompliserte spørsmål*. Ein må unngå kompliserte formuleringar. Det er ikkje om å gjere å høyrest smart ut når ein stiller spørsmål. Som Sawatsky heile tida poengterer, det er viktig å halde det så enkelt som mogleg (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 312).

Lukka spørsmål er den største av alle dødssyndene, og også den det syndast mest mot. Enkle ja/nei-spørsmål legg orda i munnen på intervjuobjektet, og dermed forsvinn dei gode sitata og ein tek frå intervjuobjektet høvet til å formulere sine eigne svar. «They should say it!», som Sawatsky seier (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 312-313). Det er ikkje alle som er like bastante som Sawatsky på akkurat dette punktet, og ifølge Kurt Strand (2009, s. 36) må ein ikkje sjå på det lukka spørsmålet som eit dødssynd. Han meiner det har sin plass i intervjuet, men ein må bruke det med fornuft. Mellom anna kan det brukast til å styre samtalen.

I essens finns det kun to formar for spørsmål: Opne spørsmål og lukka spørsmål. Opne spørsmål gir intervjuobjektet høve til å fortelje med eigne ord, medan lukka spørsmål legg orda i munnen på dei. Sawatsky har også ei liste over grunnleggande, opne spørsmål som ein kan bruke:

1. Kva skjedde?
2. Kva meiner du med det?
3. Kvifor det?
4. Kva muligheter har du?
5. Korleis vil du karakterisere det?
6. Kva gjorde du då situasjonen endra seg?
7. Kva sa hen då?
8. Korleis er/følast det? (What is it like?)
9. Kva gjekk gjennom hovudet ditt akkurat då?
10. Kan du gje meg eit eksempel på det?

(Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 315)

Metoden til Sawatsky baserer seg meir på spørsmål som startar med kva, korleis og kvifor, enn spørsmål som startar med kven, kortid og kor. Den siste forma for spørsmål vil gje deg svar på heilt konkrete spørsmål, men det produserer kun heilt enkle faktasvar (Paterno, 2000a).

Dei grunnleggande teoriane og tipsa til Sawatsky kan vere heilt essensielle verkty for journalistar som ønsker å få mest mulig ut av intervjusituasjonar. I tillegg finns det ei rekkje

nyanseringar og tilleggstips som er fine å ha med. Eg har då valt å ta med dei som verkar mest hensiktsmessige for denne teksten.

Sawatsky bryt ned teorien bak spørsmålet som omgrep til to bestanddeler: Eit tema og eit krav. I det heilt grunnleggande kan ein seie at eit spørsmål krevjar noko av den som mottar det. Dette er eit krav *om noko*, altså eit tema. I dette kravet ligg det også ei maktfordeling, der den som stiller spørsmålet har makt i form av å vere den som set kravet til den som mottar spørsmålet (Y-Press, 2009).

Eit poeng Sawatsky har er at ein ofte støttar seg på intervjuobjektet, i staden for spørsmåla, for å få dei gode svara. Utdjupande svar kan komme av den grunn at intervjuobjektet er sosialt innlært til det og *vel* å vere hyggeleg. Når ein stillar lukka ja/nei-spørsmål risikerer ein einstavings svar, men får som oftast ei utdjuping også. Dette kjem ikkje som følgje av gode spørsmål, men er heller ein form for velgjerd frå intervjuobjektet. Den vi ikkje vil oppleve å få gode og interessante svar frå i ein slik situasjon er den som har noko å tape (Paterno, 2000a).

I eit intervju frå 2009 fortel Sawatsky om viktigheita av å *spisse spørsmåla*. Sjølv om han er opptatt av opne spørsmål, er det likevel viktig å spisse temaet ein spør om. «Kva synast du om verda i dag?» er for eksempel eit spørsmål som er alt for vidt, og ein vil etter alt å dømmе ikkje få eit godt svar ut av det. «Kva synast du om» er likevel ein god start, og om vi skal ta eit eksempel frå sportsverda, kan ein ende opp med til dømes «kva synast du om frisparket du fekk mot deg i det 85. minutt?», i staden for å spørje «kva synast du om kampen i dag?». I det same intervjuet fortel han om at ein med fordel bør stille spørsmål i ei kronologisk rekkfølge, ettersom at det er på denne måten folk tenker. Dette skal som følgje av det føre til meir informasjon (Y-Press, 2009).

Det *er* skilnad mellom eit intervju og ein samtale, og sjølv om ein gjerne ønsker at det skal høyrast naturleg ut når ein intervjuar nokon, skal det likevel ikkje vere eit mål at ein ender opp med ein samtale i tradisjonell forstand. Eit av tipsa Sawatsky gir er: «*Sound conversational, but never engage in conversation.*» (Paterno, 2000a).

I kapitlet om samtalen skal vi sjå på skilnaden mellom den institusjonaliserte interaksjonen mellom intervjuar og intervjuobjekt i journalistisk forstand og ein tradisjonell samtale. Blant

anna vil mangelen på det vi kallar for *third-party responses* vere typisk for eit nyheitsintervju, og på same måte vil det då, som Sawatsky påpeikar, vere feil å innlate seg i samtale ved å til dømes reagere på utsegn på ein konversasjonalistisk måte. I forlenginga av dette bør ein også unngå å sympatisere med intervjuobjektet, og ein bør stille spørsmål med same type ord som intervjuobjektet brukar. Formålet med ein samtale er å utveksle informasjon, medan formålet med intervjuet er å hente ut informasjon. I intervjuet må målet vere å hente få folk til å gå lengre enn det dei på forhand har planlagt å gjere, medan ein i ein samtale i større grad kjempar om å få fram eit poeng (Paterno, 2000a).

Når vi no har god kjennskap til John Sawatsky sine metodar for det journalistiske intervju skal vi ta føre oss samtalen.

3.6 Samtalen

I dette kapitlet skal eg sjå nærare på ulike formar for samtale, og spesielt korleis tradisjonelle samtaler skil seg frå og liknar på det journalistiske intervju.

Samtalen ligg i botn for all sosial interaksjon mellom menneske. Djupe og meningsfulle samtalar kan skape livslange band mellom menneske, og er også limet som held relasjonar i hop. Dette skriv Jim Knight (2016, s. 3) i boka *Better Conversations: Coaching Ourselves and Each Other to be More Credible, Caring, and Connected*. Marc Maron har følgande å seie om samtalanane han på podkasten sin: «All I want to happen is to connect with somebody emotionally around things that are important to each of us, and either be funny, or be honest, or be emotional, just as long as the conversation is authentic.» (WTF with Marc Maron, 2014a)

Ulike formar for samtale krevjar ulik tilnærming, men ein kan finne nokre prinsipp som kan gjelde for samtalar på eit generelt nivå. Den britiske språkfilosofen H. Paul Grice utvikla i 1967 fire maksimer for samtalen, eller generelle prinsipp for ein effektiv og samarbeidande bruk av språket. Ein kan sjå på desse som *dei samarbeidande prinsipp*. Han ga dei namn etter kategoriar i Kants *Kritikk av den rene fornuft*: Kvantitet (ver informativ, men ikkje meir informativ enn nødvendig), kvalitet (ikkje sei noko du veit er usant, og ikkje sei noko du manglar bevis for), relasjon/relevans (ver relevant) og måte (ver kort, presis og unngå tvityde) Kort forklart skal desse reglane legge til rette for ein mest mogleg effektiv, rasjonell og

samarbeidande samtale. Ein vil ikkje alltid bruke akkurat desse maksimane slavisk, men på eit eller anna nivå vil ein tolke det som blir sagt utifrå dei. Desse reglane kan sjåast på som konvensjonelle reglar som ein lærer på lik linje med annan sosial interaksjon (Levinson, 1983, s. 101-102).

Eva Mårtensson (1989, s. 94) skriv at samtalen først og fremst har ein sosial funksjon, og at innhaldet i samtalen spelar ei underordna rolle. Ein vil til dømes ikkje innleie ein samtale med ein perifer kjenning på bussen med sine djupaste uroar eller legge ut om sitt politiske syn. Dette vil vike frå etablerte normer og sette samtalepartnaren i ein vanskeleg situasjon. Forventningar om samtalen spelar ei viktig rolle. Det spekulerast i om dagens samfunn ikkje gir tilstrekkeleg mange høve for private samtalar, som burde vere det vi tyr til når ein skal hanskast med privatlivets problem. Som følge av dette ser ein mellom anna framveksten av underhaldningsprogram der ein tek opp private tema og får servert fortrulege samtalar vakse fram (Mårtensson, 1989, s. 96).

Eg må kort her ta føre meg språklege utfordringar. Når menneske kommuniserer med ord blir det gjort med ei rekkje avgrensingar. Det ein er i stand til å kommunisere med ord vil aldri kunne atterskape tankane som talaren ønskjer å uttrykke. Språk er ein form for koding av tankar, og i kodinga blir tankar komprimert til språk. På vegen mistar ein noko av informasjonen. I samtalar føregår ein dekodning av det som blir sagt, som basert på kulturell bakgrunn anten blir oppfatta på riktig vis eller misforstått. Det blir også hevda at ein i ein samtale er ute etter å plukke opp den mest relevante informasjonen som blir gitt, utifrå ein biologisk ståstad (Berger, 2006, s. 3). Med dette som utgangspunkt forsøker altså menneske å kommunisere, og sjølv om det ligg hinder i vegen klarar ein stort sett å gjere seg forstått. Ei kjend myte er at kun sju prosent av all kommunikasjon skjer verbalt, medan 93 prosent skjer non-verbalt. I dette ligg kroppsspråk (55%) og *tone of voice* (38%). Berre for å legge denne ballen død; forskinga til Albert Mehrabian som desse tala er henta frå var aldri meint å seie noko om samtalar. Konklusjonen av eksperimenta han gjennomførte sa at for inkonsistent og motseiande kommunikasjon kan kroppsspråk og toneleie vere meir nøyaktige indikatorar for meining og kjensler enn sjølv orda som blir brukt (Yaffe, 2011). Poenget her er å gi orda tilbake noko av statusen som meiningbærarar og kommunikasjonsverktøy. Når eg seinare skal analysere intervjuet til Marc Maron blir det basert nesten utelukkande på ord og formuleringar. Kroppsspråk let seg ikkje registrere, og sjølv om toneleie vil kunne bli kommentert er det primært spørsmål og verbal interaksjon med gjesten det vil bli fokusert på.

Eva Mårtensson (1989, s. 91) argumenterer for at vi har fått ein intimisering av det offentlege språket. Noko av grunnen til dette, skriv ho, er at myndigheiter i nyare tid har tatt over nokre av dei ansvarsområda som før hørte til den private borgar. Som resultat har ein tilpassa språket til oppgåva. Dette språket gjennomsyrrer no også TV og radio. Ein brukar det private språket som ein i radioens barndom unngjekk. For å komme hit måtte ein bryte med den tradisjonelle taleforma, og sjølv om dette verka unaturleg i starten, ser vi i dag eit tilnærma lik likt språk i etermedia og privat.

Når vi her skal sjå nærare på samtalen, kjem eg til å fokusere på teknikkar og praktisk bruk av desse teknikkane i samtalar, og spesielt fokusere på samtalen i offentlegheita. Det vil også vere litt overlapping mellom samtaleteorien ein finn i dette kapitlet og teknikkar ein også vil finne i det journalistiske intervju. Ettersom at vi i denne teksten ser på samtalen i ein intervjusetting, vil eg i starten sjå nærare på intervjuet som institusjonalisert samtale.

Intervjuar er den som sit med makta, og dermed er forholdet mellom intervjuar og intervjuobjekt asymmetrisk, noko som er typisk for den *institusjonelle samtale* (Drew og Heritage 1992, s. 47). På denne måten skil intervjuet seg frå den kvardagslege samtalen der deltakarane er meint å vere likestilte. Drew & Heritage (1992, s. 48) peikar på at dette er ei forenkling av forholdet mellom aktørane i den kvardagslege samtalen, og at det vil eksistere ein asymmetri også i desse samtalanene. Poenget her er å vise korleis den institusjonaliserte samtalen i intervjuet har svært tydelege rollefordelingar, og klar maktfordeling. Ein intervjuar opererer ut frå eit imaginært manuskript, som til dels legg føringar for gjennomføring av samtalen (Larsen 1997, s. 124). Ein kan knytte dette opp mot forarbeidsfasane i retorikken, der det imaginære manuskriptet vil kunne kallast *dispositio*, medan sjølvve intervjuet då blir framføringa, eller *actio* (Johansen 2002, s. 32). Ein vil likevel sjå at samtalen er uføreseieleg, ettersom at den baserer seg på dialog (Larsen 1997, s. 61). Typisk for den type institusjonell samtale som intervjuet er, er at det kun er intervjuar stiller spørsmål. Likeeins er det kun intervjuobjektet som svarer på spørsmål. Denne forma for turtakingssystem, det Stephen C. Levinson (1983) kallar *turn-taking*, er tilpassa ein institusjonell kontekst, med eit innsnevra handlingsrom hos dei ulike rollene, med eit sett forventningar hos deltakarane (Drew & Heritage 1992, s. 25). Ein kan kalle systemet den institusjonelle samtalen som det journalistiske intervju eksisterer under for eit *local management system*. Eit sett reglar og

forventningar som styrer kven som har ordet til ei kvar tid, og kva som ein kan vente av dei ulike aktørane i samtalen (Levinson 1983, s. 297).

John Heritage (1985) har sett nærare på den forma for samtale og intervju som er til for eit publikum eller ein tredjepart, og eg vil her ta føre meg noko han kallar for *third-turn responsive actions*, det ein kan kalle respons på svar etter spørsmål. Eit eksempel på det vil vere dette:

A: Kva er klokka?

B: 20.00

A: Seier du det?

Denne forma for *third-turn responsive actions* er eit eksempel på det John Heritage (1985, s. 100) kallar eit nyheitsmerke, eller *newsmark*. Både nyheitsmerket og utsegn som «mmm», «mm hm» etc., gir forventningar om at motparten i samtalen skal fortsette å prate. Heritage kallar desse siste responsane for *continuers*. Ein har også det han kallar for *news receipts*, der ein reagerer på det som har blitt sagt som ei nyheit. For eksempel med «oh!».

Heritage peikar på det problematiske med slike *third-turn responses* i nyheitsintervjuet. Då tenker ein ikkje på *continuers*, men desse responsane som viser at det ein høyrer er ei nyheit. Han skriv mellom anna at ein ved å respondere på denne måten identifiserer seg sjølv som den primære mottakar av nyhenda, i staden for at det blir produsert for ein tredjepart, for publikumet. Publikum vil ved slike omstende kunne oppleve at dei overhøyrer noko som blir sagt i ein privat setting, i staden for at dei er den primære lyttar eller mottakar av informasjonen (Heritage, 1985, s. 100). Dette er noko som gir samtalen ein intim karakter. Om ein skal sjå på det som underhaldning, kan dette vere pirrande for publikum, som om ein får høyre noko som er hemmeleg. Ein slik *lukka relasjonsetablering* har ein særleg underhaldningsverdi (Mårtensson, 1989, s. 97).

Når ein intervjuar nokon med det formål at det skal presenterast for ein tredjepart er ikkje intervjuar den primære mottakar av informasjon, men ein indirekte formidlar. Tine Grüner Larsen har i sin rapport *Ekte menneske med ekte følelser* (1997) analysert nokre av samtalanene i TV 2-serien *En anelse rødt* som gjekk på TV frå 1993 til 1994. Programleiaren her er ikkje redd for å reagere med *third-turn responses*, og dette er eit tydeleg eksempel på ein form for

samtale som skil seg markant frå nyheitsintervjuet. Det peikast på at kanskje den viktigaste skilnaden på nyheitsintervjuet og samtalen er nettopp desse *third-turn responses*. Medan nyheitsintervjuet består av kjeder av spørsmål og svar, består samtalen i *En anelse rødt* av kjeder av spørsmål og svar, kombinert med *third-turn responses*. Ein kan sjå på det som ein hybrid mellom nyheitsintervjuet og kvardagssamtalen (Larsen, 1997, s. 47 og 57).

Førekomsten av *third-turn responses* har samanheng blant anna med kva tema som diskuterast. Dess meir personlege tema, dess fleire slike tilbakekoplingssignal (Larsen, 1997, s. 124-125).

Utbreidde responsar som «mhm», «jah» på innpust, «ikkje sant» etc. er nokre av dei essensielle ingrediensane i ein samtale. I prosjektet *Samtalens prosodi* har Mattias Heldner, professor i fonetikk ved Stockholms universitet, sett nærare på desse lydane. Humming oppstår som eit samspel mellom samtalepartnarar, og ein speilar gjerne den ein pratar med og hummar i same toneleie. Humming og korte responsar kan fortelje oss at det er ok å fortsetje å prate (Kvittingen 2014). Leil Lowndes (2014, s. 174) rår oss å unngå slike korte, udefinerte responsar i ein samtale, og heller meiner ein skal formulere ut noko lengre setningar som «eg skjønner kva du meiner» og «det var ein fin ting å seie» etc.

Det finns ulike måtar ein kan kontrollere ein samtale på. Ein måte ein intervjuar kan kontrollere intervjusituasjonen på er å endre samtaleemne. Dette markerer også kven som sit med makta i intervjuet. Ved å korrigere og oppmuntre samtalepartnar med ord som «ja», «nei», «mmm», etablerer ein også eit skeivt maktforhold i ein samtale. Spørsmålet i seg sjølv er også noko ein opplev som inntrengande, og noko som definerer makt i ein samtale (Vagle et al., 1994, s. 69). I ein intervjusituasjon er også makta allereie definert utifrå situasjonen.

John Heritage (1985, s. 107-108) har skildra noko han kallar *the cooperative recycle* der intervjuar samarbeidar med intervjuobjektet for å få poenget fram. Ved å kalle denne forma for å intervju *samarbeidande*, skil ein det frå intervju der intervjuar vel å representere den andre sida av ei sak.

Noko som kan minne om dette er det Heritage (1985, s. 108-109) kallar *the inferentially elaborative probe*. I slike tilfelle vil intervjuar tolke det som tidlegare har blitt sagt på ein spissa og konfliktskapande måte, for så å omformulere det som eit spørsmål. Ein drar gjerne fram tolkingar og det som kan lesast mellom linjene, og prøver å formulere det som

intervjuobjektet har avstått frå å seie. Dette er ein meir konfronterande tilnærming, og vil ofte ende med at intervjuobjektet ikkje går med på omformuleringa.

Reformuleringar av typen vi har sett her er nyttige for å avklare kva som har blitt sagt, å dra ut poeng frå svar som har vore uklare og ufokuserte, å understreke viktigheita av noko som har blitt sagt, eller å utfordre det som intervjuobjektet har sagt. I denne samanhengen kan det også ha verdi for lyttar, av dei grunnane eg har lista over (Heritage, 1985, s. 114). Ein ser at det tvinger gjesten til å stille seg til det som han har sagt. Det kan også sjåast på som ein terapeutisk teknikk, ettersom det kan gje intervjuobjektet/pasienten innsikt (Larsen, 1997, s. 110). Ein reformulering kan samstundes danne grunnlag for eit tema for vidare prat (Heritage 1985, s. 106). Reformuleringa er gjerne forma som eit lukka ja/nei-spørsmål, eller vil opplevast slik (Larsen, 1997, s. 107). I forlenginga av dette kan ein også nemne det ein kan kalle for *spørjande konstantering*. Eit eksempel på dette kan vere spørsmålet «men du valte likevel å fullføre løpet?». Her tek ein noko ein allereie veit om intervjuobjektet, som endå ikkje er sagt, og gir stafettpinnen tilbake til intervjuobjektet for ein utdjuing (Larsen 1997, s. 55).

I samtalar kan ein sjå at den eine parten fullfører ein setning som motparten har begynt på. I ein intervjusituasjon kan ein seie at programleiar eller journalist fungerer som ein slags *fødselshjelpar* når hen fullfører setningar. Ein ser at dette blir brukt for å hjelpe gjesten i gang, eller om ein har med ein spesielt lite snakkesalig gjest å gjere (Larsen, 1997, s. 64). I talkshowintervju og liknande intervju der praten allereie er planlagt på forhand kan dette vere ein teknikk for å hjelpe gjesten å fortelje historia ein har planlagt å fortelje. Dette kan vere ein teknikk ein bruker for å vise støtte til gjesten, og er også noko ein kan sjå i den terapeutisk samtale, som er kjenneteikna ved at det er den intervjuua som skal få nytte av den (Larsen, 1997, s. 103).

Både reformulering og fullføring av setningar står i sterk kontrast med Sawatsky sitt mantra «*they should say it!*», men denne slags teknikkar har andre formål enn å bringe fram ny informasjon. Ved å vri intervjuet over i ein samtalebasert form kan ein med slike teknikkar skape tillit og tryggleik i eit intervju, og det kan vere effektivt når ein prøver å få eit intervjuobjekt til å snakke om dei nære og private ting.

I periferien av tradisjonelle studiar om samtalen finn ein sjølvhjelps bøker om samtalar, korleis vere ein god samtalepartner og så vidare. Eg vil kort gjere greie for eit par grep her som er aktuelle for analysen. Leil Lowndes (2014, s. 75) kan fortelje oss at ein god måte å få nokon til å prate vidare på er såkalla «*parroting*». Enkelt og greitt handlar det om å det siste din samtalepartner har sagt med få ord, på ein sympatisk og spørjande måte.

- I går var eg på teater.
 - Teater?
 - Ja, det var ein fantastisk framsyning.
 - Fantastisk framsyning?
 - Ja, ein moderne versjon av Et Dukkehjem.
 - Et Dukkehjem?
 - Ja, det heile var gjort på ein bisarr måte.
 - Bisarr måte?
- (Lowndes 2014, s. 75).

Å speile eins samtalepartner kan gjerast på mange ulike måtar, og er ein utbredt teknikk i daglegdags samtale. Om det skulle vere kroppsspråk, toneleie, og til og med ord og formuleringar, så bidrar det til å skape nærleik og forståing. Ein kan nesten samanlikne det med å framføre musikk saman: ein samtale er eit samarbeid (Lowndes 2014, s. 47 & 162). I intervjuet med Todd Hanson for eksempel, ein mann som har slitt med djupe depresjonar, kan ein høyre at Marc Maron mildnar til i stemma når Hanson deler sine erfaringar med han (WTF with Marc Maron, 2011c). Når Hanson si stemme dalar i volum, gjer Maron si det også.

Noko anna ein kan lese om samtaler i sjølvhjelsboka til Lowndes er at det også vere lurt å plukke opp enkeltord og tema som dukkar opp i løpet av praten. Om målet er å få intervjuobjektet til å snakke om eit spesifikt tema, er ikkje dette vegen å gå, men det kan vere ein interessant måte å få intervjuobjektet til å snakke om eit tema som opptar dei og som dei kan vere interesserte i å snakke om (Lowndes, 2014, s. 70). Dette ser ein mykje av hos Maron, og sjølv om det kan opplevast som avsporingar kan det i mange tilfelle gje spanande resultat. Eit eksempel på korleis det kan brukast er dette:

- Det regnar mykje i dag.

- Huff, det er dårleg for plantane.
- Er du interessert i plantar?
- Ja, min mann er gartner.

Ein kan skrive veldig mykje om tips og råd for den kvardagslege samtale, men eg lar det vere med desse eksempla. Til slutt skal vi sjå nærare på samtalen i eit kjønnspektiv.

Sjølv om det ikkje er hovudfokus i denne teksten, må dette perspektivet anerkjennast. I analysen skal vi sjå eksempel frå 12 ulike intervju frå WTF with Marc Maron, og alle intervju er med menn. Sjølv om utvalet av intervju er gjort med overlegg, har ikkje kjønn vore ein viktig motivasjon for utvalet. I Paste Magazine si kåring av dei 25 beste episodane frå WTF with Marc Maron finn ein berre seks intervju med kvinner, og topp 5 er kun menn (Techler, 2017). Vi må altså adressere det faktum at vi her, i denne analysen, skal ta føre oss menn som snakkar med menn. I forlenginga av samtalen skal vi her sjå på den samkjønna samtalen, samt den maskuline og feminine samtalen.

Det er ein slags *common sense* at menn og kvinner snakkar på ulikt sett. Menn diskuterer sport og bilar, kvinner «sladrar» om forhold og det trivielle, menn snakkar mykje, kvinner snakkar mindre osv. Dette er ein form for folkelingvistikk, ein slags amatørstudie av lingvistikken. Det er fordommar som har kulturelt fotfeste, og som pregar til dømes gamle viser og lærebøker om etikette for menn og kvinner, og som legg føringar og avgrensingar personleg og profesjonelt. Dei gir grobotn til forventningar om at kvinner ikkje skal banne og menn ikkje skal grine (Speer, 2005, s. 30-31). I Den Gode Samtalen (1998) av Anbjørg Onstad, ei innføringsbok om «målretta, problemløysande samtalar», finn ein fleire ulike skildringar av ulikheiter mellom kvinner og menn. Til dømes, når kvinner får til noko, skuldar dei gjerne på flaks, medan menn tilskriv det dei får til til sine eigenskaper. Kvinner brukar språk som ein måte å skape kontakt og kome nær andre menneske, medan menn brukar språk for å halde på fridomen sin eller halde på status i ein hierarkisk sosial orden (Ohnstad 1998, s. 101-102). Susan A. Speer (2005) er kritisk til desse innforståtte skilnadane mellom menn og kvinner, medan Ohnstad (1998) ser på korleis ein kan tilpasse den terapeutiske samtalen til slike kjønna forskjellar. Hovudpoenget her er å peike på desse kulturelle, og institusjonaliserte, oppfatningane av kjønn som legg føringar for samtalar og intervju av den typen som vi skal sjå nærare på.

I denne sammenhengen er det mest hjelpesamt om vi ser på maskulinitet og feminitet som eigenskaper ein kan *gjere*, i staden for at det berre *er* (Coates, 2004, s. 138). Dette samsvarar med poststrukturalistiske perspektiv, spesielt då Michel Foucaults og Jacques Derridas teoriar om dekonstruksjon (Mühleisen, 2003, s. 29).

Jennifer Coates (2004) har sett på ulike former for samkjønna samtalar, og eg vil her fokusere spesielt på samtalar mellom menn. Den typisk mannlege samtalen er kjenneteikna ved nokre få særtrekk.

- Den mannlege samtalen er oftare konkurrerende enn samarbeidande. I dette finn ein for eksempel det at menn likar å «leike ekspertar». Dette kan ein sjå på som eit slags konversasjonelt spel der menn bytar på å ha ordet og snakke om eit emne dei er «ekspertar» i.
- Ein ser at menn vel meir upersonlege samtaleemne, som nyheiter, teknologi, bilar og sport. Når temaet blir personleg handlar det oftare om drikkevanar og personlege bragder enn kjensler.
- Menn stiller spørsmål oftare enn kvinner. Dette gjer dei for å få informasjon, eller for å gi ordet til ein annan.
- Når menn pratar overlappar dei sjeldnare enn kvinner ville gjort, så når menn pratar med kvarandre er det forventa at ein snakkar ein-om-gangen. Menn vil derfor oppleve det som avbrot når nokon bidreg med hjelpesame tilleggsopplysningar, sjølv om ein ikkje snakkar over den andre.
(Coates, 2004, s. 133-137).

I tillegg vil eg legge til dette punktet, som eg føler er heilt essensielt når ein skal sjå på samtalar mellom menn.

- Som følge av den moderne konstruksjonen av maskulinitet vil ein sjå at menn legg band på sine kjensler. Dette blir meir og meir sett på som problematisk (Coates, 2004, s. 142).

I den kvinnelege samtalen ser ein at det er viktig å overlappe med kvarandre, å ha ein samarbeidande prat og kome med positiv *feedback*. Menn skapar relasjonar til andre menn ved leiken konflikt og konkurranse, medan kvinner oppnår det same ved å dele saker om seg sjølve (Coates, 2004, s. 138). Ein kan velje om ein utøvar den mannlege eller kvinnelege

samtalen, og det skapar ein fleksibilitet i sosiale situasjonar. Ein tek slike val basert på kulturell forståing og rådande normer (Coates, 2004, s. 139).

Marc Maron representerer ei ny retning i stand-up-verda. Stephen Kohlmann (2014) frå universitetet i Wisconsin-Milwaukee har karakterisert det som *the emerging sensitive new man movement*, og viser til korleis ein ser ein ny form for utleverande og kjenslevare menn i stand-up i dag, i skarp kontrast til dei hypermaskuline og heteronormative mennene som prega scena på 80- og 90-talet. Denne nye forma for komikarar er i hovudsak kvite, heteroseksuelle menn (slik som komikarmiljøet elles) (Kohlmann, 2014, s. 3). Amerikansk stand-up har alltid vore ein guteklubb, spesielt når ein ser på det i ein historisk kontekst, og når vi skal sjå på ein form for intervju som blant anna har fått namnet «komikarsamtalar» må ein ta høgde for kjønnsperspektivet. Som vi allereie har sett har talkshowet på amerikansk TV vore prega av mannlige programleiarar.

Den nye forma for komikarar har ein mykje meir privat og utleverande stil enn ein har sett tidlegare, og dei er ikkje redde for å vise feminine sider ved sin personlegdom (Kohlmann, 2014, s. 7). I podkasten sin er Maron open om kjensler om sjalusi, usikkerheit og utilstrekkelegheit. Å kommunisere sin uro på måten Maron gjer kan karakteriserast som eit feminint trekk (Kohlmann, 2014, s. 53). Eg vil her avslutte med eit sitat frå Kohlmann (2014, s. 8) som skildrar Maron på ein god måte: «Maron represents the sensitive and highly expressive comedian who fully rejects hypermasculine tropes in favor of fully expressing his feelings.»

3.7 Marc Marons metode

I analysen skal eg ta føre meg nokre intervjutekniske grep Marc Maron brukar i sine intervju. I løpet av arbeidet med analysen har det utkrystallisert seg nokre grep og kjenneteikn ved Maron sin måte å intervjuje på, og dei kan kort oppsummerast som følger.

Han utnyttar situasjonen og mulighetene som ligg i podkastmediet ved å starte opptaket av intervjuet før gjesten er klar over det. Vi som lyttarar blir på denne måten invitert inn back stage *før* intervjuet startar, og får ta del i den *smalltalken* ein vil kunne høyre medan ein førebur seg til eit intervju. Ein kjenner igjen dette grepet ved at gjestar på podkasten ofte spør «*have we started yet?*» litt ut i intervjuet. Intervjua startar med andre ord *in medias res*, og

han vatnar på denne måten ut skiljet mellom on-air og off-air, og også mellom *back stage* og *front stage*.

Maron er ute etter å forstå kva intervjuobjektet prøvar å formidle. Han gjer dette ved å omformulere det gjesten seier, kome med forslag til formuleringar og svar, kome med påstandar som anten må avkreftast eller stadfestast, og er samstundes ein særskild aktiv deltakar i samtalen. Alt dette botnar i eit ønskje om å få fram og få klarheit i det gjesten meiner. Eg meiner det er eit grep han brukar både for sin eigen del, og for oss som publikum.

Han brukar flittig kjende grep frå samtaleteorien, og då spesielt *third-turn responses* (Heritage 1985, s. 100). På denne måten definerer han intervjuet som ein samtale overfor intervjuobjektet, og han gjer seg sjølv til den primære mottakar av det som blir sagt, i staden for å fungere som ein reiskap mellom lyttarane og intervjuobjektet.

Han konfronterer gjestane, er aggressiv i intervjusituasjonen og gir dei samstundes høve til å forklare seg. Dette kan fungere godt ved å «tvinge» gjestane til å vise seg frå ei meir ærleg side, men det finns fleire eksempel på at denne intervjustilen ikkje fungerer, som vi skal sjå seinare.

Maron brukar seg sjølv aktivt i samtalen, med den tyngda han har med snart 40 års fartstid i bransjen. Han delar private og nære detaljar om seg sjølv og sitt eige privatliv, og får gjestane til å gjere det same. Han har stor innsikt i kva som skjer på innsida av showbusiness, og dreg fordel av dette i samtale med intervjuobjekta. Som ein innsidemann skapar han av og til illusjonen av at gjestane snakkar med ein kollega heller enn ein intervjuar.

Maron styrer samtalen aktivt ved hjelp av ulike grep, og tek dermed rolla som intervjuar og den med makta i det asymmetriske forholdet mellom intervjuar og intervjuobjekt. Dette står i kontrast til dei grepa han brukar for å skape illusjonen av samtale.

Han bryt med mange av reglane til John Sawatsky, men spelar også ofte på lag med Sawatsky. Det finns ein fin balanse mellom når det fungerer og det ikkje fungerer, og ein skal få sjå at når han bryt med Sawatsky fører det ikkje nødvendigvis til noko bra.

Maron tek innimellom rolla som terapeut der han let intervjuobjektet fortelje og reduserer samstundes seg sjølv til lyttar og støttespelar. I slike situasjonar dreg Maron nytte av sin bakgrunn med ulike rusproblem og mentale problem, og vi skal få sjå at Maron ved fleire høve får intervjuobjekta til å opne seg og fortelje om nære og private ting.

Han vekslar mellom å ta i bruk klassiske samtalegrep frå den maskuline og feminine samtalen, og på denne måten klarar han å legge til rette for meir kjensletunge samtalar enn ein vanlegvis vil sjå mellom menn.

Dette oppsummerer veldig kort det vi skal få sjå i analysen og er dei viktigaste kjenneteikna ved Maron sin måte å intervjuje på.

4.0 Metode

I dette kapitlet skal vi sjå på metodane eg har brukt i analysen, samt gjere greie for metodevala. Vi skal sjå nærare på korleis eg har valt å transkribere intervju, konversasjonsanalyse, samt sjå på metodiske svakheiter og etiske problemstillingar rundt mi rolle som forskar og objektivitetsidealet.

Denne oppgåva brukar ein form for kvalitativ analyse som ein kallar for casestudie (eller kasusstudie), der eg har nytta meg av tekstanalyse (Østbye et al., 2007, s. 238). Eg har valt å analysere eit utval episodar av podkasten WTF With Marc Maron ved hjelp av transkripsjonsmetodar frå konversasjonsanalysen, teoriar om samtalen samt John Sawatsky sine retningslinjer for det journalistiske intervju. Det journalistiske intervjuet ligg i botn for desse samtalane, men metodane som er i bruk er vel å mykje å finne i teori om den daglegdagse samtalen. I intervju har Marc Maron ein særskilt posisjon som programleiar og intervjuar, og er den profesjonelle part i samtalen (Larsen, 1997, s. 123). Eg kjem også til å sjå nærare på intimiseringa av offentlegheita.

4.1 Case-studie

Når eg har valt å sjå nærare på ein form for intervju ein blant anna finn i amerikanske komikarpodkastar, er dette eit felt det ikkje finns særleg mykje teori om. Det der derimot finns teori om er intervjuteknikk og samtaleteori. Dette er fagområda eg kjem til å ta i bruk når eg skal sjå nærare på intervjuteknikken til Marc Maron. Østbye et al. (2007, s. 239) kan fortelje oss at case-studiar er nyttige å bruke når ein skal forske på felt der det er dårleg med teori. Det vil fungere som ein *første innsikt*. Poenget er å finne fenomen som er viktige, og finne fram til omgrep som kan skildre desse. Ein kan kalle det for ein eksplorerande undersøking. Det er ikkje nødvendigvis slik at *WTF With Marc Maron* vil vere typisk for genren og passande for ei generalisering, men ved hjelp av ein slik analyse vil ein kunne danne grunnlag for ein meir systematisk skildring av nettopp denne nye forma for intervju.

Per Ekegren skriv dette om case-studiar: «En case-studie er en intensiv og detaljert studie av et enkelt tilfelle, enten for sin egen skyld eller fordi man mener at tilfellet belyser et generelt fenomen eller problem.» (Østbye et al. 2007, s. 238). Robert Yin peikar på at case-studiar skjer i samtida, medan Johan Galtung kallar det «intensive forskingsstrategiar» eller «kartlegging av mange egenskaper hos én eller noen få enheter.» (Østbye et al. 2007, s. 238).

I arbeidet med ein case-studie må ein forenkle verkelegheita. Ved å inkludere så mange detaljar som mogleg kjem ein stadig nærare det verkelege liv, men ein vil aldri vere i stand til å overføre verkelegheita 100% til ord (Østbye et al., 2007, s.-237-238). Kor stor grad av detaljrikdom ein vel å ha med er ulikt frå studie til studie, og eg vil argumentere for mitt val av detaljgjeving seinare i dette kapitlet.

4.2 Tekstanalyse

«Tekst» i ein medievitenskapleg kontekst er eit utvida tekstomgrep som omfattar alle uttrykksformer, både skriftleg tekst, levande bilete, lyd og musikk (Østbye et al. 2007, s. 61). I denne oppgåva er teksten det er snakk i hovudsak lydtekstar. Eg har valt å ikkje gjennomføre kvalitative intervju eller *surveys*, og har også medviten valt å avstå frå å analysere kontekstuelle omstende som Marc Marons TV-serie *Maron*, sceneshow og standup, monolog før og etter episodar, og andre vedliggande faktorar som er tilknytt til intervju i podkasten. Formålet med denne analysen er å sjå på intervjuteknikken i lys av klassisk intervjuteknikk og samtale teori, med fokus på offentleg intimitet.

Når ein snakkar om tekstanalyse er det snakk om *kvalitative* studiar av tekstar. Når ein analyserer stiller ein spørsmål til noko ein ønskjer å få svar på, og når eg her skal gjere ein tekstanalyse er det med mål om å vite meir om ein bestemt type tekstar. I ein tekstanalyse vel ein omgrep og analyseverktøy som er best egna for å belyse dei aspekta ved ein tekst som ein ønskjer å sjå nærare på. «Tekstanalyse forutsetter et perspektiv, et begrep og en problemstilling som gir analysen retning og redskaper til å forstå tekstene med» (Østbye et al., 2007, s. 57-58).

4.3 Tekstutval

Tekstmaterialet mitt er tolv episodar/lydtekstar frå podkasten *WTF With Marc Maron*. Med bakgrunn som lyttar og fan av denne podkasten har eg god kjennskap til episodematerialet (i skrivande augneblink over 850 episodar), og basert på eigen kjennskap med mange hundre timar lytting, omtalar av episodar i populærkulturelle medium, kåringar av beste episodar av *WTF with Marc Maron* (Nelson, 2013), samt fokus på variasjon og tematisk treffande episodar har eg enda opp med tolv ulike og interessante episodar. Eg har analysert fleire episodar enn dei som er representert i denne oppgåva, og dei episodane som står igjen her er

dei eg har rekna som mest interessante sett opp mot problemstillinga. Ettersom at det er snakk om lydtekstar har arbeidet bestått i lytting og transkriber Ing. Måten eg har transkribert på kjem eg inn på nedanfor. Eg har valt ut interessante og treffande passasjar frå intervjuet, og kommentert desse i lys av teorien om intervjuteknikk, samtale og offentleg intimitet, samt eigne tankar og betraktningar omkring det som blir sagt. Eg har lagt veldig lite vekt på introduksjonen og monologen som ein finn i starten av kvar av episodane. Eg har i staden valt å fokusere på sjølve intervjuet.

Dei tolv episodane av WTF with Marc Maron eg har sett på er:

Episode 12 – Nick Kroll

Episode 67 – Robin Williams

Episode 75 – Carlos Mencia

Episode 111 & 112 – Louis C.K.

Episode 144 – Patton Oswalt

Episode 145 – Gallagher

Episode 190 – Todd Hanson

Episode 245 – Todd Glass

Episode 502 – Chris Cornell

Episode 613 – Barack Obama

Episode 796 – Reza Aslan

Episode 857 – Willem Dafoe

Desse intervjuet ligg det lenker til i kjeldelista. Intervjuet er tilgjengelege via Marc Maron si nettside www.wtfpod.com og ligg bak abonnement. Alle intervjuet ligg også opent på YouTube.

Eg har valt å transkribere intervjuet utifrå følgande system:

[] inneverande talar sitt utsegn avbrytast eller overlappast av ein annan talar sitt utsegn

(.) Mikropause, på lengde med ei staving ca.

.... Makropause, på lengde med fleire stavingar ca.

Ikkje kursiv: Stavingar som er framheva vha. styrke, tonefall eller varigheit

? Stigande intonasjon

- . Synkende intonasjon
- , Oppretthaldande intonasjon
- (()) Spesifisering av ikkje-verbale moment
- () Usikre transkripsjonsstadar
- hh Høybar ut- eller innanding
- ‘ Sitat inne i sitatet

Analyseverktøyet har eg funne i kapittel 6 av Stephen C. Levinsons (1983) *Pragmatics*, samt frå Larsen (1997, s. 43-44) sin rapport.

I starten av transkripsjonane har eg skrive ut intervjuar og intervjuobjekt sitt fulle namn ved første førekomst, og deretter identifiserer eg dei kun med etternamn. Eg gjer det same ved kvar passasje. Alle sitat står i kursiv.

Når ein overfører lyd kjelder til skrift mistar ein mykje informasjon. I somme tilfelle kan det som er blitt transkribert vere misvisande, då det ein høyrer kan oppfattast på anna vis når det er omgjort frå lyd til skrift (Larsen, 1997, s. 44). Eg som forskar kan også misforstå det som blir sagt og tileigne det andre meiningar med mine kommentarar. Det er vanskeleg å nyansere kraftutsegn, nervøsitet og liknande i skrift, og sjølv om eg vil prøve å kommentere og klargjere utsegn som kan misforståast, er det likevel verdt å peike på moglege feilkjelder her.

For å setje intervjuar inn i ein større samanheng har eg sett nærare på det offentlege rommet intervjuar eksisterer i, og sett på den offentlege intimiteten intervjuar bidrar til å utvide. *WTF With Marc Maron* eksisterer som ein av mange komikarpodkastar frå USA, der fleire er basert i komikarmiljøet i Los Angeles.

Eg har som fan av denne forma for podkastar god innsikt i podkastar som *You Made It Weird with Pete Holmes*, *The Nerdist Podcast*, *Doug Loves Movies*, *How Did This Get Made* og *Comedy Bang Bang: The Podcast*. Alle desse podkastane har sine særegenheiter og skil seg frå kvarandre på ulikt vis, men kjenneteiknast ved at dei er drivne av samtalar mellom to eller fleire personar. Eg kjem utelukkande til å fokusere på *WTF with Marc Maron* i analysen, men ønskjer likevel her å vise det finns fleire og liknande podkastar i same sjanger. Desse andre podkastane kjem eg ikkje til å gå nærare inn på.

Når ein transkriberer lydtekstar må ein ta eit val om kor *breie* eller *smale* transkripsjonane skal vere og korleis ein skal transkribere dei. Val av transkripsjonsmetode har eg gjort reie for over. Eg har også valt å ta i bruk ein form for brei transkripsjon der eg fokuserer mest på orda som blir sagt, og legg mindre vekt på uttale (Levinson, 1983, s. 295).

4.4 Metodiske svakheiter

Eg ønskjer å ta føre meg nokre av svakheitene ved metodane eg har brukt for analysen.

Eg må få fram her at eg som nemnt har vore fan av den aktuelle podkasten lenge, og sjølv om det gir meg mange fordelar med omsyn til bakgrunnsinformasjon og ein vid kjennskap til det empiriske materialet kan det også gjere meg forutinntatt. I tillegg vil eg høyre dei ulike intervjuar med eit bilete av Marc Maron som har forma seg gjennom hundrevis av timar med lytting, medan ein som førstegangslytter ikkje har danna seg noko bilete av han endå. Dette er viktig fordi ein vil kunne sjå på nervøsiteten, klumsete spørsmålsstilling, aggressivitet etc. som unntak fordi «slik er han ikkje til vanleg». Den slags fordommar bør ein ikkje ha som forskar. Det er vanskeleg å vere fullstendig objektiv når ein gjennomfører ein casestudie som den eg har valt, då denne slags forskning i stor grad er forskaravhengig (Østbye et al., 2007, s. 30). Dette gjeld like mykje for alle, og er ikkje noko ein kan unngå.

Som fan av podkasten er det også ein risiko at eg vil prøve å stille den fram i best mogleg lys. Eg har vore medviten om dette, og er trygg på at det ikkje vil vere tilfelle i analysen.

5.0 Intervju som metode for offentlig intimitet

I denne analysen vil eg setje fokus på det eg vil karakterisere som intervjutekniske grep Marc Maron brukar i sine intervju på podkasten *WTF With Marc Maron*. Det vil skal sjå er at han lånar mykje frå den kvardagslege samtalen, han bryt med mange av det journalistiske intervju sine grunnprinsipp, følgjer somme av dei, og utnyttar mange av fordelane med mediet podcast. Det vi er vitne til er ein form for intervjuteknikk som har oppstått i forlenginga av tradisjonelle talkshow-intervju og det journalistiske intervju, og mykje av grunnen til at vi ser dette akkurat no ligg i eigenskapane til podkasten som plattform for lange, uavbrotne intervju. Det må også sjåast opp mot Marc Maron sin persona, hans status i komikarmiljøet og dei erfaringane han har gjort seg i løpet av ei lang karriere. Akkurat denne forma for intervju som vi skal sjå på her ville ikkje gitt same resultat om ikkje intervjuar hadde truverd og autentisiteten til Maron (Meserko, 2016, s. 798). Vi skal sjå korleis Maron med sine metodar skapar tillit til sine intervjuobjekt, korleis han får dei til å opne seg, og korleis dette medfører ein ytterlegare intimisering av offentlegheita.

Det eg skal presentere her er ein vid analyse av ulike grep Maron brukar i sine intervju. Eg kjem til å bruke mange sitat frå ulike intervju for å poengtere grepa han tek.

Først skal vi sjå på korleis han optimaliserer tilhøva for *back stage*-oppførsel ved blant anna å vatne ut skiljet mellom *on-air* og *off-air*.

5.1 Har vi byrja?

Framveksten og utbreiinga av radioen var blant faktorane som førte til at det strenge skiljet mellom *front region* og *back region* vart utvaska, og ein såg framveksten av det Joshua Meyrowitz (1986, s. 48) har kalla ein *middle region*. Personleg prat mellom to personar som er mynta på ein tredjepart er typisk plassert i ein slik *middle region*. Ein snakkar ikkje nødvendigvis direkte til lyttar, men samstundes er det ingen tvil om at ein pratar slik at lyttar skal få utbytte av det (Johansen, 2002, s. 189). I dei samtalebaserete podcastane ser ein korleis dette har utvikla seg. *WTF With Marc Maron*, *You Made It Weird with Pete Holmes* og *The Nerdist Podcast*, blant mange andre, startar episodane sine *in medias res*. I somme tilfelle kan ein høyre romstering i rommet, det snakkast om korleis ein skal bruke headsetet, ein finn fram til plassane sine etc. Noko av det vanlegaste ein høyrer gjestane seie i starten av intervju er noko à la «*have we started yet?*». Det dette fortel oss er to ting: For det første veit ikkje

gjesten at dei har starta, og for det andre betyr det at praten fram til då har vore «heilt naturleg». På denne måten forsøker ein å fjerne skiljet mellom *on-air* og *off-air*. Målet kan verke til å vere å komme så nære inn på det Meyrowitz kallar ein *deep back region* som mogleg (Meyrowitz, 1986, s. 47).

Intervjuet med Barack Obama i 2015 tek stad i garasjen til Marc Maron. I starten av dette intervjuet er det tydeleg at det *gjerast klart for* intervju.

(1)

Barack Obama: *Am I in the orange chair?*

Marc Maron: *Orange chair for you, Mr President.*

Obama: *Outstanding.*

Maron: *((uhøyrbart)) staying in the room, we're doing pictures. Oh my gosh!*

Obama: *This is pretty cool!*

Maron: *This is the place, this is where it happens.*

Obama: *I like this, man.*

Maron: *You do?*

Obama: *I do.*

Maron: *It's my whole life, everything.*

Medan introlåta *fader* ut høyrer ein Obama spør kor han skal sitje. Det er openbart fleire i rommet, ein kan høyre menneske i bakgrunnen og i byrjinga er det tydeleg at Obama ikkje snakkar direkte inn i mikrofonen. Alt dette gir ei litt kaotisk stemning, men det skapar også ei kjensle av at ein får høyre noko som skjer *før* intervjuet, som om ein har slept inn *back stage*. Dette er førebuinga til intervjuet. Med dette prøver Maron å skape ein meir intim setting. «You used to live around here», seier Maron etter eit par minutt, og då får ein kjensla at *intervjuet* er i gang. Fram til då har vi som lyttar fått vere fluge på veggen mens presidenten og Marc Maron har småprata og vitsa med kvarandre. Obama har kommentert kva som heng på veggane i garasjen og Maron har fortalt historier om det.

(2)

Marc Maron: *I feel like we jumped right into the conversation [we did], which is good [it was quick], and I'm honored that you came, and it's an amazing privilege for me to talk to you.*

Dette skjer ca. 10 minutt ut i samtalen, og no tek samtalen ei meir politisk vending. Med dette anerkjenner Maron intervjusituasjonen overfor både gjesten og oss som lyttarar. Han anerkjenner samstundes *in medias res*-grepet han tok i starten av intervjuet, og gjer nesten eit poeng av å få det til å verke tilfeldig. «I feel like (...)» skal gje oss kjensla av at dette ikkje var planlagt, noko det sjølvst sagt var.

Rettt før intervjuet med komikar Todd Glass spelar Maron av ein telefonbeskjed han fekk i etterkant av intervjuet, der Glass takkar han og fortel at Maron hadde akkurat nok medkjensle til at det kjentes riktig å fortelle det han fortalte i episoden. Han seier også at han aldri hadde trudd at det ville vere til Maron han fortalte nettopp dette. Det første ein høyrer etter introduksjonslåta er dette:

(3)

Marc Maron: *You (.) You want*

Todd Glass: *Jesus Christ*

Maron: *What?*

Glass: *It's a*

Maron: *Here, here.*

Glass: *I'm so*

Maron: *Is it too messy in here?*

Glass: *No no no no I love, I talked about this. The only thing I always say, it seems like where Hemningway would write stuff.*

Maron: *((Latter)) I just went to Hemningway's house.*

Glass: *Really?*

Maron: *In Key West. Well I have Todd Glass in my garage, and you know, we've been exchanging phone calls, and he wanted to talk about something, and he decided that this was the place to do it, and I appreciate that, and it's a (.) I don't know if I'll call it a delicate matter, but I thought the phone calls were fun, Todd.*

Glass: *Oh my god ((latter)) How long do we make people (.) It's not a big deal, but it's, I was nervous.*

Dei går rett inn i samtalen etter dette, og premissen for heile samtalen er at Todd Glass skal fortelje verda at han er homofil. Vi ser her det same grepet som Maron tok i bruk i intervjuet

med Barack Obama. Både han og gjesten «surrar» litt rundt og gjer seg klare til intervju. Det som derimot er litt utypisk med akkurat dette intervjuet er at han vel å introdusere gjesten heilt i starten av episoden, og anerkjenne oss som lyttarar. Likevel tek han med litt av denne «støyen» i starten, for å sette stemninga og samstundes fortelje oss lyttarar at også dette intervjuet er ein *back stage*-prat mellom vener.

Eg har lyst å ta med eit eksempel til her. Medan dei to første eksempla er frå garasjen til Maron, som han har innreia som eit lite radiostudio (sjå bilete på framsida), er det neste eksemplet frå då tok med seg opptaksutstyr til Robin Williams si leilegheit i San Fransisco.

(4)

Marc Maron: *It's old school, it's like a classic stand up mic, I made*

Robin Williams: *Oh yeah, welcome back*

Maron: *I think it's gonna be alright. So I, I appreciate you doing this, and*

Williams: *((uhøyrbart)) it's fun*

Maron: *I was, I was*

Williams: *Thanks [nervous] for coming here*

Maron: *I was nervous coming up here. I don't know, I usually don't get nervous.*

Medan intromusikken, som ein kan karakterisere som sirkusmusikk (den triste klovnen?), sakte men sikkert stilnar, høyrer ein Maron prate om mikrofonen og ein høyrer også lyden av at nokon rører borti ein mikrofon. Ein høyrer ein ukarakteristisk mild Robin Williams, og det heile gir kjensla av at Maron har bært med seg nokre mikrofonar for å snakke med Williams. Ein kan enkelt førestille seg situasjonen, og det høyrast ut, likeeins som tidlegare eksempel, som om ein er i ferd med gjere seg klare for eit intervju.

Det har blitt eit utbreidd grep å starte intervjuopdkastar *in medias res*, og utsegnet «*have we started yet?*» har blitt nærmast som ein klisjé å rekne i desse podkastane. Når eg tidlegare skreiv om Habermas og skiljet mellom det private og det offentlege, samt Goffman og Meyrowitz sine teoriar om back stage og front stage, så kulminerer det i akkurat denne forma for tilsløring av skiljet mellom *on-air* og *off-air*. Det står ingen bak kamera og tel ned til sending, det er ikkje noko raudt lys som indikerer at opptaket er i gang. Når ein ikkje lenger veit om ein er på lufta eller ikkje, er det vanskeleg å velje riktig maske for anledninga. Eit resultat av dette kan bli at ein får ein *middle region* som utvidast, som følge av at fleire

situasjonar i offentlegheita potensielt sett kan krevje det. Ein kan også stille seg spørsmålet om gjestar på slike podkastar etterkvart vil vere klare over denne praksisen å starte opptaket tidleg, og dermed tilpasse seg deretter. Eg vil likevel vere forsiktig med å karakterisere det som ein *deep back region*, då tilveret av mikrofonar vil legge band på intervjuobjekta.

I det neste kapitlet skal vi sjå nærare på intervjutekniske grep Maron brukar i samtalen. Ein ting er settinga intervjuet blir gjort i, noko anna er korleis Maron gjennomfører intervjuet.

5.2 Om eg forstår deg rett

Ein ser oftare Maron ta parti med intervjuobjektet, enn å representere den andre sida av ei sak. Han samarbeidar med intervjuobjektet for å få fram det intervjuobjektet ønsker å få sagt, og i den prosessen ser ein han både formulere, omformulere og hjelpe gjesten. Alt dette står i sterkt kontrast til Sawatsky sitt krav om at gjesten skal seie det (*they should say it!*), og er samstundes eit av dei mest brukte grepa i Maron sin intervjuteknikk (Lamark, 2001, s. 63).

I intervjuet med stand-up-komikar Todd Glass, og i andre intervju, er det tydeleg at mykje av det Maron driv med er å prøve å forstå det gjesten prøver å få fram. Han omformulerer det han trur gjesten har sagt, og ventar på ei stadfesting på om det er rett eller ikkje. Anten det, eller så prøver han å forlengje det gjesten har sagt med meir av det same. Under har eg tatt med tre eksempel frå intervjuet med Glass.

(5)

Marc Maron: *I mean, now that you're going to start living your life, you know, with an open acknowledgement of this, that's a much different disposition than having to hide it. So what I'm saying that anybody who is either ashamed or hiding their sexuality because of fear, that when that word comes out it's like (.) Argh, Argh (.)*

Todd Glass: *Yeah, it makes you wanna go back in and*

Maron: *Yeah*

(6)

Marc Maron: *Yeah, and usually with comics, if I'm not mistaken, like, it's not necessarily that there's a hate there, but there is an inability to accept, and there is a judgement.*

(7)

Marc Maron: *What I noticed when we started talking about this was that he's never been able to talk about himself at all. And if there's one thing, I look at you career and I look at your comedy over the years is that you(.) You don't have any personal life on stage (.) So everything in your being sort of was wrapped around, you know, maintaining closet status.*

Todd Glass: *Yes.*

Maron: *And anyway you could make it more believable would be a tremendous help to you.*

Glass: *Yeah.*

Han går ikkje opp i toneleie på slutten av setningane for å markere at det er eit spørsmål. Det blir lagt fram som påstandar som Glass bekreftar. Han har gjort seg opp meiningar om Todd Glass gjennom ei lang karriere, og no søkjer han å få stadfesta desse meiningane. Mykje av det vi ser han gjere er å prøve å definere intervjuobjektet gjennom heile intervjuet.

Formuleringar som «*what I noticed when we started talking about this*» og det faktum at han tillét seg å ha klare meiningar om kva gjesten *tenker* er ein veldig påtrengande måte å intervjuje på. Ein vil også kunne oppleve at gjesten gir etter for det Maron har å seie, sjølv om det ikkje nødvendigvis er heilt nøyaktig. Her ligg også kritikken mot nettopp denne måten å intervjuje på.

Eit anna eksempel frå det same intervjuet som viser Maron som ein *fødselshjelpar* i samtalen er dette (Larsen, 1997, s. 46):

(8)

Marc Maron: *But what (.) But what, you know, what stopped you then was, was, was a fear of judgement.*

Todd Glass: *Ehm, yeah, yeah, back then that's, eh*

Maron: *Well, I'm just trying to picture like, you know, when, like, around the time that you knew*

Glass: *Mhm*

Maron: *That, you know, you had these feelings and you were gay and you excepted that within yourself, but alongside of that you realized in a horrendous way that it was completely, somehow, socially unacceptable in your mind.*

Glass: *Yeah, yeah, I thought I would just og (.) I, I, I just thought, that's (.) I'm trying to go there (.) OK, 21 years old, where was I at.*

Maron: *Well, when (.) When did you really, you know, active, you know, when did you feel the (.)*

Glass: *21.*

Maron: *That's when you first, you know*

Glass: *I, I, I mean, I knew when I was, you hear this so much, but it's true, it's like, you know when you're thirteen.*

Maron: *But you didn't ever, like, you know, have any intimate time with a man until you're 21.*

Glass: *Until I was 21.*

Maron: *Uh-huh ((stadfestande))*

Det er ikkje alltid like lett for Glass å snakke om det som omhandlar homofili og hans egne erfaringar med det i intervjuet, så Maron prøver å hjelpe han med orda. Spørsmåla er ofte veldig spissa, samtidig som at han bygger vidare på informasjon som Glass har gitt han i intervjuet. Når Todd har problem med å komme i gang, bryt Maron inn med eit nytt spørsmål eller fleire hankar å henge svaret på. Det er her Maron tek rolla som *fødselshjelpar* (Larsen, 1997, s. 46). Han startar setningar for han, formulerer dei for han og fullfører dei. Dette er første gangen Glass har snakka ut offentleg om si seksuelle legning, og ein merker i intervjuet at han har vanskar med å setje ord på det han har lyst å seie. I tillegg er det heilt tydeleg at han prøver å seie det rette, med tanke på andre som slit med det same.

Ved å gjenta og omformulere gjesten sine ord anerkjenner Maron det som har blitt sagt, og i tillegg prøvar han stadig å konkludere rundt det som har blitt sagt. Som Todd Glass seier:

(9)

Todd Glass: *Yeah, I like when somebody says what I'm feeling better than I can, because then I just go 'thank you'.*

I intervjuet med Louis C.K., ein av Marc Maron sine beste venner, ser vi veldig mykje bruk av dette grepet. Maron kjenner C.K. godt, og har mange tankar og meiningar om han. I det

følgande eksemplet ser vi Maron komme med nokre veltenkte, djupt psykologisk grunna tankar om C.K.

(10)

Marc Maron: *I think, OK, so now, if we move into like the other stuff, I think one of the other turning points(.) You have this, eh, uncanny ability to really hold on to small bits of wisdom that, that sort of define your life for a while, you know, and I've noticed that, you know, people who, and this is for me included, but you also, that people who, who's fathers were primarily absent tend to try to put their life together in their(.) On their own.*

Louis C.K.: *That's a really interesting observation, I think that's true.*

Maron: *You know, where you're sort of scrambling for the right role models and the wisdom that's going to guide you, you know, through your creativity, through your life, things that you can, you know, sort of these mental marking posts, of like, you know, that thing means something to me and it can help me. And I remember when Francis Ford Coppola was a guest (.) You really wanted Coppola to acknowledge your genius for taking a scene from his movie and doing it with rotten bananas.*

Louis C.K.: *Yeah, that was the biggest deal in the world for me.*

Dette er ikkje eingong tankar Louis C.K. har hatt om seg sjølv. Dette er teoriar Maron har, som han søker stadfesting på. Det er svært grunnleggande, psykologiske trekk ved C.K. som blir foreslått, og det heile får eit nesten terapeutisk preg over seg. «Fråværet av din far har gjort deg til eit slikt menneske» er ein ekstremt personleg og privat påstand å komme med i eit intervju.

I den følgande passasjen frå intervjuet med Barack Obama ser vi at Maron tek noko av det Obama har sagt tidlegare i intervjuet, ein tru på det gode i folk, og legg det fram med eigne ord i forbindelse med ein skyteepisode som hadde hendt like før intervjuet. Det er ikkje så mykje eit spørsmål som ein oppfordring til at Obama skal utfylle.

(11)

Marc Maron: *Because, like, I ask myself, and when I knew I was talking to you, when I see somebody who symbolically, you know, that, that horrible event Wednesday, that had an agenda, it was a symbolic event. He knew where he was doing that, he knew*

what it meant, and now he's confessing saying he wanted to start a race war, so that in my mind it's like, where do you find hope of that ever stopping, and it is in the people.

Barack Obama: *It's in the people, and I tell you, people ask me 'what's the thing you've learned most as president'.*

Maron: *Yeah, right.*

Obama: *And I tell them, I don't know if this is something I've learned, but (...)*

Obama har tidlegare sagt at han trua på det amerikanske folk. Her spelar Maron han opp med den påstanden, og let presidenten fortsetje. Spørsmålet kan komprimerast til det noko å la dette: «Du seier det er i folket du finn håp for framtida?» Det Maron gjer er å male ut situasjonen, bidra med ulike hankar som Obama kan feste svaret sitt på, samt vedlikehalde samtalepreget i intervjuet ved å ikkje eingong stille eit spørsmål. Medan eit spørsmål vil fungere som ei stadfesting av maktforholdet i intervjuet, vil ein påstand som blir hengande i lause lufta opplevast som mindre inntrengande (Y-Press, 2009).

I intervjuet med Reza Aslan, ein kjend religionshistorikar frå USA, har Maron rolla som den uvitande og nysgjerrige. I slike samtalar ser ein særskilt mykje av desse forsøka på å formulere ut det han trur intervjuobjektet meiner, i eit forsøk på å forstå kva som blir sagt. Ein får nesten kjensla av eit lærar-elev-forhold, der Maron stiller spørsmål, foreslår tolkingar og prøver å skape seg ei forståing av kva som blir sagt, medan Aslan stadfester eller rettar på han. I det følgjande eksemplet diskuterer dei moderate muslimar, ei sak dei er einige om, og ein ser kor ivrig Maron blir når han merkar at han får stadfesting frå intervjuobjektet.

(12)

Marc Maron: *But (.) But I think it's interesting that, you know, what seems to temper your exploration of religion is this idea that you're not, I don't think, I think you're empathetic to the individuals involved, yet you understand the potential, ehm, you know, danger*

Reza Aslan: *Yes.*

M: *So, you know, and it seems to come primarily from the balance of your childhood that, you know, there are two ways. There is the birthright of religion, and you sort of passively say 'yeah, I'm muslim, yeah, I'm jewish, I'm catholic', you know, what you don't think, like, you know, catholics and a lot of jews are like 'Yeah, you know, but I*

don't like go anywhere.. You know, when I was a kid I went', but for some reason a lot of people don't think muslims ever say that.

R: *I know, I know.*

M: *And, and, and obviously when I... Just by talking to you now, of course, you know, with, when there is a billion or however many muslims, they can't all be, you know...*

R: *I mean, it's so logical, like(.)*

Maron forsøker å vere ein aktiv deltakar i samtalen, og det har ikkje så mykje å seie kven som seier det, så lenge det som blir sagt er riktig. Legg merke til her at det ikkje blir stilt eit einaste spørsmål. Alt er påstandar og meiningar, som om vi er vitne til to personar som snakkar om eit tema dei er einige om.

Denne slags intervju kan opplevast som «Marc Maron i diskusjon med (...)». «Det eg tenkte då eg såg det var (...)» er eit typisk utsegn frå Maron i ein slik samtale. Han har sett seg opp på TV-serien som Aslan er aktuell med, og brukar den i diskusjonen til dømes. Intervjuet gir inntrykk av at Maron prøver å forstå det Aslan prøver å formidle. Ein ser eit tilfelle der han ber om eksempel rundt det Aslan snakkar om, og svara han gir gir inntrykk av at han grublar og prøver å forstå det som blir sagt.

Det er nesten utelukkande påstandar som blir lagt fram i spørsmåla som omhandlar religion, framfor opne spørsmål, slik Sawatsky helst skulle sett at ein gjorde det (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 313). Eit anna godt eksempel på det ser ein her.

(13)

Marc Maron: *No, but even now, you know as a person who is vulnerable and as a person who, you know, is, you know, non-religious in any way, ehm, but still froth with, you know, fear and a certain lack of, you know, emotional and spiritual stability, and somebody who intellectually understands how that is provided by these systems. You know, I still resist it, because I think as you get older your capacity for suspending your disbelief diminishes, and when shit gets real bad*

Reza Aslan: *Yeah.*

Maron: *So, I guess, you know, my question is, was it essentially in talking about the religious moment, or that question, that primal question, in that moment when you was that kid outside of backloading becoming american, what was it in you that bought it,*

you know, even in these shows I see that you're still vulnerable to it, yet you have a sort of boundary, but you still allow yourself to immerse yourself and experience the feelings, but in the show, you know, what became clear to me after watching four or five of them was that you're open to it and you're engaging in it and you're saying 'yeah that felt this way' or 'yeah that felt that way', but you're, you know, not gonna, you know, midway through the series go like 'yeah, I'm gonna just stay with the voodoo people' (.) The commitment!

Aslan: *You're bringing up something so, so good right now. I've never actually made that connection before, it's like (.) I feel like I should pay you, like, therapy, but yeah, there was that feeling of belonging.*

Det er heilt tydeleg at Maron si rolle i eit slikt intervju er å prøve å komme til ei djupare forståing av det gjesten snakkar om. Han omformulerer svar, kjem med påstandar, legg til ekstra informasjon i forlenginga av det gjesten snakkar om, og stiller spørsmål om han føler at noko er uklart. Han er interessert i privatpersonen han intervjuar, i tillegg til temaet dei snakkar om. Begge deler skal snakkast om. Han har sett seg opp på TV-serien gjesten er aktuell med, men det verkar ikkje som om så mange av spørsmåla er planlagt på forhand. Han har openbart førebudd seg, men samtalen verkar likevel tilfeldig og organisk. Dette er styrken ved denne forma å intervjuje på. I tillegg ser ein korleis gjesten opplev det som terapi. Det som opplevast som terapi er desse innsiktene Maron kan bidra med, som gjesten ikkje har tenkt på sjølv. Det same kan ein sjå i eksempla med Todd Glass og Louis C.K. også.

Når han føler at gjesten misforstår han, eller at han merkar at han har misforstått, er han kjapp med å prøve å rette opp inntrykket, for å halde samtalen på riktig spor. Poenget er å få fram det gjesten prøver å seie, og han prøver så godt han kan å hjelpe han på veg i dette tilfellet. Eit eksempel på dette finn ein i intervjuet med Todd Glass.

(14)

Marc Maron: *But that must at some point have been unattractive to you, that like, I don't wanna hang around with a bunch of gay guys and*

Todd Glass: *Are you trying to trick me?*

Maron: *No! No, I*

Glass: *No, no, no, no, no, yes, yes*

Maron: *I (.) I think it's, it's, its just like in, in sort of, you know, illustrating, you know, I know that your message on some level was, is, you know, for people to not be homophobic and also for kids to find strength in what you're doing, but, but I think that the feelings are, that you had, even though you were comfortable with who you were, about coming out because of public perception is really the biggest part of it.*

Glass: *Right. 'Cause the last thing I wanna do is do this whole interview and have some kid (...)*

Når gjesten stiller seg på bakbeina slik som her, er det viktig for Maron å oppretthalde samtaleflyten. Det var ikkje det gjesten meinte, så då prøver han seg på nytt.

Eit siste eksempel eg vil vise her er påstandar som ikkje treff. Dei har nemleg ein funksjon dei også. I intervjuet med Willem Dafoe prøver Maron å gjette seg til kva Dafoe tok til med etter High School.

(15)

Marc Maron: *I would imagine that once you finished High School you kind of committed to it?*

Willem Dafoe: *Not really.*

Maron: *No?*

Dafoe: *What happened is I left High School early and (...)*

Når Maron kjem med eit slikt «*I would imagine*»-utsegn, har det den funksjonen at det får intervjuobjektet til å anten stadfeste det, eller utgreie korleis det *eigentleg* har seg. I ein vennleg setting som denne fungerer det. I «no?»-spørsmålet ligg det ei openbar forventning om at Dafoe må utgreie og forklare seg. Ein påstand kan også opplevast som ei skulding, og då vil det kunne ha motsett effekt, og intervjuobjektet vil kunne knyte seg endå meir, slik vi skal sjå seinare i intervjuet med komikar Gallagher.

Vi har her sett på ulike måtar Maron prøver å skape seg ei forståing av kva som blir sagt, både for sin eigen del og for oss som lyttarar. Han omformulerer, kjem med påstandar og rettar seg om han merkar at han tek feil. Dette å mykje om den kvinnelege, samarbeidande samtalen, der ein overlappar med kvarandre og bidreg med tilleggsinformasjon (Coates, 2004, s. 138). Vi skal seinare sjå korleis Maron i større grad heller mot å få til ein femininisert samtale, enn

den typisk mannlege samtalen. I det neste kapitlet skal vi ta føre oss ulike grep han tek for å gi intervjuet eit samtalepreg.

5.3 Samtalegrep

Korleis får ein eit intervju til å høyrest ut som ein samtale? Ved å ta i bruk samtaletekniske grep. Her skal vi sjå at Marc Maron til stadigheit brukar intervjuteknikkar som er kjent frå samtalen. På denne måten omdefinerar han intervjusituasjonen overfor intervjuobjektet til å vere ein samtale. Som gjest får ein dermed ikkje lenger kjensla av at ein snakkar til eit publikum *via* Maron, men at ein snakkar *med* Maron. Dette er ein viktig distinksjon å vere medviten om når ein analyserar Maron sine intervju. Ved hjelp av å bruke *third-turn responses* opprettheld Maron den fjerde veggen og reduserer publikum frå å vere den primære lyttar, slik ein ville sett i eit tradisjonelt nyheitsintervju, til å bli *fluge på veggen*. Ein overhøyrer noko som blir sagt i trumål mellom to personar. Dette er det Eva Mårtensson (1989, s. 97) kallar ein lukka relasjonsetablering.

I den første ordvekslinga i intervjuet med Willem Dafoe får ein fleire eksempel på slike samtaleteknikkar. Eg har markert framkomsten av desse teknikkane i feitt når vi ser eksempel på dei.

(16)

Marc Maron: *You were the last of eight?*

Willem Dafoe: *I have a younger sister, seventh (.) Seventh of eight.*

Maron: *So you were (.) So you are the seventh of eight. – **parroting***

Dafoe: *Yeah, the seventh son.*

Maron: *((latter))*

Dafoe: *Five sisters and two brothers, you know.*

Maron: *Oh, really? – **newsmark***

Dafoe: *Yeah.*

Maron: *Oh my god! Do you know 'em all? – **news receipts***

Dafoe: *Do I know them all, you mean, like, well? I know their names.*

Maron: *((latter))*

Dette er det aller første vi høyrer i dette intervjuet. Her hoppar vi rett inn i samtalen, slik ein er kjende for å gjere i desse podkastane. I denne første passasjen får ein eksempel på tre ulike former for samtaleteknikkar.

Det første ein ser er at Maron gjentar det gjesten seier. Dette er det vi har definert som *parroting*, ein samtaleteknikk som oppmodar gjesten til å fortsetje og utdjupe. Ein kan legg dette i same kategori som *continuers*, som vi skal sjå eksempel på nedanfor. Forskjellen er at slike gjentakingar i større grad oppmodar til å utdjupe det som nettopp har blitt sagt (Lowndes, 2014, s. 75).

Det neste ein ser er at Maron reagerer på det som blir sagt som om det er ei nyheit, eit såkalla *newsmark*, og til slutt får vi eit eksempel på det John Heritage kallar *news receipts* (Heritage, 1985, s. 100). Alle desse responsane er henta ut frå kvardagssamtalen, og er anbefalt å unngå i nyheitsintervjuet. Dei har den funksjonen at dei definerer den som uttrykker dei som den primære lyttar. I dette intervjuet har dei den funksjonen at dei etablerer intervjuet som ein samtale overfor intervjuobjektet.

I intervjuet med musikar Chris Cornell ser ein at Maron brukar dei same teknikkane.

(17)

Chris Cornell: *I think that, ehm, at some age I kind of went the other way, and it was based on actually knowing some of those guys and not liking them at all.*

Marc Maron: *Oh really? When you were a kid?*

Cornell: *Yeah, when I was a kid (...)*

Igjen så ser vi korleis Maron skapar illusjonen av at vi som lyttarar er fluge på veggen under ein fortruleg samtale mellom vener.

I tillegg til desse reaksjonsmønstra, har ein det ein kallar for *continuers*. *Continuers* er ikkje så mykje farga av ein reaksjon, men har den funksjonen at dei let ordet ligge hos intervjuobjektet.

(18)

Willem Dafoe: *You gotta remember, Affliction comes from a very strong novel too.*

Marc Maron: *Yeah.*

Dafoe: *By Russel Banks.*

Maron: *Right, OK.*

Dafoe: *So that's a very particular one.*

Maron: *Yeah.*

Dafoe: *Doesn't make it any*

Maron: *Less.*

Dafoe: *Less anything, I wanna point that out. I mean (.) The ones (.) Ah (.) You know, the first time I did something substantial with him was Light Sleeper.*

Continuers har fleire funksjonar. I eit *local management system* som denne forma for intervjusamtale eksisterer innanfor ligg det ei forventning om at ein skal fortsetje å prate når intervjuar gir teikn med slike *continuers* (Levinson 1983, s. 297). I tillegg er det ei anerkjening av at det som er sagt får stå uimotsagt, ein seier seg einig ved å la gjesten fortsetje. Når gjestar utleverar seg og fortel om noko dei tykkjer er vanskeleg å snakke om, kan ein farge slike responsar med medkjensle. Når Marc Maron intervjuar Todd Hanson, tidlegare redaktør for det satiriske tidsskriftet *The Onion*, er det ein spesielt mild Maron ein høyrer i sine *continuers*. Todd Hanson fortel om eit sjølvmondsforsøk, og alle «*yeah*» og «*mhm*» er litt lengre enn dei plar, i eit mørkt og vennleg toneleie.

Vi har sett korleis Maron brukar grep frå kvardagssamtalen for å få intervjuet til å minne meir om ein samtale. Desse grepa påverkar både gjestane og oss som lyttarar, og det skapar ein intimisering av praten som ein ikkje vil sjå i meir journalistisk retta intervju. I det komande kapitlet tek Maron rolla som provokatør og aggressiv intervjuar. Han konfronterer gjestane sine, og det har vist seg å gje både gode og dårlege resultat.

5.4 Konfliktløysar og provokatør

Marc Maron har etterkvart blitt kjent for å bruke podkasten for å løyse feidar mellom seg sjølv og andre i komikarmiljøet. Dette har ført til fleire minneverdige intervju. Lyttarane har blitt vitne til ein offentleg skittentøysvask som i somme høve har fungert, medan andre gongar, som vi skal sjå, har det ikkje fungert like godt. Han kan finne på å starte ein påstand med «*what I don't like about you*», eller «*what bugs me about you*», og med dette både provoserer han, men det gir også gjesten høve til å forsvare seg. Påstandane Maron kjem med

er gjerne allmenne oppfatningar, og på denne måten har han gitt utskjelte komikarar som Carlos Mencia og Dane Cook høve til å forsvare seg sjølv (Meserko, 2015, s. 805-807). I desse tilfella gjer Maron det motsette av det vi har sett eksempel på tidlegare. Han konfronterer intervjuobjekta i staden for å spele på lag med dei. Dette er grep vi kjenner igjen frå den mannlege samtalen, og slik sett skil det seg frå den tradisjonelt feminiserte samtalen ein ser i podkasten til Maron (Coates, 2004, s. 133).

Her er eit eksempel frå intervjuet med komikar Nick Kroll. Det må her leggast til at dette var eit av dei aller første intervjua Maron gjorde, og det første han gjorde i garasjen sin, og på dette tidspunktet i karrieren var han endå meir konfronterande og aggressiv enn han har utvikla seg til å vere i dag.

(19)

Marc Maron: *Now, you seem, the (.) I think the other thing that bothers me about you is that you seem oddly well adjusted for a Jew, and, and for a comedic performer. I know that you must be crazy on some level, because, you know, you do crazy things on stage. But I would like, right now, I wanna know the struggles of Nick Kroll. He gets up in the morning, he looks in the mirror and says?*

Nick Kroll: *It's easy.*

Maron: *That's it?*

Kroll: *Yeah. I mean, I have my struggles, but I have had about as easy a ride as you can have. Totally*

Maron: *You know what? I just started resenting you again.*

Kroll: *Good, you will when you hear the full story.*

Heile denne stilen er som nemnt veldig konfronterande og aggressiv. Eg må likevel nyansere denne passasjen litt. Det som forsvinn frå transkripsjonen her er det openbart sarkastiske i tonen til Maron. Det kan sjølvstundt opplevast som fiendtleg, men her vil eg heller karakterisere det som eit grep for å provosere fram ein reaksjon. Det Maron ønsker er å setje fingeren på nokre skavankar hos Kroll, noko som folk ikkje veit, noko intimt frå privatlivet hans. Det er ein oppfordring til å dele, og ein invitasjon til å vise fram sin *back stage*-persona.

I intervjuet med komikar Patton Oswalt ser vi eit godt eksempel på denne konfronteringa Maron er kjent for. I introduksjonen til intervjuet legg han korta på bordet og fortel at han ikkje alltid har kome heilt overeins med Oswalt.

(20)

Marc Maron: *Today on the show, by the way, Patton Oswalt will be here, in the garage. Alright, I've had my problems with Patton in the past, but deep down, I love the guy.*

På denne måten set han tonen for eit intenst intervju, der vi som lyttarar kan forvente at han ikkje legg noko imellom. Her kjem nokre eksempel på denne *tonen* som intervjuet har.

(21)

Marc Maron: *I always have this image, you know, based on my own history with trying to pigeonhole you as something that [yeah] that (.) You know, I just see you, you know, walking down the street proudly with a dog of some kind, you know, perhaps a dog that looks a lot like you.*

Patton Oswalt: *And we're off*

Maron: *Yeah! ((latter))*

Oswalt: *Here we go, oh boy.*

Patton Oswalt veit kva som ventar han når han stiller på intervju i garasjen til Maron, og no anerkjenner han nettopp denne frekkheita og konfronterande stilen til Maron, på ein ironisk måte. Dei snakkar ut om kringlar dei hatt tidlegare, og ulike problem dei har hatt med kvarandre. Dette skal vi komme inn på seinare, men akkurat denne posisjonen som Maron har hatt i komikarmiljøet i Los Angeles og New York, gjer at han kan snakke med komikarar på ein annan måte enn ein journalist. Her er eit klassisk eksempel på at Maron vil ta tak i sine fordommar, og anten få dei stadfesta eller avvist.

(22)

Marc Maron: *I tried to figure out today, you know, what annoys me about you. You know, and, really (.) I mean, 'cause you're undeniably funny, you're undeniably smart, you're a charming guy, you know, you're socially adept, ehm (.) I just think there, that there's just a (.) there's a confidence, that eh*

Patton Oswalt: *Really!? [yeah, yeah] ((latter)) I've never been accused of a having confidence*

Maron: *Really?*

Oswalt: *Oh my god, no!*

Ein kan seie at det er ufiltrert og ærleg, men det har også ein intervju teknisk funksjon. Dette er påstandar og ofte rykte som må avkreftast eller stadfestast for å kunne fortelje historia om intervjuobjektet. Når det går rykte om at Carlos Mencia eller Dane Cook stel vitsar, så tek Maron dette opp i podkasten (Merserko 2016, 805). Som han seier om Mencia i introduksjonen til intervjuet:

(23)

Marc Maron: *I really have not ever come in contact, you know, by proxy with somebody more hated, you know, more, eh, slagged than Carlos Mencia. And look(.) It's about stealing. It's about stealing jokes.*

Podkasten til Maron er ein stad ein kan reinvaske seg, og mykje av grunnen til at det er mogleg ligg i eigenskapane til mediet og sjangeren. Ein får i løpet av ein timeslang, uredigert samtale sjans til å fortelje sin versjon. Podkastintervjuet er ikkje det same som eit revolverintervju, og det gir personar som Mencia høve til å bygge eit truverdig narrativ når dei skal gjere greie for kvifor dei til dømes har stelt vitsar (Merserko, 2016, 805). Når Todd Glass vel podkasten til Maron for å fortelje at han er homofil, eller når Todd Hanson brukar plattformen for å snakke om eit sjølv-mordsforsøk, så er det ikkje tilfeldig at det skjer på nettopp podkasten til Maron.

Ein ser også andre formar for konfrontasjonar enn dei reint personlege. Maron let seg lett rive med. Han er ivrig og frampå, og overdøyver ofte gjesten for å sleppe til. I det komande eksempelet er han ueinig i det Todd Glass seier. Konfrontasjonen fungerer godt, for Todd Glass går med på at det som vart sagt var «bullshit» og gir deretter eit ærleg svar.

(23)

Todd Glass: *and I've held on to this lie*

Marc Maron: *Oh, you mean you wanted to go before you, like, 'okay, I'm gonna do this on Maron's show, but I gotta go not be gay for another month.'*

Glass: Yeah, like, let me do (.) Let me go there one more time. Let me go back to Philly, and, and lead my normal

Maron: *Wh.. What, normal, but it's not normal!*

Glass: It's not normal.

Maron: *It's something you got used to because you were protecting this thing for a specific reason, so, you know, there must be some fear if there's not shame, obviously you have a tremendous amount of fear that was, was guiding you. Was that like (.) What were those fears?*

Glass: *Good (.) Good question.*

Maron: *Thank you ((latter))*

Maron er så langt framme i samtalen at med ein gang han blir *trigga*, som her med ordet «*normal*» så er han på pletten og konfronterer Glass. Han tek tak i det som blir sagt og byggjer vidare på det. På denne måten ser ein også at Maron følgjer Sawatsky sine prinsipp. «Bygg intervjuet på svar, ikkje spørsmål», som Sawatsky seier (Lamark ,2001, s. 63).

I det neste eksempelet med Nick Kroll ser ein at Maron av og til kan gå for langt.

(24)

Nick Kroll: *My siblings all went to work with my father. I think they all tried other things.*

Marc Maron: *What's the family business?*

Kroll: *Ah, my dad created a company about 30 years ago, which is a corporate security investigations, eh, risk mitigation is what the business is.*

Maron: *Oh my god, I fell asleep in the middle of that. What happens?*

Kroll: *If you wouldn't though, actually if I explain it, like, he, he was a (...)*

Maron har ein til tider provoserande intervjustil, aggressiv og tilgjort nedlatande. Det kan anten bli oppfatta som morosamt, eller sette gjestane ut. Nick Kroll taklar det fint, men ein merkar at han løftar garden litt, og er villig til å late svara bli styrt i den retninga som Maron ønsker. Dette er ikkje optimalt for å få dei *rette* svara, og er også noko ein på meir generell basis kan kritisere Maron for. Han har ofte for stor påverknad på innhaldet i svara.

Kroneksempelen på at det ikkje fungerer er intervjuet Marc Maron hadde med komikar Gallagher. Dette er ein av dei mest kjende episodane av WTF. I episodeskildringa kan ein lese at det er den første (og einaste i skrivande augneblink) episoden der gjesten forlét intervjuet i sinne (WTF with Marc Maron, 2011b). Dette er ein ekstrem ytterkant av korleis Maron kan vere, og kva konsekvensen av noko slikt kan bli. Dette er to komikarar med særskilte ulik tilnærming til faget, noko som i utgangspunktet skapar ein interessant konflikt. Det er også to personar på kvar sin ende på den politiske skalaen, og medan ein kan sjå på Maron som ein *sensitive new man* (Kohlmann, 2014, s. 1), er Gallagher av den gamle maskuline skulen.

I introduksjonen til intervjuet framstår Marc som ein angrande syndar, men det ligg ein undertone der som gir lyttaren ein følelse av at han ikkje tek all skuld. Som når han seier: «Because of his elevated tone, my tone elevated.». Eg vil gå gjennom denne episoden med nokre eksempel og kommentarar, for å prøve å setje fingeren på kvifor metodane til Maron ikkje fungerte akkurat her.

Gallagher er veldig defensiv gjennom heile intervjuet, og stort sett ueinig i alt Marc seier. Marc prøver å få Gallagher til å fortelle historier, men det er heller ikkje så enkelt. «I'm not gonna tell tales», seier Gallagher når Maron spør om korleis Kenny Rogers var som person. Ein kan likevel oppfatte Maron som i overkant aggressiv, og kjemien dei to imellom er ikkje bra. Maron kan også oppfattast som nedlatande. Eit utdrag frå intervjuet som er noko typisk for akkurat denne praten er dette:

(25)

Gallagher: *That's what cancer is, broken DNA.*

Marc Maron: *Right. Renegade cells.*

Gallagher: *Renegade DNA!*

Maron: *Right. Renegade DNA, looking for a body, trying to build a body [no] of it's own.*

Gallagher: *No, it's (.) No it's been turned on!*

Maron: *OK.*

Gallagher: *The switch has been turned on for it to replicate cells. And it goes out of control.*

Maron: *And so without an organic complex, it makes tumors*

Gallagher: *(...) Without any organization [right], it makes a tumor.*

Maron: *OK.*

Det er typisk for Maron dette, at han vil vere ein del av samtalen og bidra med tilleggsinformasjon. Gallagher vil ikkje ha noko av det, og rettar på Maron på alt han seier. Det er ikkje berre Maron sin aggressivitet som er problemet her, men alle måtane han prøver å omformulere svar på og bidra i samtalen. Slike bidrag er meir vanlege i den kvinnelege samtalen, og når Maron prøver å fylle ut det Gallagher seier, misforstår Gallagher det som at han blir avbrote (Coates, 2004, s. 137). Vi er også vitne til ein konkurrerande samtale som kan karakteriserast som mannleg, der Gallagher stadig prøver å vise kor mykje han kan om tema som mikrobiologi og komikarfaget, og Gallagher prøver ofte å ta rolla som ekspert, noko som er typisk i ein mannleg, konkurrerande samtale (Coates, 2004, s. 134).

Stemninga dei to imellom er svært dårleg, og nokre minutt seinare startar konfrontasjonen for fullt, når Maron tek ordet og slår til med desse karakteristikane:

(26)

Marc Maron: *Now we fast forward to where we are now [yeah], and you've got this reputation of being racist [a racist?] and a homophobe. You know, there are jokes you do that are a little vicious, eh*

Gallagher: *They are not!*

Her snakkar dei litt i munnen på kvarandre, og det går litt frå å vere eit intervju til at Maron angrip Gallagher. Når intervjuet i utgangspunktet ikkje flaut særleg bra, og kjemien dei to imellom har vore så dårleg som den har vore, går det ikkje særskilt bra å kome med slike karakteristikkar. Det ligg ikkje noko vennskapleg bak det, og det følast heller ikkje som om han gir Gallagher høve til å reinvaske seg.

(27)

Marc Maron: *Why make fun of them in that way? Why minimize them and their way of life?*

Dette er eit eksempel på eit ladd spørsmål av same type som «har du slutta å slå kona di?» (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 311). Maron er på krigsstien, og aggresjon har bygga seg opp

i løpet av samtalen. Det er så mange eksempel på aggresjon i akkurat denne episoden at ein ikkje kan ta med alle. Mot slutten verkar det som om det kun kan gå ein veg.

Når Maron snakkar er det med heva stemme, han snakkar fort, og er merkbart opprørt. Det har utvikla seg gjennom heile samtalen. Han prøver til tider å framstå som roleg, men klarar det ikkje. Til slutt får Gallagher nok. Dette er transkripsjonen av dei siste sekunda før Gallagher reiser seg frå stolen og forlét intervjuet, samt det som skjer etterpå.

(28)

Gallagher: *Why are you taking the other side of everything I say?*

Marc Maron: *I'm not! I'm just saying that*

Gallagher: *You are!*

Maron: *I'm a, I'm!*

Gallagher: *Why did you want me to do this interview if you don't think I know anything about what you're asking me about?*

Maron: *I'm not, I'm just telling*

((Gallagher kjem ani mikrofonen og går derfrå. Ein kan høyre han seie «I'm done» eit stykke frå mikrofonen. Alt Gallagher seier frå no av høyrer ein frå bakgrunnen, som om han er eit stykke frå mikrofonen))

Maron: *You're done? ((tydeleg irritert))*

Gallagher: *I'm done. You're just arguing. It's(.) It's, it's Howard Stern and*

Maron: *I'm not, I was just having a conversation!*

Gallagher: *No you're not*

Maron: *I have more respect for comedy!*

Gallagher: *You're trying to be controversial*

Maron: *I am not!*

Gallagher: *Yes you are! You're just arguing with me. I have 30 years of experience [well then tell me about comedy!] and you*

Maron: *I just, I just think that show business is show business*

Gallagher: *Well then just, why don't you do the interview and tell people your opinion*

Maron: *We were having a good conversation*

Gallagher: *No, it's*

Maron: *Ah, come on Gallagher.*

((Ein høyrer at døra latast att i bakgrunnen))

Maron: (...) *Alright, well(...) That didn't (.) Well, maybe it really went well (...) I don't know. I'm certainly not gonna chase after him.*

På slutten fekk altså Gallagher nok og storma ut frå intervjuet. Det er nesten ubehagelig å høyre på praten dei to imellom. Maron hadde lest seg opp i forkant av intervjuet, og funne ut at Gallagher no fortalte vitsar om homofile og folk av ulik etnisitet og ville snakke om dette. I intervju seinare fortel Maron at han opplevde det som å bli snakka ned til av Gallagher. «*He acts like he's teaching me a lesson*», seier han i eit intervju (Opie and Anthony, 2011). Skal ein sjå på det reint intervjutekniske i episoden kan ein ikkje skryte særleg av Maron. Han kjem ofte med påstandar og stiller få opne spørsmål. Han avbryt gjesten ved fleire høve, er høgrøsta og aggressiv og ein høyrrer av og til ein overberande latter frå Maron. Gallagher er på ingen måte ein enkel gjest å ha. Mykje av det han seier blir lagt fram som sannheiter, noko Maron ikkje går med på, så han motseier gjesten sin. I staden for å stille opne spørsmål av typen «kvifor synes du det?» legg han fram sine synspunkt i staden, som ein motvekt til Gallagher. Alt i alt er friksjonen dei to imellom så stor at det er krevjande å lytte til. Dei er ueinige i bortimot alt, og når Maron i kjent stil ønsker å fullføre setningar og bidra med tilleggsinformasjon blir han retta på av Gallagher.

Marc Maron sin måte å intervjuje på fungerer ikkje alltid optimalt, og sjølv om dette må seiast å vere ein ekstrem variant av Maron slik vi kjenner han, er det framleis gjenkjenneleg det han prøver på her. Den forma for samtale som Maron prøver å få til kan karakteriserast som ein blanding av den kvinnelege og mannlege samtale (Coates, 2004, s. 142). Den verkar til å bli meir og meir utbreidd i podkastverda, men ein ser også at denne tilnærminga kan fungere dårleg når intervjuobjektet ikkje kjenner til korleis ein skal gjennomføre ein slik samtale.

På slutten her ser vi altså korleis den aggressive og konfronterande tilnærminga Maron har til somme intervju kan virke mot sin hensikt. Ein har også sett korleis denne forma for konfrontasjonar kan ha positive resultat, og fungere som ein slags katarsis for utskjelte komikarar. Denne stilen kan også brukast for å komme nærare inn på intervjuobjektet, blant anna ved å konfrontere gjesten når ein merkar at hen seier noko som ikkje stemmer. I det neste kapitlet skal vi sjå på korleis Maron brukar seg sjølv i intervju.

5.5 Ei tydeleg stemme i samtalen

I den institusjonerte samtalen som intervjuet eksisterer under, ligg det forventningar til at det er kun er intervjuar som skal stille spørsmål, og samstundes er det kun intervjuobjektet som skal svare. Ein har eit turtakningssystem å ta stilling til, som snevrar inn handlingsrommet for både intervjuar og intervjuobjekt (Drew & Heritage, 1992, s. 25). Dette samsvarar godt med Sawatsky sine prinsipp for intervjuteknikk, men vi skal her sjå at dette ikkje er ein regel Marc Maron bryr seg om. Hans samtalar eksisterer på mange måtar utanfor det imaginære rommet som den institusjonaliserte samtalen *intervjuet* finns i. Likevel, som eg har nemnt tidlegare, er det viktig å anerkjenne det Maron driv med som *intervjuteknikk*. Vi skal i dei følgjande eksempla sjå på korleis Maron brukar seg sjølv i intervju, og kva fordelar og ulemper dette kan føre med seg.

I den følgjande passasjen, frå intervjuet med Nick Kroll, drar Maron fordelar av at han er på innsida av komikarmiljøet. Han kan då komme med denne forma for karakteristikkar.

(29)

Nick Kroll: *I don't actually (.) You know, you're like, oh, everybody in comedy is jewish. I actually don't deal with that many jews in comedy.*

Marc Maron: *It's not like it used to be, and we're trying to get it back, but, you know, these things take time.*

Kroll: *I almost prefer it to be, the (.) Back to being, not the other, but just not the dominant force.*

Maron: *Well, I think what happened was at some point it was always, the business was always relatively jewish.*

Kroll: *Right.*

Maron: *But there's always been, eh, black comedians and black acts that play to the black community, and then there's been, you know, the jews. And there's always been a few gentile comedians, like, you know, great ones.*

Når praten går mellom komikarar er det tydeleg at referanserammene er dei same, på lik linje med opplevingane. Når Kroll fortel ei historie har Maron lett for å kjenne seg igjen i den, og han motstår heller ikkje trongen til å fortelje om at også han har opplevd noko liknande. Det er forfriskande å merke at det ikkje er noko filter der, at samtalen følast som at den går mellom to likemenn heller enn mellom intervjuar og intervjuobjekt. Men det er viktig å ikkje

la seg lure, for styrkeforholdet i samtalen er tydeleg. Det er Maron som styrer samtalen dit den skal, men ikkje med jernhand. Han er meir som ein sauegjetar som bestemmer retninga, så får det heller vere at det sklir litt ut innimellom. Korleis han gjetar samtalanane på podkasten skal vi sjå nærare på seinare.

Veldig mykje av styrken til Maron ligg i at han har vanka i desse miljøa heilt frå starten av 80-talet (Kohlmann, 2014, s. 49). Han er ein innsidemann med alle fordelane det ber med seg. Den neste passasjen frå intervjuet med Robin Williams er skildrande på den måten. Det har eit særleg samtalepreg over seg, og Maron pratar med eit truverde og ein tyngde som få andre intervjuarar kunne har gjort:

(30)

Marc Maron: *And it seemed like the community in San Francisco sort of indulged your indulgence.*

Robin Williams: *Totally. There ((uhøyrbart))*

Maron: *You can't do it anywhere else.*

Williams: *No, I mean, I think you're right, there was an eclectic mix, you know.*

Ved å bruke innsikta si om det gjesten pratar om klarar Maron å skape ein form for nærleik til gjesten som den gjengse intervjuar ikkje klarar. Han kan relatere seg til stader, scener og personar på ein heilt eigen måte. I tillegg er han ein kjent figur frå miljøet.

(31)

Robin Williams: *I think you said this once, that a coke dealer actually said 'that's enough'.*

Marc Maron: *Yeah, sent me home, they use like, I was like.*

Williams: *Yeah, that's when they, when you know you're fucked up when your dealer's going 'I think you gotta stop, at least for the day'.*

Williams deler historier frå sitt eige stoffmisbruk, og det same gjer Maron. Dette er felles erfaringar, og gjennom heile samtalen er det ein uvanleg mild og roleg Williams ein blir presentert for. Igjen ser vi at vi som lyttarar får eit sjeldan innblikk i Williams sin *back stage*-persona. Ein *middle region*-Williams ville underholdt og parodierte, slik vi kjenner han frå talk shows og liknande, men saman med Maron føler han seg trygg nok til å ikkje ta på akkurat

seg den maska. Mykje av grunnen til dette er fordi Maron deler frå sitt eige liv og er like utleverande sjølv.

I praten med Willem Dafoe ser ein Maron nytte seg av showbusiness-innsikta som han sit på.

(32)

Marc Maron: *I think I remember when (.) I (.) Was it, is it possible. Did they get a new space in the late eighties, or?*

Willem Dafoe: *No, well, we had this small space called the Performing Garage, that still exist.*

Dafoe: *Yeah.*

Maron: *But I think, as the technology grew, the plank space got smaller and smaller and smaller.*

Det er desse tilfeldige, men innsiktsfulle spørsmåla som er med på å plassere Maron på innsida, i staden for at han er ein journalist som prøvar å få innpass i kva som skjer i showbusiness. Dette gir intervjuobjektet ein kjensle av at han snakkar med ein likesinna. Maron har heller ikkje problem med å snakke om seg sjølv, noko som står i sterk kontrast til det journalistiske idealet, og samstundes noko kjende intervjuarar som til dømes Larry King ser på som ei dødssynd (King, 2013).

Ein ser eit godt eksempel på at Maron brukar seg sjølv og sine erfaringar i samtalen i den komande passasjen. Chris Cornell, kjend frå band som Soundgarden og Audioslave, snakkar om at han vart introdusert for prog-musikk av sin storebror.

(33)

Marc Maron: *But you were into it?*

Chris Cornell: *Yeah, for a for a couple of years yeah, uhm (.)*

Maron: *I don't know why I could never do it.*

Cornell: *I think for me it was, like, I smoked pot at a really young age, then after a couple of years I stopped.*

Det ber veldig preg av ein vennskapleg samtale når Maron skyt inn at han aldri var særleg fan av prog, og ikkje veit kvifor det var slik. Det gir Cornell ein trong for å forklare kvifor han

lytta på det. Dette er også ein teknikk Maron velvillig brukar. Ved å dele noko om seg sjølv gjer han det enklare for intervjuobjektet å gjere det same. Dette ser ein både i psykologien og i politiavhøyr, men er noko ein ikkje vil finne igjen i teori om det journalistiske intervju (Paine et al., 2010, s. 580). I tillegg er Maron veldig utleverande av natur, slik ein får eit eksempel på her i intervjuet med Williams.

(34)

Robin Williams: *Thanks for coming here.*

Marc Maron: *I was nervous coming up here. I don't know, I usually don't get nervous.*

Williams: *Why?*

Maron: *I don't know why! You know, because I, I (.) We've hung out before, we've talked before, but then at some point in my mind, I'm, I'm getting ready to do this, and I'm like, I felt like I was interviewing a former president ((latter))*

Tidvis følast det som at rollene er snudd på hovudet. I eksempelet over er det Maron som fortel om seg sjølv og Williams som stiller spørsmål. Ein ser ofte at Maron tillét seg å svare på spørsmål. I intervjuet med Louis C.K. finns det fleire tilfelle av dette.

(35)

Louis C.K.: *What do you remember? I'm more interested in what you remember, 'cause I wonder*

Marc Maron: *What, what*

Louis C.K.: *What do you remember that happened?*

Louis C.K.: *Well, I remember that, you know, you really wanted him to recognize you.*

Intervjuet med Louis C.K. er elles veldig spesielt, og ingen andre ann akkurat Maron kunne fått til akkurat det intervjuet. I desember 2014 kåra onlinemagasinet Slate (2014) episoden til tidenes beste podkastepisode. I episoden tar Maron med seg mikrofon og opptaksutstyr til Louis' leilegheit i New York. Der tar dei to komikarane til på ein samtale om den skrantande venskapen dei imellom, Louis C.K. sitt liv og karriere, suksessar, fiaskoar og Louis sitt familieliv. Slate (2014) kallar intervjuet «eit av dei beste intervju du nokosinne kjem til å

høyre». Episoden har på mange måtar rukke å bli ein kultklassikar for podkastinteresserte og vart i samband med kåringa lagt ut på nytt av Marc Maron (Haglund og Onion, 2014).

Dette intervjuet er ikkje alltid så representativt for resten av podkasten, ettersom formålet med denne samtalen gir inntrykk av å vere å redde eit vennskap. Det er ein brutalt ærleg samtale mellom to vener som har mista kontakten. Reint intervjuteknisk er det stor forskjell på samtalanane Maron har med nære vennar, og dei samtalanane han har med folk han ikkje kjenner, og intervjuet med Louis C.K. kan vise oss nokre nesten karikerte augneblink av korleis Maron utleverar seg sjølv og brukar seg sjølv i intervjuet. Eg vil ta med nokre eksempel her.

(36)

Marc Maron: *So, alright, so, are we alright, me and you?*

Louis C.K.: *Yeah, sure.*

Maron: *OK.*

Louis C.K.: *You mean, personally?*

Maron: *Yeah.*

Louis C.K.: *Ah, well, you know, we're under development I think.*

Maron: *((latter)) Ahh (.) I don't know what the fuck is wrong with me.*

Dette er det første vi høyrer i intervjuet, og dermed er tonen satt. Maron skal få orden på vennskapet med Louis C.K., og då må det sjølvransaking til. Dette går det openbart an å lage underhaldning av, så mikrofonane er på plass. Når ein lyttar på dette med eit kritisk øyre, er det viktig å hugse på at det er eit intervju, og ikkje ein personleg samtale. Det følast likevel som om vi er djupt inne i ein *back stage-region*, noko det påfølgande eksemplet viser oss. Her fortel Louis C.K. om då dottera hans vart fødd.

(37)

Louis C.K.: *And, ehm, they put her on this little table, and they were putting stuff around her ((ein høyrer at stemma til C.K. brister)) (...) Hah, sorry (.)*

Marc Maron: *It's alright.*

Louis C.K.: *Unexpectedly emotional (...) it's not a story that I tell a lot, so.*

Maron: *It's alright, man*

Louis C.K.: *hh Eh, can I have some water... (...) hh Water is good, it washes away your love for your children.*

Maron: *((latter))*

Louis C.K.: *So you can talk without a shaking voice.*

Scena er som følger: Marc Maron og Louis C.K. er i leilegheita til Louis, og samtalen har vart i godt over ein time. Maron har med seg opptaksutstyr, men utanom dette er det kun dei to tidlegare vennane i leilegheita. Dei har snakka lenge om Louis sitt liv og karriere, og når han så skal fortelje om fødselen til si første dotter, så tar han til tårene. Dette ville ein nok aldri sett Louis C.K. tillate seg på *The Tonight Show*. Men saman med Maron, i si eiga leilegheit, etter over ein times lang *samtale* (for det er slik det blir oppfatta av gjesten), så verkar det ikkje rart å fortelje noko nært og personleg, og reagere deretter. Dette er to menn som representerer det Kohlmann (2014) har kalla for *the emerging sensitive new man movement*, og akkurat her ser ein eit eksempel på korleis den nye komikaren kan tillate seg å sleppe maska og vise seg frå ei kjenslevar side.

Det som i grunn er typisk for akkurat denne samtalen er at Maron kan ekstremt mykje om Louis, og dermed blir mykje av det som skal fungere som spørsmål berre lange påstandar og meiningar som han søkjer stadfesting på. Det dukkar gjerne spørsmål opp innimellom, eit typisk eksempel vil vere noko slikt som dette. Her viser også Maron seg som den innsidemannen han er.

(38)

Marc Maron: *Who was that big executive, she was famous. That sat there, who were*

Louis C.K.: *Ah, well, Sherry Lansing*

Maron: *Sherry Lansing, right!*

Det er noko med måten Maron snakkar med Louis på som gjer at det følast som om ein er fluge på veggen under ein samtale mellom vener.

(39)

Louis C.K.: *I edited every episode on my little MacBook Pro*

Marc Maron: *Do you remember when I went (.) When you were editing Tomorrow Night on an, on an Avid.*

Louis C.K.: *Yes!*

Maron: *Like, you know, this amazing (.) This process it took to transmit, to put it from film onto [yes, to go to an Avid] a computer.*

Louis C.K.: *Huge.*

Maron: *And then you, and like, there was one Avid in the city.*

Louis C.K.: *That's right, no, Doug Able, who's editing my, this show. I edited some episodes, he edited some episodes.*

Ein kan nesten sjå for seg at dei to komikarane sit og mimrar over ein øl. «Hugsar du den gongen»-formuleringa har eit veldig vennskapleg preg over seg, det følast veldig intimt og nært, og det er ei oppleving kun dei to delte. Dette kan knappast kallast ein *intervjuteknikk*, det er vanskeleg å skulle kalle det noko anna enn eit samtalegrep, men likevel nyttar Maron seg av akkurat denne teknikken i intervjuet med Louis C.K., og det fungerer slik det skal.

Heilt til slutt her vil eg sjå på ein passasje frå intervjuet med Chris Cornell. Det er skilnad mellom samtalar Maron har med nære vener og personar han ikkje kjenner frå før av. Maron er stor fan av musikk, og har hatt mange musikarar som gjestar på podkasten. Intervjuet med Chris Cornell er ein samtale om Chris Cornell, men også om musikken som eksisterte då Cornell slo gjennom med Soundgarden. Maron har meiningar om musikk som han deler med oss i samtalen. Han snakkar om plater han likar, diskuterer kvifor Led Zeppelin var kjipt å bli samanlikna med på 80-talet og mykje meir. Igjen ser ein ein samtale mellom to personar med samanfallande interesser, ein samtale Maron styrer og deltar aktivt i. Maron har gjerne sin styrke i slike samtalar. Han viser at dette er eit tema han kan godt, han tek referansane og stiller relevante oppfølgingsspørsmål. Her diskuterer dei Beatles-plater.

(40)

Chris Cornell: *I really got into Abbey Road with headphones, and, and*

Marc Maron: *For that run on side B?*

Cornell: *I don't know what it was about it, but the (.) It didn't do it for me listening to it on speakers but I discovered that there's such a thing as headphones that sound good. Maybe that was the beginning of, like, good sounding headphones.*

Maron: *Yeah, yeah.*

Cornell: *And I remember cranking it super loud and I couldn't believe the production of Abbey Road, like incredible*

Maron: *Well, there's that whole (.) There's that whole run through, like, you know, You Never Give Me Your Money, Polythene Pam and then, you, like, that whole, like, they're all connected and that*

Cornell: *Which is prog really.*

Maron: *Yeah, it is, I, but I think it was for them just like 'How are we gonna put all this shit together? We got a bunch of fragments.'*

Cornell: *Yeah, the, well, when they came out with that album of number ones and demos.*

Her ser ein eit eksempel på kor verdifullt det er å sitte på inngåande kunnskap om eit tema. Maron kan stille konkrete oppfølgingsspørsmål, og bidra med relevant tilleggsinformasjon, slik vi ofte ser han gjere. Han prøver på mange måtar å utfylle gjesten.

Vi har sett på korleis Maron brukar seg sjølv aktivt i intervju. Ved hjelp av den posisjonen han har i Hollywood og i komikarmiljøet kan han kome tettare inn på intervjuobjekta sine, ettersom at han er ein *inside man*. Han deler mykje om seg sjølv, og oppmodar dermed intervjuobjekta til å gjere det same. Som tidlegare rusmisbrukar og ein mann med mykje usikkerheit og uro opplevast han for mange som ein det er lett å vedkjenne seg til. I det neste kapitlet skal vi sjå på korleis han gjetar samtalen, og sørger for å halde praten på riktig spor.

5.6 Sauegjetaren

I rolla som intervjuar må Maron i somme tilfelle fungere som ein samtalens sauegjetar. I eit konvensjonelt intervjumønster ser ein nettopp dette, at intervjuar har makta over blant anna kva som skal pratast om. Ein ser korleis Maron svingar mellom å bruke teknikkar frå samtalen, og meir konvensjonelle intervjuteknikkar. Ved å blant anna endre samtaleemne, eller bringe samtalen tilbake på riktig spor, held Maron styr på kva retning samtalen går i. Eg vil ta med nokre eksempel på korleis Maron tek styring att når samtalen har sklidd ut. I intervjuet med Nick Kroll, eit av dei første intervju han gjorde, ser vi at Maron er særst opptatt av å halde styr på retninga i samtalen. Ein ser så mange som fire forsøk på å ta kontroll over samtalen i løpet av under åtte minutt.

(41)

Marc Maron: *OK, so now let's get back to your easy ride, Nick Kroll.*

(42)

Marc Maron: *OK, så back to the easy ride, 'cause I'm starting to like you again.*

(43)

Marc Maron: *Alright, so how easy it was, all you wanted to do was comedy, and you were doing your goofy characters*

(44)

Marc Maron: *Alright so let's talk about the easy ride again, 'cause I'm still, I'm finding myself liking you and wanting to help you somehow (...) So you moved to New York, you're doing the UCB thing, and then Azis Ansari and you*

Dette er eksempel frå episode 12 av podkasten, og ein merkar at Maron har ein noko meir uslipt stil som intervjuar. Dette behovet for å kontrollere så mykje, har dempa seg i seinare år. I alle fall er det mindre tydeleg no. Uansett ser ein kor aktivt han prøver å vri samtalen inn på riktig spor. Det er altså fire eksempel i løpet av under åtte minuttar.

I intervjuet med Louis C.K. ser vi han gjerne starte ein setning, som han let gjesten fullføre. Men dette er også eit grep han brukar for å ta kontroll over samtalen og styre den i riktig retning. Her er to eksempel:

(45)

Marc Maron: *Now, now, so you (.) You were one of the original crew on the first Conan, you defined the original Conan O'Brien show with Dino and with Robert.*

Louis C.K.: *Robert Smigel was the head writer, and that was like (.) That was what stopped the slide for me*

(46)

Marc Maron: *I guess we should talk, you know, quickly about the Pootie Tang debauche, because I mean, I think a lot of people that love you, you know, look at that movie as, as this cult movie, and I remember when you were going through that.*

Ettersom at Louis er så snakkesalig, så fungerer Maron ofte kun som ein gjetar av denne samtalen. Det held at han styrer samtalen inn i riktig retning, så tek Louis over ballen derfrå. Det ser ein eit godt eksempel på her:

(47)

Louis C.K.: *And the series had stand up in it.*

Marc Maron: *Yeah.*

Louis C.K.: *So that fourth hour was cut in pieces, it's in the 13 episodes of Louie.*

Maron: *So now you're doing, you're working on your fifth hour.*

Louis C.K.: *I got my fifth hour which, eh, start this sat, this friday in San Francisco*

Temaet stand-up blir nemnt her, og Maron ser sitt snitt til å gjete samtalen inn på Louis C.K. sitt komande stand up-show. Vi såg tidlegare på korleis intervjuet med C.K. bar preg av å vere ein «brutalt ærleg samtale mellom to vener som har mista kontakten», men det er også tydeleg at Maron har rolla som intervjuar og Louis C.K. er intervjuobjektet. Dette samsvarar med det John Heritage skriv om den institusjonaliserte samtalen i intervjuet, der rollefordelingane er tydelege (Larsen 1997, s. 124). Temastyring ser vi i alle Maron sine intervju. Her er eit liknande eksempel frå intervjuet med Todd Hanson:

(47)

Marc Maron: *But, you know, before we get into that, now (.) So, you came, so they, you came from Wisconsin.*

Todd Hanson: *I came from all over the Midwest, but didn't move to Wisconsin before I was 16, then I stayed there 'til 2001, when we moved to New York.*

Maron: *Your family was in Wisconsin?*

Det er ganske typisk at intervjuar startar noko ustrukturert før Maron losar den inn på tidleg liv og oppvekst. Spørsmåla kan verke som dei kjem ut av det blå, det var for eksempel i dette tilfellet ingen naturleg overgang frå førre tema til dette. Det er ein teknikk Larry King til dømes er kjend for, å endre tema plutselig, gjerne med kontroversielle spørsmål eller spørsmål av særskilt privat karakter (King, 2013). Maron kan gjere noko av det same, men det følast ikkje som om det blir brukt for å ta intervjuobjektet på senga.

Maron styrer aktivt intervjuet sine, sjølv om ein som lyttar ofte kan få kjensla av at ein er lyttar til ein ustrukturert *samtale* mellom vennar. Vi har her sett kva grep Maron brukar for å halde intervjuet på riktig spor, og i det neste kapitlet skal vi ta føre oss korleis Maron sin intervjuteknikk samsvarar med og skil seg frå meir tradisjonell intervjuteknikk.

5.7 Maron vs. Sawatsky

Vi har i teorikapitlet sett på John Sawatsky sine råd for god intervjuteknikk, dei ti intervjutekniske dødssyndene og reiskaper for god intervjuteknikk. I det følgjande skal vi sjå korleis Maron spelar på lag med og bryt med Sawatsky sine prinsipp, og kva dette resulterer i. Det første eksempelet er frå intervjuet med Barack Obama. Dette er eit av dei meir konvensjonelle intervjuet i denne analysen, og eit av dei som skil seg mest i forma frå kvardagssamtalen.

(47)

Marc Maron: *What do you do to have fun? I mean, like, I can't imagine what's it's like to raise a family in the situation that you're in as president. It must feel sort of insulated.*

Barack Obama: *You know, the, the biggest fun I've had is watching my girls grow up.*

Her ser ein Marc Maron både spele på lag med, samt bryte med Sawatsky sine prinsipp. Utgangspunktet med ei opent kva-spørsmål er bra, men så «skitnar» Maron til spørsmålet med å foreslå kva Obama kan svare. Sawatsky samanliknar gode spørsmål med krystallklare vindauge. Jo meir verdiar og meiningar ein legg i spørsmålet, jo meir skitnar ein det til, og utsikta blir dårlegare. Målet skal vere å bidra med eit uforstyrta blikk inn på intervjuobjektet (Paterno, 2000a).

Eit anna eksempel på noko liknande er dette spørsmålet frå intervjuet med Robin Williams:

(48)

Marc Maron: *What were some of the most powerful moments for you in, either in movies, or just with people? Like, I know, I mean, you've worked with everybody. Were you like 'that's who this guy is, I never', you know, like De Niro or Pacino or, you know, Prior or any of those.*

Robin Williams: *I had this great moment with De Niro, we were shooting Awakenings.*

Igjen så klarar ikkje Maron å la det vere med spørsmålet. Han må avklare rammene for svaret før han let intervjuobjektet svare. Det har sjølvsagt ein funksjon, men mest ved at det avgrensar kva svaret kan vere. Ein kan seie at han spissar spørsmålet ved å gi alternativ for svaret, men samtidig skitnar han også til spørsmålet og legg ord i munnen på intervjuobjektet. Spørsmålet fungerer likevel fint ved at Williams set i gang med ei historie frå settet til Awakenings, og han fortel også ei historie om Jeff Bridges rett etterpå. Fordelen til Maron er gjerne at gjestane er villige til å spele på lag med han, så sjølv om spørsmåla ikkje er optimale kan han få gode svar likevel (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 309).

Eit eksempel frå intervjuet med Obama viser korleis Maron er «skrudd på», og er på plass med oppfølging og reaksjonar rundt det Obama snakkar om. Her byggar han intervjuet på svar, slik Sawatsky anbefaler (Lamark, 2001, s. 63).

(49)

Barack Obama: *One of our biggest jobs as parents, 'cause we're all a little bit crazy.*

Marc Maron: *Mhm.*

Obama: *Let's see if we can not pass on some of our craziness to our kids.*

Maron: *Right, that's the challenge, right?*

Obama: *Yeah. And let's see if we can break the cycle.*

Maron: *How are you crazy?*

Obama: *Well, for example, I think that having grown up the way I did without a dad.*

Det er nok heller ikkje det at Maron ikkje er skrudd på elles i intervjuet, men han viser presidenten respekt ved å vere noko mindre aggressiv enn vi kjenner Maron til å vere. I tillegg er det tydeleg at Obama ikkje ønskjer å bli avbrote, og ein kan høyre at han hever volumet så vidt dei gangane ein høyrer at Maron prøver å sleppe til. På denne måten hindrar han Maron å komme til med oppfølgingsspørsmål og kommentarar. Joshua Meyrowitz (1986, s. 66) skriv dette om høgstatus-personar i intervjusituasjonar: «(...) There are «great people», but their greatness manifests itself only through controlled social performances in suitable social situations. High status depends on conscious or unconscious strategies for controlling situations.»

Denne forma å intervjuje på må verke mild for ein politikar som Obama, og når han får taletid uavgrensa tek han den. Maron stoppar ikkje Obama når han set i gang med lange utgreiingar, sjølv om det openbart ikkje alltid er i den retninga Maron planla intervjuet. Ein «kompisprat» med presidenten er ikkje så enkelt å få til. Maron slit med å vere den kontrollerande part i intervjuet, men dette er då heller ikkje eit revolverintervju.

Intervjuet med Louis C.K. er prega av mange påstandar og få spørsmål, men innimellom tek Maron i bruk Sawatsky-iske metodar. Her ser vi Maron og Louis snakke om ein sketsj som ikkje fungerte som den skulle, og Maron stiller eit opent spørsmål.

(50)

Marc Maron: *Well, when you were trying to sell them on the breastfeeding thing, what was that like?*

Louis C.K.: *He loved it! I mean, Dana was a gamer, I loved him.*

Dette er eit spørsmål som henta frå Sawatsky si lærebok. Eit spørsmål som «*what is it like?*» gir intervjuobjektet høve til å svare med eigne ord (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 315).

Eit eksempel på eit godt, spissa og konkret spørsmål er det følgjande. Her legg Maron først litt informasjon inn i starten av spørsmålet, på ein måte som kan verke som om han ønskjer å rettferdiggjere og legitimere at han stiller akkurat det spørsmålet. Spørsmålet fører også til eit interessant svar frå Dafoe. Det liknar på mange måtar på denne tilskitninga av spørsmål som Sawatsky snakkar om, men i desse eksempla under fungerer det.

(51)

Marc Maron: *What was signature, like, you know, cause I've seen Spalding Grey several times before he died, and I've seen you work, ah, not, I don't think I've seen you on stage (.) I feel like I've been to the Wooster Group once, but what was (.) What was the, you know, what was emblematic of the Wooster Group's work?*

Det same ser ein seinare i intervjuet når han spør om Dafoe sine kjensler rundt filmen Platoon.

(52)

Marc Maron: *When you were doing Platoon, eh, entering that world and seeing that script and knowing what was going on, eh, what were you feelings, you know, about doing it?*

Willem Dafoe: *Ehm, I was really excited.*

Maron: *Yeah.*

Dafoe: *You know (.) You had this guy telling a personal story.*

Når ein ser at denne forma for spørsmålsstilling fungerer, betyr det korkje at Sawatsky har feil eller at Maron har rett. Maron opererer i ein setting som er vesentleg annleis enn ein vil sjå i det journalistiske intervju. I løpet av samtalen opprettar Maron tillit mellom seg sjølv og intervjuobjektet, og når han stiller spørsmål på denne måten, gjer han det blant anna for å behalde samtalepreget i intervjuet. I tillegg følgjer denne forma for intervju ein annan sosial kodeks. Det vil ikkje vere sosialt akseptert i denne samtalesettinga å ikkje svare utfyllande på spørsmål, sjølv om dei er lukka eller farga av intervjuar.

Ei felle Maron ofte går i er at han stiller for mange spørsmål samstundes, ei av dødssyndene til John Sawatsky (Lamark, 2001, s. 60). I dei påfølgande eksempla ser ein at det ikkje fungerer særleg godt.

(53)

Marc Maron: *What was that like? How old are you?*

Chris Cornell: *Uhm, I'll be 50 in a month and a half.*

Her snakkar dei som å vekse opp i Seattle, og Maron tek seg sjølv i å ville finne ut kva tiår Cornell vaks opp i, for å sette det heile i riktig kontekst. Kurt Strand (2009, s. 38) ser blant anna at slike feil kan ha samanheng med at intervjuar blir for ivrig, noko som i Maron sitt tilfelle ofte verkar å stemme. Som ein kan forvente svarar Cornell kun på det siste spørsmålet. Maron gjer ofte dette. Hiv ut fleire spørsmål samstundes og ser kva som skjer. Det som vanlegvis skjer er at intervjuobjektet svarar på det siste spørsmålet i rekka. Det finns mange eksempel på dette i Maron sine intervju, og eg har tatt med eit par av dei her.

(54)

Marc Maron: *So where (.) How does it start? What's going on with you going out to see live shows in High School, I mean, what's going on there? What were some of the shows you attended?*

Chris Cornell: *I probably saw sort of bands at the dance.*

Noko liknande ser ein frå den følgande passasjen frå intervjuet med Barack Obama.

(55)

Marc Maron: *So I've read your work. You know, I know the, the sort of struggles that you were going through, you know, as a young man.*

Barack Obama: *Right.*

Maron: *That were ongoing. So what's the difference between being at peace and resolving a struggle, and what were those struggles for you at day one, I mean*

Obama: *Well, when I was here in Pasadena, but I've just come from Hawaii, from High School, eh, so some of it is just the same stuff as any kid when they're off to college and going through.*

Maron: *Yeah, their time to break out?*

Obama: *Yeah, you're breaking out, you're trying to figure out 'How do I act right'.*

Som etter boka svarer Obama kun på det siste spørsmålet. «*What were those struggles for you at day one?*». Maron er også såpass ivrig med oppfølgingsspørsmål at det første spørsmålet, «*What's the difference between being at peace and resolving a struggle?*», druknar i samtalen.

Det er likevel ikkje alltid slik at mange spørsmål treng å bli tolka som mange spørsmål. Det er gjerne berre ein måte for å Maron å stokke om på orda på før han landar spørsmålet han ønsker å stille, som i dette eksempelet frå intervjuet med Willem Dafoe.

(56)

Marc Maron: *How many are they? Who's in there? How do, like, I thought you were, ah, one of the guys who started it.*

Willem Dafoe: *Yeah, well the, it (.) It was born out of another group.*

Maron er som vanleg førebudd, og kan mykje om gjesten, og når han stiller mange spørsmål samstundes slik som her, følast det meir som om han leitar etter det spørsmålet han skal stille. Dei to første «spørsmåla» her blir ikkje stilt på ein måte som gjer at gjesten føler at han må svare på dei. Det har kome ny informasjon på bordet, og Maron leitar etter dei riktige orda for å stille oppfølgingsspørsmålet.

Intervjuet med Obama er elles ein fin studie i korleis Maron fungerer i ein meir tradisjonell intervjusituasjon. Det ein ser mykje av er lange påstandar eller spørsmål frå Maron, som Obama brukar veldig lang tid på å svare på. I den følgande passasjen stiller Maron eit lukka spørsmål, men i løpet av svaret ender Obama opp med å snakke om korleis kongressen jobbar imot han på mange av hans kjernesaker (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 312). Det står han fritt til å gjere så lenge Maron tillét han det.

(57)

Marc Maron: *But don't you get furious? I mean, I saw you on TV the other day and I could see the anger and you're, you're not a boil over kind of guy, but I could feel it.»*

Barack Obama: *There are times when (.) I will tell you, ehm, right after Sandy Hook, Newtown, when 20 six year olds were gunned down, and, and congress literally does nothing (.) Yeah, that make (.) That, that (.) That's the closest I came to feeling disgusted. I was pretty disgusted.*

I det følgande eksemplet ser ein ein teknikk Maron ofte tek i bruk. Den skil seg frå tradisjonell intervjuteknikk, men fungerer ofte godt i desse samtalebaserte intervju.

(58)

Marc Maron: *Is there some trick that you can share with us all, of how you just sort of focus in on that? Is everything that immediate to you, that you can compartmentalize that quickly? Or do you just know that you have to show up to do the job?*

Her gir han Obama to svaralternativ, og sjølv om dette er vanleg for Maron er det ikkje slik at han forventar at gjesten skal velje eit av alternativa. Men han gir han nokre hankar å henge svaret på, noko å hjelpe han i gang med.

Ein kan til og med sjå eksempel på at når Maron presenterer eit spørsmål, så er det ikkje ein gang eit spørsmål.

(59)

Marc Maron: *That was one of the questions I was thinking about when I was coming down here, was that, you know, despite whatever problems you had throughout your career that I never sensed any animosity towards an audience.*

Spørsmålet er meir ein observasjon Maron har gjort som han ønsker å få stadfesta.

Ein ser også det at Maron kjem med ei påstand, der det blir naturleg at Robin Williams, som han intervjuar her, følg opp det som blir sagt. «Å gløyme å spørje» som Sawatsky ville kalla det (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 309).

(60)

Marc Maron: *Well how do you (.) Now, like, I'm noticing now with the last one, weapons of mass, self destruction, was that what it was?*

Robin Williams: *Yes.*

Maron: *That, you are taking more risks than you have before, with your own life, and yourself.*

Williams: *I am, but it's also that weird thing of still talking kind of in general terms versus hard core specific terms which is like that thing that you leave either for therapy.*

Ifølge Sawatsky vil ein intervjuar komme med påstandar i staden for fakta i cirka ein fjerdedel av tilfella (Y-Press, 2009). Med Maron følast det som om det skjer mykje oftare.

(61)

Marc Maron: *What about the whole, you know, I'd be remiss if I didn't adress it because it, it's something that I wanted to talk to you about, and it's something I hear all the time and I think it's demeaning, this whole stealing issue.*

Robin Willams: *I think in the old days, it was (.) If you hang out in comedy clubs which I was doing almost 24/7, you hear things, and then if you're improvising you're all of a sudden repeating.*

På mange måtar vil dette spørsmålet oppfattast som: «Kva synast du om rykta om at du stal vitsar?» Men i staden for å stille spørsmålet på den måten, vel Maron å berre antyde at han høyrer stadig rykte om dette, og gir Williams eit høve til å svare på det. Dette er ikkje fullt så inntrengande og krev ikkje noko frå intervjuobjektet på same måte som det å stille eit spørsmål ville gjort. Når temaet er så betent kan det vere ein fin inngang for å komme i gang med praten rundt det. Ved å stille eit spørsmål utøvar ein makta ein som intervjuar har overfor intervjuobjektet, og det ligg automatisk litt aggresjon latent i eit spørsmål om noko så betent som det å stele vitsar frå andre komikarar er (Y-Press, 2009). Maron unngår dette ved å berre bringe temaet på bana, og deretter la Williams snakke om det.

Sawatsky ber oss unngå triggerord av typen rasist, nazist etc., men i intervjuet med Gallagher syndar Maron fleire gongar mot denne regelen (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 311). Resultatet vart til slutt at Gallagher forlét intervjuet i sinne. Her er eit eksempel vi såg på tidlegare.

(62)

Marc Maron: Now we fast forward to where we are now [yeah], and you've got this reputation of being racist [a racist?] and a homophobe. You know, there are jokes you do that are a little vicious, eh

Gallagher: They are not!

Her rekk ikkje Maron ein gang å stille spørsmålet før Gallagher reagerer på orda han brukar. Dette er også eit eksempel på at Maron er forutinntatt, kommenterer og fyller spørsmålet med informasjon. Når ein brukar eit ord som «rasist» i inngangen til spørsmålet, sørger ein for at intervjuobjektet fokuserer kun på dette triggerordet (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 311). Resultatet blir at Gallagher berre fokuserer på å fornekte premissen for spørsmålet (som endå ikkje er stilt).

Å gløyme å spørje er ei av dødssyndene til Sawatsky, og det ser ein igjen og igjen hos Maron (Østlyngen og Øvrebø, 2008, s. 309). Eit eksempel på dette er følgjande utdrag. Her diskuterer Marc Maron og Todd Glass sistnemnte si seksuelle legning.

(63)

Marc Maron: *So everything in your being sort of was wrapped around, you know, maintaining closet status.*

Todd Glass: *Yes.*

Maron: *And anyway you could make it more believable would be a tremendous help to you.*

Glass: *Yeah*

Maron legg orda i munnen på Todd Glass, og formulerer ut det han trur er hans tankar.

Når det kjem til tradisjonell intervjueteknikk ser ein Maron synde mot mange av dei grunnleggjande prinsippa. Eg har nemnt det tidlegare, men det er forholdsvis stor skilnad mellom eit journalistisk intervju og den form for samtale som Maron ønsker å få til i podkasten sin. Sawatsky skriv at det er forskjell på å få eit intervjuobjekt til å prate og til å svare. Det første er enkelt, det andre er vanskelegare (Lamark, 2001, s. 53). Gode spørsmål er likevel fruktbare i eit intervju, sjølv om intensjonen er å få til ein *samtale*. Maron sin svakheit ligg i mangelen på gode spørsmål, noko vi har sett fleire eksempel på i dette kapitlet.

No skal vi sjå på korleis Maron tek rolla som terapeut, og korleis det fungerer i intervjusituasjonen.

5.8 Terapeuten

I podkasten til Marc Maron har det etterkvart blitt ein forventning blant gjestane om kva form for samtale som ventar. Då Bobby Slayton var gjest på podkasten spurte han heile tida om Maron skulle få han til å byrje å grine, slik han hadde gjort med Louis C.K. (Dunaway, 2013). Ein ser ofte Maron tre inn i terapeut-rolla, noko som kjem spesielt tydeleg fram i intervjuet med Todd Hanson. Episoden med Todd Hanson er blant dei mest omtalte episodane av WTF (Rabin, 2015). Todd Hanson var tidlegare redaktør av det satiriske tidsskriftet The Onion, men viser ei heilt anna side av seg i intervjuet med Marc Maron. Denne episoden er eit godt eksempel på at Maron får folk til å opne seg på ein heilt spesiell måte under intervju sine. For å sitere Maron frå eit intervju frå 2014: «Someone reached out to me from a medical school asking me if they could teach it in a class on how to have these conversations with patients. That was a big one.» (Pesca, 2014).

Den neste ordvekslinga er noko lang, men den følast heilt essensiell for korleis Maron i ein samtale som denne klarar å få intervjuobjektet sitt til å opne seg så mykje som han gjer. Det finns, som eg har nemnt tidlegare, teoriar innafor psykologi som forklarar korleis ein ved å opne seg sjølv for andre, gjer at andre har lettare for å opne seg for deg (Paine et al., 2010, 580). Typisk for den terapeutiske samtalen er at det er intervjuobjektet som skal få nytte av det, og ikkje den som intervjuar (Larsen, 1997, s. 103). Dette er fint å ha i bakhovudet når ein ser på dei komande eksempla. I det første eksempelet fortel Maron om sine problem med angst og depresjonar. Dette fører så til at Hanson opnar seg om sine eigne problem.

(64)

Marc Maron: *Now, we talked a little bit about what fuels us, you know I personally found that much of my anxiety and depression that you know, my (.) my father is bipolar, so the story goes, and you know I had*

Todd Hanson: *Those diagnosis are real up in the air, aren't they.*

Maron: *Well, it's weird, I had to investigate myself, because he's very proud of the possibility that I might be depressive because, you know, I'm his son, like 'that's my boy, look at him!', you know, 'he's suicidal' but*

Hanson: *((latter))*

Maron: *I*

Hanson: *My suicidal boy!*

Maron: *((latter)) Yeah, yeah! But, you know, as time went on, you know, and the periods that I experienced with depression. Like it's interesting that you cite that first heartbreak as being the trigger of what became a lifelong struggle.*

Hanson: *A repeating pattern.*

Maron: *Yeah, I don't know about (.) I can't do any, you know, pathology on it, but I just found that a lot of my depression was really, a, a, an anxiety that like, I get to a point where my anxiety is fueled by dread and worry and assuming the worst and, and complete fear, to the point where (.)*

Hanson: *That brings you into a major depression.*

Maron: *Right. Which triggers a paralysis almost, like I literally shut down.*

Hanson: *Yeah.*

Maron: *And then I'm locked into this thing.*

Hanson: *Yeah, I do the same exact thing, Marc, and, and, and it's lucky I haven't been fired, I'll probably fire ((uhøyrbart)). I'm always at the verge of losing my job because I'm missing a meeting.*

Maron: *Yeah, yeah.*

Hanson: *I'm not coming in, you know, I'm not turning in my story in by deadline because I'm in a fetal position in my room crying*

Maron: *And it's hard to pull out!*

Hanson: *Yeah, it's very hard to pull out.*

Maron: *Almost impossible.*

Hanson: *Yeah, luckily the people at The Onion have been very supportive of me, and my friends have been very supportive to me, and I've tried as best I can to transfer those feelings into the kind of dark humor that I respect and enjoy.*

Med den bakgrunnen som Maron har, med alt han har vore gjennom, klarar han å identifisere seg med nokon som Todd Hanson, som har slitt med depresjon over lengre tid, og Hanson klarar å identifisere seg med Maron. I intervjuet kjem det fram at Hanson er stor fan av Maron som komikar, fordi han kjenner seg igjen i det Maron snakkar om. Dette er to menn som er på bølgelengd, som har dei same interessene og utfordringane i livet. Når ein så skal snakke om noko så djupt og personleg som ein tung depresjon er det ein fordel at intervjuobjektet føler seg forstått, og at han ser at intervjuar skjønar kva det handlar om. Vi er tilbake til styrken ved Maron sin persona. Han brukar sine erfaringar med mentale problem og tek på mange måtar rolla som terapeut. Han kjem med teoriar om kva problemet kan vere, og driv med ein form for problemløysing saman med intervjuobjektet. Ein kan samanlikne dette med den fjerde fasen i av den terapeutiske samtale. I denne fasen samanfattast samtalen og terapeuten vurderer korleis pasienten kan hjelpast (Ohnstad, 1998, s. 41). (Dei tre føregåande fasane av terapeutisk samtale er: 1. Den sosiale fase (bli kjent-fasen), 2. Problemauklaring og 3. Kartlegging av tidlegare løysingsforsøk (Ohnstad, 1998, s. 35-40).)

(65)

Marc Maron: *I hear your anger around this, you know, at the loss of being able to overcome that obstacle of public judgement and, you know, societal norms.*

Todd Hanson: *Yeah.*

Maron: *But I still think that it seems you might be at the beginning of a fairly interesting and difficult process with that stuff. Because there is no reason why you won't be able to do that at this point, from this day forward.*

Hanson: *It won't happen tomorrow, and by the way, and I'm not saying it definitely won't. Maybe I was a little powerful in the way that I said it.*

Maron: *No, but I think that the struggle, the struggle of that wiring, of being that afraid, to be public about your feelings and who you are is, is very fucking deep, and it's profound, ah (.). And, and I think that your experience is common to alot of people. I think alot of people are like 'I'm gay, but I'm fucking (.). I can't deal with the stress, or the victimization of being public about it', but unfortunately that's part of this struggle that you're talking about. But I think that maybe there'll come a time*

Hanson: *Like I said, it might have been powerful in the way I said it*

Maron: *No, you're angry!*

Hanson: *Yeah, but also (...)*

Intervjuet med Todd Hanson er veldig spesielt, då mykje av det kranzar omkring historia om Hanson sitt sjølvmondsforsøk. At Maron trer inn i rolla som hobbypsykolog er ikkje rart. Det er likevel ikkje uvanleg at Maron brukar teknikkar for å få intervjuobjektet til å snakke om noko som er vanskeleg. Han er også veldig direkte og spør inngåande spørsmål om private ting, slik ein ser i det neste eksempelet frå intervjuet med Chris Cornell.

(66)

Marc Maron: *Were you worn out? Was that when you got sober?*

Chris Cornell: *I hadn't really got going yet.*

Maron: *Oh really?*

Cornell: *Yeah, I think that there was a period in Superunknown where I like kind of started to pick up steam, you know, in terms of drinking, but it wasn't until after Soundgarden broke up that I really, I think, had a meltdown.*

Maron: *Yeah. What'd that look like?*

Cornell: *Not good.*

Maron: *((latter))*

Cornell: *And I don't know how long, a few years.*

Maron: *((latter)) Yeah, and you really (.). Did you just drink your way into just complete fucking insanity, or just sadness?*

Cornell: *Yeah, that's a great way to describe it.*

Maron: *Yeah.*

Maron sin latter ber preg av at han kjenner seg igjen i det som blir sagt. Ein slags «haha, ja, det er akkurat slik det er». Det følast ikkje respektlaust når han gjer dette, meir som ei stadfesting av det som blir sagt. Den høge latteren og sarkasmen er sjeldan langt unna. Det Maron ofte er veldig flink til, er å finne *common ground*, ei uro ein kan einast om, liknande opplevingar, eller berre eit utsegn som intervjuobjektet kjenner seg att i. Dette ser ein mykje av i intervjuet med Robin Williams. Det fører til at intervjuobjektet opnar seg endå meir opp, og tillét seg å fortelje opent om tankar og privatliv.

(67)

Marc Maron: *I'm just at this point, and I'm a little younger than you, where it seems to me that the real risk, the one thing that all of us share is that existential fear, you know the panic of you know, what does it really all fucking mean*

Robin Williams: *Big time.*

Maron: *Ehm, what do we do with this anger, and*

Williams: *What do you do with the anger, and what do you do with (.) beneath the anger is the fear. Like you said, what's the fear?*

Maron: *Yeah, and I think (.)*

Williams: *Talk about that, and you talk about it to a twenty-something, and they're going, 'cause they're like immune at that point.*

Maron: *Yeah, I do a bit about how like I'm old enough to resent people for being young.*

Williams: *((Latter))*

Williams føler seg openbart så komfortabel i denne settinga at han tillét seg å fortelje om eit sjølvmondsforsøk to år tidlegare. Det skjer heilt i slutten av intervjuet, og heile praten har vore så intim og inderleg at det ikkje oppfattast som spesielt kontroversielt at han nemner det. Då er vi også inne på noko av styrken til Marc Maron som intervjuar, som ikkje alltid ligg i sjølve spørsmåla, men settinga, Maron sin persona, openheita han viser, utleveringa av seg sjølv, etc. Ettersom at begge har bakgrunn frå showbusiness, kan dei identifisere seg som insiders, som om dei har delt same garderobe, og det vil kunne føre til ei kjensle av eit «vi», ein fordel som ein tradisjonell intervjuar ikkje ville hatt (Meyrowitz, 1986, s. 55-56).

Intervjuet med Williams står igjen som eit intervju som definerte Maron sin intervjustil. Mange hadde aldri høyrte Williams på denne måten; lågmælt, roleg og ærleg. Mykje av dette kan forklarast ved at Maron og Williams deler bakgrunn, og at ein dermed i dette intervjuet fekk eit sjeldan innblikk i ein *back stage-performance* frå Williams.

I dette kapitlet fekk vi sjå korleis Maron trer inn i rolla som terapeut, korleis han velvillig deler sine eigne problem med intervjuobjektet, og kva resultat dette kan gi. No skal vi sjå nærare på den samkjønna samtalen mellom menn.

5.9 Menn som snakkar med menn

Det vi har sett på i denne analysen er menn som snakkar med menn. I den mannlege samtalen ligg det forventningar om kva ein skal snakke om og korleis ein skal te seg, og Marc Maron bryt med mange av desse forventningane (Coates, 2004, s. 133-138). Marc Maron representerer ein ny type maskulinitet, som spesielt i stand-up-miljøet bryt med gamle konvensjonar (Kohlmann, 2014, s. 1). Eg vil her sjå på nokre eksempel som representerer ein feminisering av den mannlege samtalen, samt eksempel på korleis det kan skjære seg når samtalen mellom menn ikkje er som det ein forventar.

I dette første eksempelet skal vi sjå noko som er typisk for den mannlege samtalen.

(72)

Robin Williams: *and it paid a lot of bills and kicked my career way in the ass. Dom Irrera said 'without that, where the fuck would you be?', and I would go 'you're right'*

Marc Maron: *Did he say that recently?*

R: *No, that was about ((latter)) fuck you!*

Denne måten å fornærme kvarandre på i ein samtalsituasjon er ifølge Jennifer Coates (2004, s. 137-138) noko menn kan gjere for å oppnå solidaritet. Ein slik form for «frekkheit» tillét ein seg gjerne kun rundt menneske ein kjenner veldig godt, eller personar ein ikkje kjenner i det heile. Ein kan med andre ord tolke det som eit teikn på vennskapelegheit, at ein i det heile tatt kan tillate seg å vere frekk. Williams reagerer også deretter, og sender eit vennleg og anerkjennande «fuck you» i retning Maron.

Det som derimot er mest interessant å merke seg med intervjuet til Maron er kor mykje dei bryt med forventningar til den mannlege samtalen. Eg skal her vise nokre eksempel som kan karakteriserast som ein feminisert samtale. Mange av eksempla vi allereie har sett på vil også falle inn under denne kategorien, så eg vil for enkelheitsskuld bruke somme av dei same eksempla her.

(73)

Marc Maron: *So (.) Alright, so, are we alright, me and you?*

Louis C.K.: *Yeah, sure.*

Marc Maron: *OK.*

Louis C.K.: *You mean, personally?*

Marc Maron: *Yeah.*

Louis C.K.: *Ah, well, you know, we're under development I think*

Marc Maron: *((latter)) Ahh (.) I don't know what the fuck is wrong with me.*

Medan ein i ein moderne konstruert maskulinitet vil sjå at menn legg band på sine kjensler, er det første Maron tek opp i samtalen mellom han og Louis C.K. nettopp kjensler (Coates, 2004, 141). Dette er eit tema som går igjen i mange av intervjuet hans. Det har nesten blitt eit *catch-phrase* at han avsluttar intervjuet med «*are we good?*», som for å forsikre seg om at dei er vener før dei forlet kvarandre.

Ein annan kjenslevar passasje frå det same intervjuet er dette:

(74)

Marc Maron: *But I think that at sometimes, when we're, you know, when you just, when you don't see someone a lot you just sort of hold them to who they were when you did know them really well, like, you know, that guy must be the same guy.*

Louis C.K.: *Yeah I think that's true.*

Maron snakkar om identitet, kjensler, tek opp konflikter og kjem ofte med påstandar i staden for spørsmål. Han samarbeidar ofte med intervjuobjektet sitt, og snakkar sjeldan om nyheiter, bilar og andre typisk maskuline samtaleemne. Ein ser han også ofte bidra med tilleggsinformasjon når gjesten snakkar og verkar ikkje til å ha behov for å hevde seg i like

stor grad som ein vil sjå i tradisjonell maskulinitet. Alt dette står i opposisjon til det ein vil forvente av ein samtale mellom menn (Coates, 2004, s. 133-142).

6.0 Oppsummering

I denne oppgåva har vi sett nærare på ein heilt ny form for intervju som har oppstått i det amerikanske komikarmiljøet og som har latt seg realisere mykje på grunn av podkasten som medium og dei mulighetene podkasting har gitt. Ved hjelp av ein case-studie av tolv av episodane frå podkasten *WTF with Marc Maron* har vi sett korleis Maron med sine intervjuteknikkar og ein intim setting har vatna ut skiljet mellom det private og offentlege, og bidrege til ein endå meir intim offentlegheit. Ved å sette Maron sine måte å intervjuje på opp mot klassisk intervjuteknikk og samtaleteori kan vi plassere Maron sine intervju ein stad mellom det klassiske intervjuet og kvardagssamtalen. Det er tydeleg at teknikkane Maron tek i bruk verkeleg er *intervjuteknikkar* som har som mål å skape ein respons hos intervjuobjekta. Resultata har vore at menn har delt sine mest private historier, eksemplifisert ved Todd Hanson si utgreiing om sin eigen depresjon, og Louis C.K. som tek til tårene når han fortel om fødselen til dottera. I desse eksempla, og ofte elles i intervjuja, har intervjuobjekta slept lyttarane inn i ein *deep back stage region* ein sjeldan får ta del i elles (Meyrowitz, 1986, s. 47). Vi har også sett på korleis Maron vekslar mellom å ta i bruk klassiske mannleg og kvinnelege grep i samtalen, i sine samtalar med menn. Det vi ser her er ein ny form mannleg identitet som Stephen Kohlman (2014) har kalla *the emerging sensitive new man movement*. Maron deler sine inste kjensler og problem på ein måte som står i opposisjon til klassiske forventningar til maskulinitet, og brukar samstundes dette som grep for å kome nærare inn på sine intervjuobjekt. Dette er teknikkar ein kjenner frå psykologien, såkalla *self-disclosure*, der terapeuten deler private saker om seg sjølv (Paine et al., 2010, s. 580).

Denne forma for talkshow-intervju skil seg vesentleg frå det journalistiske intervju, og vi har sett at det kan vere lurt å ta i bruk grepa som John Sawatsky har utvikla. Maron syndar mykje mot reglane til Sawatsky, og i analysen fekk vi sjå at det ofte kunne gi dårlege resultat. I dette ligg også kritikken mot Maron sin metode. Ved å gi intervjuja sine eit kvardagsleg samtalepreg mistar Maron noko av styrken som ligg i å gjennomføre eit objektivt, journalistisk intervju. Dei opne spørsmåla må ofte vike for påstandar og omformuleringar, og ein ivrig Maron stiller ofte mange spørsmål etter kvarandre. Det ein derimot oppnår med dette er å skape *illusjonen* av at det ein er ein del av er ein kvardagssamtale mellom vener. Journalistiske ideal må med andre ord vike for at Maron skal kunne skape den nærleiken og tryggleiken som han ser ut til å oppnå under sine intervju.

Kjelder

Ayers, Mike (2013) Radio on the TV: Podcasts coming to a small screen near you. *CNN* [Internett], 3. mai, 2013. Tilgjengeleg frå:

<<http://edition.cnn.com/2013/05/03/showbiz/podcast-to-tv/>> [Lest 10. mai 2015]

Berry, Richard (2016) Podcasting: Considering the evolution of the medium and its association with the word 'radio'. *The Radio Journal International Studies in Broadcast and Audio Media* [Internett], 14 (1), s. 7-22. DOI: http://dx.doi.org/10.1386/rjao.14.1.7_1.

Bonini, Tiziano (2015) The 'Second Age' of Podcasting: reframing Podcasting as a New Digital Mass Medium. *Quaderns del CAC* [Internett], 18 (1), s. 21-30. Tilgjengeleg frå: <http://www.academia.edu/14504222/The_Second_Age_of_Podcasting_reframing_Podcasting_as_a_New_Digital_Mass_Medium> [Lest 23.11.2017].

Bottomley, Andrew J. (2015) Podcasting: A Decade in the Life of a "New" Audio Medium: Introduction. *Journal of Radio & Audio Media* [Internett], 22 (2), s. 164-169.

DOI:10.1080/19376529.2015.1082880

Brownstein, Bill (2017) Podcast king Marc Maron keeps it real on WTF and on stage. *Montreal Gazette* [Internett], 1. mars, 2017. Tilgjengeleg frå:

<<http://montrealgazette.com/entertainment/arts/podcast-king-marc-maron-keeps-it-real-on-wtf-and-on-stage>> [Lest 27. juni 2017]

Carter, Bill (2015) David Letterman: the late-night prankster who became a comedy godfather. *The Guardian* [Internett], 15. mai, 2015. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.theguardian.com/media/2015/may/15/david-letterman-late-night-prankster-comedy-godfather>> [Lest 29.11.2017]

Coates, Jennifer (2004) *Women, men and language*. 3. utg. Edinburgh: Pearson Education Limited.

Crampton, Caroline (2017) In the age of podcasts, the era of communal listening is over. *NewStateman* [Internett], 18. februar, 2017. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.newstatesman.com/culture/tv-radio/2017/02/age-podcasts-era-communal-listening-over>> [Lest 29.11.2017]

Drew, Paul og Heritage, John (1992) *Talk at work*. Cambridge: University Press

Dunaway, Michael (2013) Marc Maron: Talking Down the Demons. *Paste Magazine*

[Internett], 7. mai, 2013. Tilgjengeleg frå:

<<http://www.pastemagazine.com/articles/2013/05/marc-maron.html>> [Lest 10. mai 2015]

Eels, Josh (2012) Marc Maron Regrets and Whines and Kvetches and Complains. *Rolling Stone* [Internett], 12. oktober, 2012. Tilgjengeleg frå:

<<http://www.rollingstone.com/movies/news/marc-maron-regrets-and-whines-and-kvetches-and-complains-20121012>> [Lest 10. mai 2015]

Enli, G. Moe, H. Sundet, V. S. & Syvertsen, T. (2010) *TV – en innføring*. Oslo, Universitetsforlaget.

Gonsholt, Simen V, Fandango, Sigurd & Vikås, Ola (2014) Revolusjonens røster. *Dagens Næringsliv* [Internett], 4. desember, 2014. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.dn.no/d2/2014/12/04/2125/Medium/revolusjonens-rster>> [Lest 10. mai 2015]

Goffman, Erving (1992) *Vårt rollespill til daglig*. Oslo, Pax Forlag A/S.

Habermas, Jürgen (2002) *Borgerlig offentlighet – dens fremvekst og forfall*. 3. utg. Oslo: Gyldendal.

Haglund, David & Onion, Rebecca (2014) The 25 Best Podcast Episodes Ever. *Slate*

[Internett], 14. desember, 2014. Tilgjengeleg frå:

<http://www.slate.com/articles/arts/ten_years_in_your_ears/2014/12/best_podcast_episodes_ever_the_25_best_from_serial_to_the_ricky_gervais.html> [Lest 10. mai 2015]

Handgaard, Brynjulf (2008) *Intervjuteknikk for journalister*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS.

Hankinson, Andrew (2012) GQ.com transcript: Chatting to Marc Maron about interviewing Louis CK, the future of the WTF podcast and why Jon Hamm came to his garage. *GQ* [Internett], 17. april, 2012. Tilgjengeleg frå: <<http://www.gq-magazine.co.uk/entertainment/articles/2012-04/17/marc-maron-wtf-podcast-comedian-interview>> [Lest 10. mai 2015]

Heise, Nele (2014) On the Shoulders of Giants? How audio podcasters adopt, transform and re-invent radio storytelling. *MOOC Transnational Radio Stories* [Internett]
DOI: 10.13140/RG.2.1.4930.4089

Heisler, Steve (2012) Are we nearing comedy podcast overload?. *A.V. Club* [Internett], 2. mars, 2012. Tilgjengeleg frå: <<http://www.avclub.com/article/are-we-nearing-comedy-podcast-overload-70194>> [Lest 10. mai 2015]

Heritage, John (1985) Analyzing New Interviews: Aspects of the Production of Talk for an Overhearing Audience. I: van Dijk, T.A. red. *Handbook of Discoursr Analysis*, vol. III: Discourse and Dialogue. London: Academic Press.

James, William (1989) *The Principles of Psychology*. 31. utg. Chicago: Encyclopaedia Britannica.

Jerslev, Anne (2004) *Vi ses på TV – medium og intimitet*. København: Gyldendal.

Johansen, Anders (1989) Troverdighet. *Sosiologi i dag*, 2 (3), s. 76.

Johansen, Anders (2002) *Talerens troverdighet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jones, Kevin L. (2015) EARFUL: Marc Maron Discusses the Perfect Interview. *KQED Arts* [Internett], 8. mai, 2015. Tilgjengeleg frå: <<https://ww2.kqed.org/arts/2015/05/08/mastering-the-talk-marc-maron-discusses-his-interview-techniques/>> [Lest 29.11.2017]

Jørgensen, John Chr. (2010)) *Kommer de som ven eller som interviewer?: Interviewets historie i Danmark*. Viborg, Gyldendal.

King, Larry (2013) Marc Maron on "Larry King Now". *YouTube* [Videoklipp], 11. november, 2013. Tilgjengeleg frå: <<https://www.youtube.com/watch?v=eM9llqYde-k>> [Lest 10. mai 2015]

Knight, Jim (2016) *Better Conversations: Coaching Ourselves and Each Other to be More Credible, Caring, and Connected*. USA: Corwin.

Kohlman, Stephen (2014) "So Are We Good?" *the Emerging Sensitive New Man Movement in the Boys' Club of Stand-up Comedy*. Akademisk avhandling, University of Wisconsin-Milwaukee.

Kunelius, Risto (2001) Conversation: A metaphor and a method for better journalism? *Journalism Studies*. *Journalism Studies*, 2 (1), s. 31-54.

Kvittingen, Ida (2014) «Mhm» og andre lyder som hjelper oss å snakke sammen. *Forskning.no* [Internett], 23. april, 2014. Tilgjengeleg frå: <<https://forskning.no/sprak/2014/04/mhm-og-andre-lyder-hjelper-oss-snakke-sammen>> [Lest 29.11.2017]

Labov, William og Fanshel, David (1977) *Therapeutic Discourse: Psychotherapy as Conversation*. New York: Academic Press,

Lamark, Hege (2001) *Som journalister spør: Om intervju som arbeidsmetode i nyhetsjournalistikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Larsen, T. G. (1997) *Ekte menneske med ekte følelser - en analyse af samtalerne i En anelse rødt*. Akademisk avhandling, Universitetet i Bergen.

Levine, Katie (2012) You Made It Weird #96: Zack Galifianakis. *Nerdist* [Internett], 26. oktober, 2012. Tilgjengeleg frå: <<https://nerdist.com/you-made-it-weird-96-zach-galifianakis/>> [Lest 29.11.2017]

Levinson, Stephen C. (1983) *Pragmatics*. Cambridge: Cambridge University Press.

Lowndes, Leil (2014) *How To Talk To Anyone*. London, HarperCollingsPublishers Ltd.

Luippold, Ross (2012) Todd Glass Comes Out As Gay On 'WTF With Marc Maron'. *Huffington Post* [Internett], 16. januar, 2012. Tilgjengeleg frå: http://www.huffingtonpost.com/2012/01/16/todd-glass-comes-out-as-gay-on-wtf-with-marc-maron_n_1209291.html> [Lest 10. mai 2015]

Marshall, Kelli (2013) Comic Conversations and Jerry Seinfeld's Comedians in Cars Getting Coffee. *Flow* [Internett]. 29. juli, 2015 Tilgjengeleg frå: <http://flowtv.org/2013/07/comic-conversations/>> [Lest 10. mai 2015]

Meserko, Vincent M. (2015) The pursuit of authenticity on Marc Maron's WTF podcast. *Continuum* [Internett], 29 (6), 796-810. DOI:10.1080/10304312.2015.1073682

Meyrowitz, Joshua (1986) *No sense of place: The impact of electronic media on social behavior*. New York: Oxford University Press.

Munson, Wayne (1993) *All Talk: The Talkshow in Media Culture*. Philadelphia, Temple University Press.

Mühleisen, Wencke (2003) *Kjønn og sex på TV: Norske medium i postfeminismens tid*. Oslo: Universitetsforlaget.

Nededog, Jethro (2016) Every late-night show, ranked from worst to best. *Business Insider* [Internett], 11. oktober, 2016. Tilgjengeleg frå: <http://nordic.businessinsider.com/best-worst-late-night-shows-ranked-2016-10?r=US&IR=T>> [Lest 29.11.2017]

Nelson, Jenny (2013) 15 of the Best, Most Defining Episodes of 'WTF with Marc Maron'. *Splitsider* [Internett], 1. mai, 2013. Tilgjengeleg frå: <http://splitsider.com/2013/05/15-of-the-best-most-defining-episodes-of-wtf-with-marc-maron/>> [Lest 10. mai 2015]

Nielsen, Mia Femø & Nielsen, Søren Beck (2005) *Samtaleanalyse*. Fredriksberg: Forlaget Samfundslitteratur.

Ohnstad, Anbjørg (1998) *Den gode samtalen*. 2. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.

Opie and Anthony (2011) Opie and Anthony: Marc Maron on Gallagher. *YouTube* [Internett], 26. juli, 2011. Tilgjengeleg frå: <<https://www.youtube.com/watch?v=XsN70L2EX2I>> [Lest 29.11.2017]

Paine, Amy L., Veach, Patricia McCarthy, MacFarlane, Ian M., Thomas, Brittany, Ahrens, Mary og LeRoy, Bonnie S (2010) . “What Would You Do if You Were Me?” Effects of Counselor Self-Disclosure Versus Non-disclosure in a Hypothetical Genetic Counseling Session. *Journal of Genetic Counseling* [Internett], 19 (6), s. 570-584.
DOI:<https://doi.org/10.1007/s10897-010-9310-4>

Parkin, Simon (2014) Inside Marc Maron’s Garage. *The New Yorker* [Internett], 24. juli, 2014. Tilgjengeleg frå: <<http://www.newyorker.com/culture/culture-desk/inside-marc-marons-garage>> [Lest 10. mai 2015]

Patterno, Susan (2000a) The Question Man. *AJR* [Internett], Oktober 2000. Tilgjengeleg frå: <<http://ajrarchive.org/article.asp?id=676>> [Lest 16.11.2017]

Patterno, Susan (2000b) What to Do. *AJR* [Internett], Oktober 2000. Tilgjengeleg frå: <<http://ajrarchive.org/article.asp?id=677>> [Lest 29.11.2017]

Pesca, Mike (2014) Marc Maron Tells the Story Behind the Greatest Podcast Episode Ever. *Slate* [Internett], 14. desember, 2014. Tilgjengeleg frå: <http://www.slate.com/blogs/browbeat/2014/12/14/marc_maron_and_louis_ck_on_wtf_the_story_of_the_greatest_podcast_episode.html> [Lest 29.11.2017]

podbay.fm (u.å) *Browsing top ranking podcasts overall by live iTunes rankings* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://podbay.fm/browse/top>> [Lest 30.11.2017]

Rabin, Nathan (2015) What Made Todd Hanson’s Episode of ‘WTF’ One of the Most Powerful Podcast Episodes Ever. *Splitsider* [Internett], 1. juni, 2015. Tilgjengeleg frå: <<http://splitsider.com/2015/06/what-made-todd-hansons-episode-of-wtf-one-of-the-most->

[powerful-podcast-episodes-ever/](#)> [Lest 29.11.2017]

ReaganFoundation (2009) 1st Inaugural Address: President Reagans Inaugural Address 1/20/81. *YouTube* [Internett], 15. april, 2009. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.youtube.com/watch?v=LToM9bAnsyM>> [Lest 29.11.2017]

Reagan Library (2016) President Reagan's Interview with the Dallas Morning News in the Oval Office on January 8, 1985. *YouTube* [Internett], 9. september, 2016. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.youtube.com/watch?v=AVYXcbBFRR0>> [Lest 29.11.2017]

Rose, Brian (1985) *TV Genres: A handbook and Reference Guide*. Connecticut: Greenwood Press.

Røe, Knut (1990) *Intervjuet i radio og fjernsyn*. Sandvika: Vett & Viten A/S.

Scannell, Paddy (1996) *Radio, Television and Modern Life: A Phenomenal Approach*. Oxford: Blackwell Publishers.

Schudson, Michael (1997) Why Conversation Is Not The Soul of Democracy. *Critical Studies in Media Communication*, 14 (4), s. 297-309.

Schudson, Michael (1978) The Ideal of Conversation in the Study of Mass Media. *Communication Research*, 5 (3), s 320-329.

Schudson, Michael (1978) *Discovering The News*. New York: Basic Books

Sennett, Richard (1986) *The Fall of Public Man*. London, Faber & Faber.

Sennett, Richard (2007) *Intimitetstyranniet*. Oslo: Forlag AS.

Smith-Shomade, Beretta E. (1993) *Shaded Lives: African American Women and Televison*. Piscataway, Rutgers University Press.

Speer, Susan A. (2005) *Gender Talk: Feminism, Discourse and Conversation Analysis*. Padstow: Routledge.

Stephens, Buzz (2015) JUDY GARLAND Jack Paar Show Robert Goulet BEST QUALITY Judy's very first talk show appearance. *YouTube* [Internett], 12. desember, 2015. Tilgjengeleg frå: <https://www.youtube.com/watch?v=L5vDFFiU_Os> [Lest 29.11.2017]

Strand, Kurt (2012) *Interview for journalister: Spørgeteknik, skarpvinkling og struktur*. 2. utg. København: DR.

Strande, Linda Christine (2013) *Kongen og dronningen av norske talkshow – En sammenlignende analyse av Skavlan og Lindmo* [masteroppgåve]. Universitetet i Bergen.

Strause, Jackie (2017) 'GLOW' Star Marc Maron on Playing a "Redeemable Asshole". *The Hollywood Reporter* [Internett], 6. juli, 2017. Tilgjengeleg frå: <<https://www.hollywoodreporter.com/live-feed/glow-star-marc-maron-netflix-wrestling-series-potential-season-2-1019120>> [Lest 30.11.2017]

Tannenbaum, Rob og Marks, Craig (2015) The 32 Greatest Talk-Show Hosts Ever, Ranked. *Vulture* [Internett], 8. september, 2015. Tilgjengeleg frå: <<http://www.vulture.com/2015/09/32-greatest-talk-show-hosts-ever-ranked.html>> [Lest 29.11.2017]

Techler, Graham (2017) The 25 Best WTF with Marc Maron Episodes. *Paste Magazine* [Internett], 13. juni, 2017. Tilgjengeleg frå: <<https://www.pastemagazine.com/articles/2017/06/the-25-best-wtf-with-marc-maron-episodes.html>> [Lest 29.11.2017]

Timberg, Bernard M. & Erler, Robert J. (2002) *Television Talk: A History of the TV Talk Show* Texas, University of Texas Press

Vagle, Wenche, Sandvik, Margareth og Svennevig, Jan (1994) *Tekst og kontekst: En innføring i tekstlingvistikk og pragmatikk*. Bergen: Cappelen Akademisk Forlag.

Welch, Alex (2017) Late-night ratings, Oct. 30-Nov. 3, 2017: 'Late Night' ticks up, 'Late Show' dips. *TV By The Numbers* [Internett], 7. november, 2017. Tilgjengeleg frå: <<http://tvbythenumbers.zap2it.com/weekly-ratings/late-night-ratings-oct-30-nov-3-2017/>> [Lest 30.11.2017]

WTF with Marc Maron (2015a) *WTF Episode Guide* [Internett], WTF with Marc Maron. Tilgjengeleg frå: <<http://www.wtfpod.com/GUIDE>> [Lest 10. mai 2015]

Yaffe, Philip (2011) The 7% rule. Fact, Fiction, or Misunderstanding. *Ubiquity* [Internett], oktober, 2011. Tilgjengeleg frå: <<http://ubiquity.acm.org/article.cfm?id=2043156>> [Lest 29.11.2017]

Y Press (2009) Anatomy of a Question: John Sawatsky part 1. *Vimeo* [Internett], 2009. Tilgjengeleg frå: <<https://vimeo.com/7726310>> [Lest 29.11.2017]

Østbye, Helge, Helland, Knut, Knapskog, Karl og Larsen, Leif Ove (2007) *Metodebok for mediefag*. 3. utg. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Østlyngen, Trine og Øvrebø, Turid (2008) *Journalistikk: Metode og fag*. 2. utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

WTF with Marc Maron-episodar brukt i oppgåva

WTF with Marc Maron (2009) *Episode 12 – Nick Kroll* [Podkast], 12.10.2009. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_12_nick_kroll?rq=nick%20kroll> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2010a) *Episode 67 – Robin Williams* [Podkast], 26.04.2010. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_67_robin_williams?rq=robin%20williams> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2010b) *Episode 75 – Carlos Mencia* [Podkast], 24.05.2010. Tilgjengeleg frå:

<http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_75_carlos_mencia?rq=carlos%20mencia> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2014a) *Louis C.K from 2010* [Podkast], 14.12.2010. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/louis_c.k._from_2010?rq=louis%20c.k.> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2011a) *Episode 144 – Patton Oswalt* [Podkast], 27.01.2011. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_144_-_patton_oswalt?rq=patton%20oswalt> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2011b) *Episode 145 – Gallagher* [Podkast], 31.01.2011. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_145_-_gallagher?rq=gallagher> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2011c) *Episode 190 – Todd Hanson* [Podkast], 07.07.2011. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_190_-_todd_hanson?rq=todd%20hanson> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2012) *Episode 245 – Todd Glass* [Podkast], 16.01.2012. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_245_-_todd_glass?rq=todd%20glass> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2014b) *Episode 502 – Chris Cornell* [Podkast], 02.06.2014. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_502_-_chris_cornell?rq=chris%20cornell> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2015b) *Episode 613 – President Barack Obama* [Podkast], 22.06.2015. Tilgjengeleg frå: <http://www.wtfpod.com/podcast/episodes/episode_613_-_president_barack_obama?rq=barack%20obama> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2017a) *Episode 796 – Reza Aslan* [Podkast], 23.03.2017. Tilgjengeleg frå: <<http://www.wtfpod.com/podcast/episode-796-reza-aslan?rq=reza>> [Lest 29.11.2017]

WTF with Marc Maron (2017b) *Episode 857 – Willem Dafoe* [Podkast], 23.10.2017.

Tilgjengeleg frå: <<http://www.wtfpod.com/podcast/episode-857-willem-dafoe?rq=willem%20dafoe>> [Lest 29.11.2017]

Vedlegg

Vedlegg 1: Samla oversikt over podkaster som har blitt nemnt i oppgåva. Dei fleste av podkastane er tilgjengelege på andre plattformer enn den som er vist til her.

Podkast	Nettstad / publiseringsplattform
Bertcast	http://bertcast.com/
Comedy Bang Bang: The Podcast	http://www.earwolf.com/show/comedy-bang-bang/
Doug Loves Movies	http://douglovesmovies.com/
How Did This Get Made?	http://www.earwolf.com/show/how-did-this-get-made/
JRE Podcast	http://podcasts.joerogan.net/
Judge John Hodgman	http://www.maximumfun.org/shows/judge-john-hodgman
Never Not Funny: The Jimmy Pardo Podcast	http://www.pardcast.com/
The Adam Carolla Show	http://adamcarolla.com/
The Church of What's Happening Now: With Joey Coco Diaz	http://thechurchofwhatshappeningnow.libsyn.com/
The Handsome Rambler	http://hannibalburess.com/podcast/
The Jim Jeffries Show Podcast	https://art19.com/shows/the-jim-jefferies-show-podcast
The Nerdist Podcast	https://nerdist.com/podcasts/nerdist-podcast-channel/
WTF with Marc Maron	http://www.wtfpod.com/
You Made It Weird	https://nerdist.com/podcasts/you-made-it-weird-channel/